



Årsmelding 2016

Vindafjord kommune

Vedteken i kommunestyret K-sak 033/17

1. INNLEIING	3
2. ORGANISERING	4
2.1 Administrativ organisering	4
2.2 Politisk organisering	5
2.3 Oversikt politiske saker og møter	5
2.4 Overordna planverk	8
2.5 Kommuneøkonomi	9
3. VISJON, MÅL OG STRATEGIAR	15
3.1 Visjon og overordna mål	15
3.2 Overordna mål	15
3.3 Resultatmål	17
3.4 Strategiområde	17
3.4.1 Økonomi og styring	17
3.4.2 Brukarar og tenestekvalitet	18
3.4.3 Samfunn og miljø	19
3.4.4 Medarbeidarskap og arbeidsmiljø	23
4. INVESTERINGAR	25
5. RESULTATVURDERING RAMMEOMRÅDA	34
5.1 Rammeområde administrasjon og fellesdrift	34
5.1.1 Resultat rammeområde	34
5.1.2 Politisk styring	35
5.1.3 Administrasjon og forvaltning	35
5.1.4 Kyrkja	36
5.2 Rammeområde oppvekst og kultur	36
5.2.1 Resultat rammeområde	36
5.2.2 Barnehage	38
5.2.3 Grunnskule	42
5.2.4 Skulefritidsordninga	46
5.2.5 Vaksenopplæringa	46
5.2.6 PPT	48
5.2.7 Kultur	50
5.3 Rammeområde Helse og sosialomsorg	53
5.3.1 Resultat rammeområde	53
5.3.2 Barnevernstenesta	54
5.3.3 Helse og psykiatritenester	55
5.3.4 Tilrettelagde tenester	60
5.3.5 Pleie og omsorgstenester	61
5.3.6 NAV - kommunal del	64
5.4 Rammeområde forsyningsverksemdar	66
5.4.1 Resultat rammeområde	66
5.4.2 Areal og forvaltning	67
5.4.3 Kommunaltekniske tenester	68
5.4.4 Reinhald	72
5.4.5 Brann og Redning	73
6. VEDLEGG	76
Finansielle nøkkeltal	

Bilete framside:—Høgtideleg opning av 'Familiens hus'/ombygd rådhus.

Illustrasjon andre omslagsside: Vindafjord kommune hadde 10 årsjubileum i 2016



1. Innleiing

1. INNLEIING

Etter mange år med økonomisk gode tider snudde utviklinga for kommunen i 2014. Driftsåret 2015 blei det første året med negativt driftsresultat. Endringane i inntektssystem og lågare stakkenivå som følge av lågare aktivitet i næringslivet, har ført til dårlegare rammevilkår for kommunen. Skattenivået ligg no rett under gjennomsnittskommunen, med om lag 97%.

I 2016 har kommunen likevel eit positivt resultat. Dette er oppnådd trass i strame rammer og krevjande utfordringar. Varsla meirforbruk ved tertialrapporteringar til kommunestyret er snudd til mindreforbruk. Det er fleire årsaker til dette som m.a låg rente, god avkasting på alternativ plassering av kapital, lågare pensjonskostnader enn forventa og god drift i einingane.

Drifta innan rammeområda går med eit svakt mindreforbruk, som i praksis er balanse i høve til budsjett. Trass i store utfordringar i enkelte tenestområde, har ein greidd å tilpasse drifta for å dekke inn meirforbruk. For dei fleste einingane er avvika mellom rekneskap og budsjett relativt små. Dette er svært positivt. Dei største utfordringane i drifta er innan rammeområdet for Helse og sosialomsorg. Det er ei vedvarande utvikling der kommunen har fleire alvorleg sjuke enn før, og fleire med komplekse utfordringar. Fleire pasientar på institusjon og i heimetenestene treng meir hjelp og meir spesialisert hjelp.

Innan oppvekstområdet er det ei positiv utvikling med forbetra læringsresultat, særleg på ungdomstrinnet. Det vert arbeidd målretta med kvalitetsutvikling i skule og barnehage med fokus på tidleg innsats. Alle dei kommunale tenestområda er skildra i årsmeldinga. Alle vedtekne tiltak er kommentert og resultatane vurdert innan kvar teneste. Årsmeldinga for 2016 er på 80 sider og tar utgangspunkt i budsjettet for året. Strukturen er for det meste lik budsjettokumentet, for å gjera det lettare å vurdere resultatet for året opp mot planane.

Sjukefråværet auka i 2015, men er no tilbake på nivået frå 2013/14 med 6,2 % totalfråvær. Sjølv om det er litt over målsettinga er det eit positivt resultat. Etne og Vindafjord er dei to kommunane på Haugalandet med lågast sjukefråvær i 2016.

Gjennom heile året har det vore arbeidd med kommunereforma i ulike fasar. Den regionale prosessen på Haugalandet førte fram mot eit alternativ for Vindafjord om å slå seg saman med Etne. Det vart gjennomført folkerøysting i september med bakgrunn i ein intensjonsavtale som vart forhandla fram nokre hektiske veker om våren. Kommunestyret vedtok i november at kommunen skal halde fram som eigen kommune. Ingen andre samanslåingsalternativ på Haugalandet førte fram til nye kommunegrenser.

Ølen 19. april 2016
Kristian Birkeland
Rådmann



2. Organisering

2.1 ADMINISTRATIV ORGANISERING


Lokalisering

Dei ulike tenesteeiningar i kommunen er spreidde i dei ulike bygdene og på mange hus. Kommunen har eit desentralisert skule- og barnehagetilbod. Kommunale administrasjonsbygg er det i Ølen og Sandeid. I februar 2016 tok ein i bruk nytt tilbygg til rådhuset i Ølen «Familiens hus». Tenester som tidlegare har vore lokalisert i andre bygg som barnevern, NAV og PPT flytta inn her. Kommunen fekk og kommunestyresal her. Tidlegare vart Ølen kulturhus nytta til kommunestyremøta.

Organisasjonsstruktur


Rådmannen, tre kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef utgjer kommunen si strategiske leiargruppe. Den eine kommunalsjefen har utvida rolle som samfunnsutviklar med særleg ansvar for kommuneutvikling og samhandling med næringsliv, grendelag og andre aktørar. Administrativt er kommuneorganisasjonen to-delt ved at dei ulike einingar er direkte underlagt rådmannsnivået. Organisasjonen har ein felles stab med overordna fellesoppgåver som økonomi, personal, ikt, servicetorg, arkiv og post.

Organisasjonskart pr. desember 2016



2.2 POLITISK ORGANISERING

Politisk organisering 2015—2019



Tabellane nedanfor syner partirepresentasjon i dei ulike utvala. (Talet på kvinner i parantes).

2015—2019

UTVAL	Ap	Sp	Krf	H	Frp	BB	SV	V	SUM	Prosent
Kommunestyret	3 (1)	10 (5)	3 (1)	3 (1)	2 (1)	1 (0)	1 (0)	2 (0)	25 (9)	36,0
Formannskapet	1 (0)	4 (2)	1 (0)	1 (0)	1 (1)	0 (0)	0 (0)	1 (0)	9 (3)	33,3
Utval for oppvekst og omsorg	1 (1)	3 (2)	1 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	1 (1)	0 (0)	7 (4)	57,1
Utval for drift, utvikling	1 (0)	2 (1)	1 (1)	1 (1)	0 (0)	1 (0)	0 (0)	1 (0)	7 (3)	42,9
Kontrollutvalet	2 (1)	1 (0)	0 (0)	1 (1)	0 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	5 (2)	40,0

BB = Bjoa Bygdeliste

2.3 OVERSIKT OVER POLITISKE SAKER OG MØTER

HANDSAMA SAKER I 2016

Kommunestyret (KS) - 7 møte
Formannskapet (FS) - 13 møte

Utval for oppvekst og omsorg (OPOM) - 8 møte
Utval for drift, utvikling og kultur (DUK) - 7 møte

	KS	FS	OPOM	DUK
Sakstypar	Tal saker	Tal saker	Tal saker	Tal saker
Faste saker	28	47	24	21
Kommuneplanar, kommunedelplanar	2	3		2
Reguleringsplanar	4	14		
Andre plansaker/klagesaker	1	4		9
Kontrollutvalssaker	2			
Økonomisaker og andre styringsdokument	13	11	8	6
Næringssaker (inkl. kommunalt næringsfond)	1	2		3
Interkommunalt samarbeid	4	2	3	1
Kommunalteknisk/brann	1	3		9



	KS	FS	OPOM	DUK
Skule/SFO	3		3	
Barnehage	3		2	
Kultur	1			2
NAV/Flyktningesaker	4		4	
Helse og omsorg	7	6	5	1
Sals- og skjenkesaker			26	
Valsaker	13	2		
Rutinar og organisering	2			
Uttalar/høyringar	1	9	0	5
Permisjonar	3			
Kommunereform	3	4		
SUM	94	107	75	56

Rådet for eldre og funksjonshemma – Utdrag frå årsmeldinga 2016

Rådet si samansetjing:

Medlemmer:

Kjartan Moe Hustvedt leiar
Olav Eikeland nestleiar
Ingrid Marvik
Erna Vanwulpen
Tore Haaland
Marianne Krog Lie
Monrad Berge

Varamedlemmer:

1. Svein Sæle

1. Olav Vagle
2. Margrethe Veim

1. Sølvi Eide Lunde
2. Gøril Frette

Rådet har hatt 7 møte og har handsama 20 saker pluss orienterings- og referatsaker.

4 av medlemmene i rådet og rådssekretæren har deltatt på kurset «Eldrerådet i arbeid» i Haugesund. Kurset vart arrangert av Fagakademiet.

Leiaren er rådet sin representant i den kulturelle spaserstokken.

Eldre og funksjonshemma har hatt tilbod om bading i bassenget ved Ølen skule både vår og haust. Frammøte minka noko utover hausten.

Vårfesten for eldre og funksjonshemma vart også i år arrangert på Kyrkjjetunet. Deltakinga var mindre enn tidlegare år. Funksjonshemma er så og seia ikkje representerte på festen. Rådet har vedtatt å vurdera innkomne innspel i samband med planlegging av neste vårfest.

Den internasjonale eldredagen 1. oktober, som også i år vart planlagt arrangert på Kyrkjjetunet, vart av ulike grunnar avlyst.

Rådet har bedt administrasjonen sjå på om det er alternative måtar å organisera ei markering av eldredagen på.

Rådet fekk etter søknad til Kommunal- og moderniseringsdepartementet kr 60.000 i tilskot til datakurs for eldre og funksjonshemma til «kompetansetiltak for å styrke grunnleggende digitale ferdigheter». Kurset starta opp i november med 26 deltakarar og vil verta fullført i 2017

Kontrollutvalet – Utdrag frå årsmeldinga 2016

Kontrollutvalet si samansetjing:

Medlemmer:

Nils Terje Oma (Ap), leiar
Johannes Vestbø (Sp), nestleiar
Marit Aga Hustvedt (Ap)
Gunn Haraldseid (H)
Kristian Haraldson Rasset (BBL)

Varamedlemmer:

1. Anne Tone Salte Andersen (H)
2. Oddvar Haugland (Krf)
3. Anja Mballow (Sp)
4. Margrethe Veim (Frp)
5. Arnfinn Øverland (Ap)

Johannes Vestbø er fast medlem av kommunestyret og Kristian Haraldson Rasset er varamedlem.

Kontrollutvalet har hatt 4 møte.

Møta er opne i tråd med kontrollutvalet sitt reglement og lovendring frå 01.07.13.

Kontrollutvalet har handsama 22 saker. Av desse vart 7 saker sendt til kommunestyret. 32 saker har blitt lagt fram til orientering.

Nils Terje Oma og Kristian Haraldson Resset deltok på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen. Nils Terje Oma deltok på fagkonferansen i regi av FKT på Gardermoen og på haustkonferansen til Forum for kontroll i Rogaland i Sandnes.

Handsama saker gjennom året (bortsett frå referat- og orienteringssaker):

- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Teknisk sektor»
- Årsmelding for kontrollutvalet 2015
- Vindafjord kommune – uttale til rekneskapen for 2015
- Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
- Plan for selskapskontroll 2016-2020
- Oppfølging av rapport – selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland næringspark AS
- Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- Kontroll og tilsyn – budsjett for 2017 – utvalet sitt framlegg
- Revisor si egenerklæring for 2016
- Revisjonsplan for rekneskapsåret 2016
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Barnevernet»
- Orientering om framlegget til budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020
- Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Samhandlingsreforma»
- Framlegg til møteplan for 2017

Oppsummering:

Aktiviteten i 2016 har vore som planlagt. Ny overordna analyse for forvaltningsrevisjon og for selskapskontroll blei utarbeidd i samarbeid med revisor. Utvalet har utarbeidd og innstilt til kommunestyret om ny plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 og ny plan for selskapskontroll 2016-2020. Tre tidlegare revisjonsrapportar har blitt følgd opp, og det er bestilt ein ny rapport om «Samhandlingsreforma» for levering i 2017. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.



Rådmann Kristian Birkeland testar at alt er klart til første kommunestyremøte i ny kommunestyresal.

2.4 OVERORDNA PLANVERK

Samfunnsdelen

Gjeldande kommuneplan (samfunnsdelen er frå 2006). Planperioden er 2007 til 2018. Kommuneplanen tek føre seg kommunen si rolle som tenesteproducent og samfunnsutviklar, og set mål for ulike område i planperioden. Måla dannar grunnlag for strategiar og tiltak i økonomiplan og årsbudsjett.

Arealdelen

Kommuneplanen sin arealdel er frå 2011 og er for planperioden 2011 – 2021. Arealdelen består av ein kartdel som viser disponering av kommunen sine areal med føresegnar og retningslinjer, og ein utfyllande tekstdel (planskildringa) med konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse. Kommuneplanen dannar grunnlag for all arealdisponering i kommunen.

Rullering av planverket

I planstrategien, som kommunestyret handsama hausten 2012, vart det lagt opp til at kommuneplanen blir revidert i inneverande kommunestyreperiode. Framlegg til ny kommuneplan (høyringsutkast) vart lagt fram for politisk handsaming i formannskapet 09.02.16, sak 009/16. Arbeidet skal slutførast 2017.

Planstrategi

I oktober 2012 godkjende kommunestyret framlegg til Planstrategi for 2012-15. Om kravet til utarbeiding av planstrategi står det følgjande

”Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.”

Denne planstrategien dannar grunnlaget for den pågåande rulleringa av kommuneplanen. Kommunestyret vedtok ny planstrategi i desember 2016. Denne tar stilling til neste revisjon av kommuneplanen, som vil starta opp hausten 2017.

2.5 KOMMUNEØKONOMI – RESULTAT 2016

Rekneskapsanalysen skal gi uttrykk for korleis kommunen si økonomiske stode er på balansedagen, og korleis denne har utvikla seg gjennom året. Ein kan også samanlikna med tidlegare år for å sjå utviklinga over tid. Som referanse kan ein nytta andre kommunar eller kommunegrupper. I denne analysen har me valt å samanlikna kommunen med KOSTRA gruppe 11, Rogalandskommunane og landet utanom Oslo.

Alle kommunane i landet er delt inn i KOSTRA grupper, basert på kriterium som gjer at dei har ein del fellestrekk. Vindafjord kommune er i gruppe 11, og det er difor naturleg å bruka denne gruppa som referanse i KOSTRA samanheng.

Rekneskapsanalysen skal vera med å danna grunnlag for det vidare økonomiske planleggingsarbeidet. Når det gjeld Kostra-tal, har me valt ut ein del sentrale statistikkar. På www.ssb.no/kostra finst det eit utal statistikkar som også kan nyttast til dette formålet. KOSTRA-tala i denne analysen er henta frå SSB si første ureviderte publisering, datert 15. mars 2017. Endelege reviderte tal blir publisert 15. juni 2017 og kan innehalda avvik i høve til det.

Økonomisk resultat

Det rekneskapsmessige resultatet er gjort opp med eit mindreforbruk på kr 3 317 021,95. Resultatet er betre enn det som var varsla i 2. tertialrapport.


Netto driftsresultat er på kr 1 962 730,47. I prosent av driftsinntektene utgjer det 0,28%. Rettleiande nivå er på 1,75%. Netto driftsresultat viser kor stor del av dei løpande inntektene som går med til å dekkja dei løpande utgiftene. Eit positivt netto driftsresultat viser at det er økonomi til å delfinansiera investeringar.

Spesielt for 2016 er at det har vore uvanleg høg utbetaling av forskottering. Dette skuldast ordninga med forskottering av spelemidlar. Det er utbetalt nær 11 mill kroner til dette formålet, finansiering med fondsmidlar. Dette påverkar netto driftsresultat. Dersom ein ser bort frå dette, ville netto driftsresultat vore på om lag 1,8%, og såleis i tråd med eiga målsetjing. I 2015 var situasjonen motsett, ved at ein mottok eit uvanleg stort tilskot til spelemiddelordninga, som blei avsett til fond. Dette bidrog til eit sterkare resultat enn ein elles ville hatt. Over tid vil målalet gi uttrykk for den økonomiske stoda til kommunen, sjølv om det kan vera til dels store variasjoner frå år til år. Dette er ein svakheit ved målalet.

Samsvaret mellom opprinneleg budsjett og rekneskapsstal har vore betre dei tre siste åra. Dette skuldast at ein har truffe betre med budsjetteringa, men også at det har vore meir «normale» tider. I perioden 2008-2013 hadde kommunen uvanleg store skatteinntekter, noko som var ei av hovudårsakene til at rekneskapsresultata var vesentleg betre enn budsjett.




Netto driftsresultat



Det totale resultatet innan rammeområda viser eit avvik frå budsjett på kr 742 534 i mindreforbruk. Dette tilsvarar 0,1%, og er godt innafor det ein aksepterer som avvik. Innafor dei ulike rammeområda er avvika til dels store, særleg innan dei to store rammeområda. Dei tre siste åra har det vore eit meirforbruk innan Helse- og sosialomsorg, medan

Samanlikning 2014-2016

Avvik frå budsjett



Oppvekst og kultur har hatt mindreforbruk. Ein stor del av mindreforbruket skuldast lågare utgifter til skyss og tilskotsmidlar til lag og organisasjonar. Meirforbruket er knytta til pleie og omsorg, Nav og barnevern. Drifta innan dei ulike rammeområda er nærare omtalt under hovudkapitel 5.

Innan finansområdet har det samla sett vore større inntekter enn budsjett. Totalt sett utgjer dette kr 2 574 400. Hovudårsaka er knytta til avkastning på plassering av midlar i finansielle papir. Bokført avkastning er om lag 5 mill kroner høgare enn budsjett. Dette har vore med å dekkja opp om sviaktande skatteinntekter.

Økonomisk styring

Ein vurderer at den økonomiske styringa er god. I tillegg til tertialrapportering til politisk nivå to gonger i året,



rapporterer alle einingar internt til Rådmannen minimum annankvar måned. Einingar med særskilte utfordringar blir følgt opp på månedleg basis. Dei fleste einingane har resultat i samsvar med budsjett, medan nokre einingar har relativt store avvik. Desse blir følgt særskilt opp. Ei utfordring for kommunal drift er at tenestebehovet fort kan endra seg innan enkelte tenesteområde. Dette gjeld særleg ein-til-ein tenester, gjerne i kombinasjon med rettar heimla i lov eller forskrift.


På den overordna inntektssida er det ei utfordring å budsjettera med eit rettast mogeleg nivå på rammeoverføringane. Kommunen baserer seg på tal gitt av sentrale styresmakter. Det er til ei viss grad rom for at kommunen kan gjera andre vurderingar, men då må argumenta vera gode. Ein kan t.d. leggja inn andre føresetnader for lokal skatteinn- gang. Dette fordrar at ein har føresetnader for å kunna vurdere lokale tilhøve opp mot nasjonale, og gi eit kvalifisert anslag på korleis dette ville slå ut i kommunen sine budsjett. Så langt har ein vurdert at det statlege apparatet har meir kompetanse på dette enn det me har lokalt. Dei fleste kommunar gjer same vurdering.

Inntekter og utgifter

Vindafjord kommune sine samla driftsinntekter var i 2016 på kr 669 928 553. Dette er om lag 37 mill. kr høgare enn året før. Veksten skuldast hovudsakleg at det er lagt inn vekstfaktor i inntektssystemet til dekning av løns- og prisvekst. Andre faktorar er auke i tilskotsmidlar som t.d. introduksjonstilskot for busetjing av flyktningar, spelemidlar til vidare- fordeling og nav-refusjonar. I figuren under ser ein fordelinga av desse inntektene. Overføringane frå staten, i form av rammetilskot og skatteinntekter, utgjer hovuddelen av inntektene (om lag 71%). Overføringar med krav til motytting, som t.d. statstilskot og refusjonar utgjer om lag 14%, medan andre sals- og leieinntekter utgjer 6%. Inntekter frå eige- domsskatt utgjer om lag 2%, brukarbetalingar 4% og andre statlege og fylkeskommunale overføringar 3%.

I høve til 2015 er det lite endring i samansetninga av dei ulike inntektsgruppene. Andelen rammetilskot er 1%-poeng lågare medan eigedomsskatten utgjer 1%-poeng mindre og burkarbetalingane utgjer 1% -poeng meir.


Som ein del av økonomistyringa er det viktig å sjå på kommunen sitt inntekspotensiale. Sjølv om ein har avgrensa påverknad i høve til storparten av inntektene, er det eit handlingsrom i høve til å kunna auka inntektene på enkelte område.



På utgiftsida er dei kommunale driftsutgiftene i 2016 på kr 704 876 077, ein auke på 35 mill. kr i høve til året før. Samanhalde med driftsinntektene gir dette eit negativt brutto driftsresultat på kr 4 947 524, eller -0,7%. Dersom ein hadde tatt høgde for at det er utbetalt nær 11 mill i forskottering av spelemidlar, ville brutto driftsresultatet vore vesentleg betre.


Hovuddelen av kommunen sine driftsutgifter er relatert til løn og sosiale utgifter. Dette utgjer til saman om lag 69% av utgiftene. Dei øvrige utgiftene er knytt til kjøp av varer og tenester (21%), overføringar som t.d. tilskot (7%), og avskrivningar 3%. I høve til 2015 er det ein nedgang i andelen lønsutgifter med 2 %-poeng, medan det er ein auke i overføringar og varekjøp med 1 %-poeng for kvar utgiftstype.

Driftsutgifter



Figuren under viser netto driftsutgifter pr. rammeområde dei to siste åra. Det går mest ressursar til dei to store rammeområda Oppvekst og kultur og Helse og sosialomsorg, med høvesvis 41,4% og 39,3% i 2016. Dei to øvrige rammeområda, Administrasjon og fellesdrift og Forvaltning, drift og utvikling, står for høvesvis 10,5% og 8,7%. Nivåa er relativt like frå år til år.


Netto driftsutgifter pr. rammeområde




Gjeld og egenkapital

Figuren viser fordelinga mellom gjeld og eigenkapital i kommunen. Storparten av «kaka» er pensjonsforpliktingar, som utgjer 48%. Dette er 2%-poeng høgare enn året før. Lånedelen utgjer 25% som i fjor. Den kortsiktige gjelda utgjer 7% mot 6% i 2015.

Eigenkapitalen utgjer 12% som er 1 %-poeng lågare enn i fjor. Fondsdelen er uendra med ein andel på 9%. Saman-setninga av gjeld og eigenkapital er relativt lik målt mot fjoråret.




Den langsiktige gjelda målt i prosent av brutto driftsinntekter viser ein svak auke frå 186,6 til 190,5 prosent for Vindafjord kommune. Både Kommunegruppe 11, Rogaland og Landet utan Oslo har har ein svak nedgang. Ser ein på langsiktig gjeld utan pensjonsforpliktingane, ser ein at tala er relativt stabile. Vindafjord har hatt ein svak auke på 0,6 %-poeng. Tala for Kommunegruppe 11 og Rogaland viser også ein svak auke, medan Landet utan Oslo viser nedgang. I høve til både Kostragruppe 11, Rogaland og Landet utan Oslo, ligg Vindafjord kommune relativt lågt på dette måle-talet.



Kjelde: www.ssb.no/kostra. Ureviderte tal pr. 15. mars 2017

Ser ein på netto lånegjeld, er bildet om lag likt. Netto lånegjeld viser langsiktig lånegjeld med frådrag av pensjonsforpliktingar, unytta lånemidlar og totale utlån. Det er anbefalt at dette nivået ikkje bør vera vesentleg høgare enn 60%.




Vindafjord kommune har investert mykje dei siste åra. Store driftsoverskot frå tidlegare år er avsett og blir brukt til investeringsformål. Dette medfører lågare låneopptak. Vindafjord har også relativt kort nedbetalingstid på lån. Samla bidreg dette til den svake veksten i lånegjeld.

Rente- og avdragsbelastninga dei siste 4 åra har samla sett vore relativt stabil. Avdragsutgiftene har vokse som følge av aukande låneopptak, medan renteutgiftene har gått ned som følge av lågare rentenivå. Avdragsutgiftene er vesentleg høgare enn renteutgiftene, noko som er positivt.

Kommunen har dei siste åra nytt godt av låge rentenivå. Det vert ført ein meir aktiv politikk i høve til å oppnå mest mogleg gunstige rentevilkår. Dette har medført hyppigare refinansieringar med kortare tidshorisont på låna. Dette medfører ein refinansieringsrisiko, men den blir vurdert til å vera relativt liten. Gjeldsforvaltninga er i tråd med vedteke finansreglement, og blir rapport til politisk nivå tre gonger pr. år.

Prognose på Norges Bank si styringsrente viser ein svak vekst frå 2019, men ingen vesentleg endring er venta dei komande åra. Det er likevel viktig å ta omsyn til at rentenivået før eller seinare vil gå opp. Ein slik auke vil måtta bli dekkja innfor samla driftsrammer. Rente er ikkje del av inntektssystemet.

Rentedekningsgraden er på 1,24, ein auke på 0,46 frå året før. Denne gir uttrykk for kor sårbart netto driftsresultat er i høve til svingningar i renteutgiftene. Talet bør vera høgast mogleg over 1.



Konklusjon

Vindafjord kommune har i 2016 eit positivt økonomisk resultat. Dette er oppnådd trass i strame rammer og krevjande utfordringar. Varsla meirforbruk ved tertialrapporteringar til Kommunestyret er snudd til mindreforbruk. Dette er positivt.

Endringane i inntektssystemet har bidratt til dårlegare rammevilkår for Vindafjord. Generelt er skattenivået lågare som følge av lågare aktivitet i næringslivet, både lokalt og nasjonalt. Skattenivået ligg no rett under gjennomsnittskommunen, med om lag 97%. Det låge rentenivået bidreg til lågare finansutgifter enn normalt. Rentenivået har ein liten innverknad på, men det er viktig å ha eit nivå på rente- og avdragsbelastning som kan handterast. Lånebelastinga i Vindafjord er lågare enn for dei me samanliknar oss med, og er eit positivt trekk ved økonomien. I 2016 har avkastninga på alternativ plassering av kapital vore svært god, og bidratt til positivt resultat.

Drifta innan rammeområda går med eit svakt mindreforbruk, som i praksis er balanse i høve til budsjett. Trass i store utfordringar i enkelte tenestområde, har ein greidd å tilpassa drifta for å dekkja inn meirforbruk. Det er også ein del uforutsette faktorar som spelar inn, som t.d. at det er budsjettert med meir løns- og pensjonsvekst enn venta. Lojaliteten til budsjetterte rammer er framleis stor. For dei fleste einingane er avvika mellom rekneskap og budsjett relativt små. Dette er svært positivt. Dei største utfordringane i drifta er innan rammeområdet for Helse og sosialomsorg. Tenesteområda pleie og omsorg, tilrettelagde tenester, økonomisk sosialhjelp og barnevern har hatt størst utfordringar i så måte. Dei andre rammeområda viser balanse eller mindreforbruk, sjølv om det er variasjonar innad i desse. Særleg rammeområdet for Oppvekst og kultur har mindreforbruk. Dette skuldast hovudsakleg tenesteområda skuleskyss og kultur.

Ved politisk rapportering etter 1. tertial blei det gjort tilpasningar til endra rammevilkår. Reduserte overføringar via inntektssystemet blei hovudsakleg dekkja av reduserte løns- og pensjonsutgifter. Ein auke i inntektene knytt til ressurskrevande tenester gjorde at ein kunne styrka t.d. pleie og omsorg, tilrettelagde tenester og økonomisk sosialhjelp.

Ein har system for oppfølging av økonomien gjennom året. Dei områda som har avvik frå budsjett, er følgt opp særskilt gjennom året. Desse blir også følgt opp vidare.

I vedlegg til årsmelding følgjer desse tabellane:

- finansielle nøkkeltal, økonomisk oversyn over drifta og netto drift pr. eining



Klart for første formannskapsmøte i nye lokale

Foto: Vindafjord kommune

3. Visjon, mål og strategiar

3.1 VISJON OG OVERORDNA MÅL

”Vindafjord kommune – **VITAL OG SENTRAL**” er kommunen sitt slagord, og er godt dekkande for kommunen si overordna målsetjing som **livskraftig distriktkommune** på Indre Haugalandet. Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgrepa trivsel, handlekraft og levande bygder.

I ordet **VITAL** ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg i framtida. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val. I ordet **vital** ligg og at ein skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nytta den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggjarane. Kommunen skal vera stadig på leit etter betre løysingar for innbyggjarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene.

Ordet **SENTRAL** femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for Indre Haugalandet. Det er forpliktande i høve til utvikling av Ølen sentrum og å leggja til rette for næringsutvikling og vekst. Det er og ei målsetjing at kommunen er sentral i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablera seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

3.2 OVERORDNA MÅL

Følgjande overordna mål støtter opp under visjonen om å vera ein ”Vital og Sentral kommune”

- Den kommunale tenesteytinga skal vera prega av høg kvalitet og respekt for den einskilde. Tenestetilbodet skal bidra til at den einskilde opplever meistring av eigen kvardag og eige liv.
- Arbeidsmiljøet i Vindafjord kommune skal vera prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
- Vindafjord kommune skal vera i framkant av utviklinga. Innovasjon, samhandling og endringskompetanse skal prege organisasjonen og tenesteutviklinga. I dette ligg og det å ta vare på og vidareutvikla god praksis.
- Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.
- Vindafjord kommune skal ta ei sentral rolle i utviklinga av den indre delen av Haugalandet, med Ølen som eit naturleg senter.

3.3 RESULTATMÅL

I samband med utarbeiding av budsjettet for 2012 vart det utvikla eit styringssystem med resultatmål for sentrale innsatsområde i kommunen. Dette målekartet er vidareutvikla gjennom budsjettprosessane dei siste åra.

Det er sett konkrete mål innan dei sentrale satsingsområda

- Økonomi og styring
- Brukarar og tenestekvalitet
- Samfunnsutvikling og miljø
- Medarbeidar og arbeidsmiljø

Utover dette er det sett opp andre arbeidsmål, strategiar og tiltak for 2015 og økonomiplanperioden innan dei ulike satsingsområde (Kapittel 3.3 til 3.6) og innan kvart tenesteområde (Kapittel 5)

	Hovudmål	Indikator	Målemetode	Resultat sist måling	Mål	Resultat 2016
Økonomi	Sunn kommune-økonomi	Netto driftsresultat	Økonomi-system %	-0,31%	1,75 %	0,28%
		Likviditetsgrad (<i>kommunen si evne til å dekke kortsiktige forpliktingar</i>)	Økonomi-system %	2,50	>1	2,52%
		Eigenkapitalprosent (<i>eigenkapitalfinansiering av egedelar</i>)	Økonomi-system %	23,10%	>20%	21,43%
		Rentedekningsgrad (<i>følsomhet i forhold til renteendringar</i>)	Økonomi-system %	0,78	>1	1,24%
	God økonomi-styring	Avvik i forhold til budsjett – samla for drifta (<i>- betyr underforbruk</i>)	Økonomi-system %	0,16%	0	0,15
		Avvik i forhold til budsjett – nivå i den enkelte eining	Økonomi-system %	-0,90%	0	-0,57



Målområde	Hovudmål	Indikator	Målemetode	Resultat sist måling	Mål	Resultat 2016
Brukarar og tenestekvalitet	Opplevd kvalitet	Andel brukarar som uttrykker at dei alt i alt er nøgd med tenestene	Betrekommune. %	91% 1)	90%	Sjå tab Kap. 3.4.2
	God trivsel	Elevar som trivst bra, passe bra. Barnetrinn / Ungdomstrinn	Kommunal trivselsundersøking	99% 98%	100%	98,6% -
Skule	Gode læringsresultat på barnetrinnet	Etter 4. trinn (snitt 50) Etter 7 trinn (snitt 50)	Nasjprøv.	48,3 49	50	48,3 49
	Gode læringsresultat på ungdomstrinnet	Vindafjordelevar i forhold til nasjonalt gjennomsnitt på skriftleg eksamen	Eksamen norsk h/s matm. engelsk	0,97	1	1
Barnehage	God lærerfagkompetanse	Lærarar skal ha godkjent kompetanse i faga dei underviser i.	Dispensasjonssøknad Jfr forskr	54	0 disp. i faste stillingar	35
	God dekning	Andel barn med rett til plass som får ønsket/førsteønsket sitt	Opptak	97%	over 97%	96,5%
Kultur	God fagkompetanse	Pedagogiske leiarar med utdanning, i kommunale barnehagar	Disp søknad	3	0	3
	Tilbod til barn og unge	Andel elevar i musikk- og kulturskule i % av tal barn i alderen 6-15 år	KOSTRA	18,8%	>20%	21,2
NAV	Fremja leselyst	Utlån alle medier frå folkebibliotek	KOSTRA Utlån / innb.	3	> 4	3,1
	Flest moglege i arbeid/ aktivitet	Gjennomsnittleg stønadslengde sosialtenester	KOSTRA (Månader)	2,9	< 4	3,8
		Tal personar i kvalifiseringsprogramet	NAV statistikk	4	12	5

Målområde	Hovudmål	Indikator	Målemetode	Resultat sist måling	Mål	Resultat 2016
Pleie og omsorg	Utskrivingsklare pasientar	Betaling for utskrivingsklare pasientar i sjukehus	Rekneskap	96 514	<200 000	157 932
Barnevern	Rett hjelp til rett tid	Undersøkingar gjennomført innafor frist	FM-rapport	-	100 %	47,1 %
Areal og forvaltning	Effektiv og god saksbehandling	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, byggesak	KOSTRA (Dagar)	21	< 30	26
		Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, reg.plan	KOSTRA (Dagar)	255	< 300	48
Samfunn og miljø	Positiv folketalsutvikling	Netto folketilvekst	SSB - årsstatistikk	0,26 %	> + 1%	+0,46%
		Byggemelde bustader	Byggemelde bustader i kalenderåret	33	70	
		Fullføring vidaregåande skule	Statistikk frå fylke	75 %	75 %	80,4 %
	Flyktningar i arbeidslivet	Etter to år i introduksjonsprogram skal deltakarane vera kvalifisert for arbeid eller vidare skulegang	Statistikk frå IMDI	0%	55%	62,5%
	Miljø	Miljøsertifisering kommunale einingar	Tal sertifiseringar	0	0 i -16	0
		Energibruk kommunale bygg	kwh/m2	165	< 170 3)	160

1) Snitt for seks tenestoområde

Målområde	Hovudmål	Indikator	Målemetode	Resultat sist	Mål 2015	Resultat
Medarbeidarar og arbeidsmiljø	Helsefremjande arbeidsplass	Sjukefråvær	Lønssystem %	7,5%	< 6 %	6,2 %
	God jobbtrivsel	Andel tilsette som etter ei helskapsvurdering er nøgd med arbeidssituasjonen	Bedre-kommune. %	88,4%	> 90%	Ikkje målt6)
		Andel tilsette som er stolte over eigen arbeidsplass	Bedre-kommune. %	91,2%	> 91%	Ikkje målt6)
		Andel tilsette som er nøgd med samarbeid og trivsel med kollegaer på arbeidsplassen	Bedre-kommune. %	94,2%	> 93%	Ikkje målt6)
		Andel tilsette som er nøgd med tirettelegging for kompetanseutvikling	Bedre-kommune. %	80,4 %	> 75%	Ikkje målt6)

6) Ny undersøking («10-faktor») med andre indikatorar gjennomført i 2016.

3.4 STRATEGIOMRÅDE

3.4.1 ØKONOMI OG STYRING

Kostra-analyse

Det blei laga ei kostra-analyse i samband med oppstart av budsjettarbeidet for 2017. Denne blei brukt i budsjettseminaret for administrativ og politisk leiing i juni. Målet er å utvikla analysen, og bruka den meir aktivt i budsjettarbeidet i åra framover.

Finansreglement

Gjeldande finansreglement skal rullerast. Dette skal skje ein gong pr. kommunestyreperiode. Regjeringa har vedtatt ny finansforskrift med verknad frå 1.1.2017. Kommunen sitt finansreglement byggjer på dette. Kommunalt reglement vil bli lagt fram for politisk handsaming våren 2017.

Oppfølging av budsjett og politiske vedtak

Det er eit eige system for oppfølging av budsjettvedtak og andre politiske vedtak. Rapportering til politisk nivå skjer gjennom tertialrapportane og eigne oppfølgingslister som vert referert i dei politiske organa, sist i Kommunestyret i februar 2017.

Planstrategi

Det er lagt ned mykje arbeid i utarbeiding av ny planstrategi. Det vert lagt opp til færre overordna planar enn i sist periode og større vekt på økonomiplanen som kommuneplanen sin handlingsdel.

Status

Strategiar og tiltak 2016

1. Utvikla og vedta ny kommunal planstrategi
Planstrategien vart lagt ut til ofentleg ettersyn i september.
2. Rullera eksisterande delegeringsreglement
Arbeidet er starta opp og det vart lagt opp til orientering i formannskapet i oktobermøte og politisk sak i november/desember.
3. Utarbeida eigen kostra-analyse som grunnlag for vidare budsjettarbeid
Utført, med mål om forbetringar i analysen for komande år.
4. Rullera kommunalt finansreglement for perioden 2016-2019
Kjem som sak våren 2017.
5. Innkjøpsreglementet skal setjast lik dei nasjonale føringane til anbodsgrenserfor utlysing
Informasjon er gitt i organisasjonen.
6. I anbudsutlysingar skal det setjast krav til bruk av nynorsk
Informasjon er gitt i organisasjonen.



3.4 2 BRUKARAR OG TENESTEKVALITET

Interkommunalt samarbeid

Vindafjord har interkommunalt samarbeid på ei rekkje tenestekområde. Ein del vertskommunesamarbeid er med Etne. I andre er delar, eller heile Haugalandet involvert.

9 kommunar i regionen har i 2016 gjort positivt vedtak i saka om etablering av interkommunalt brannvesen for Haugalandet. Rådmennene arbeidar vidare med framlegg til selskapsavtale og eigarstrategi. Selskapsavtalen var klar for politisk behandling ved årsskifte. Eigarstrategien skal utarbeidast 1. halvår 2017.

Ved budsjettarbeidet hausten 2016 vart det og reist spørsmål om interkommunalt samarbeid på nye område som skatteoppkreving, landbruksforvaltning, barnevernsvakt og kommuneoverlegefunksjon.

Brukarundersøkingar

Gjennomførte brukarundersøkingar i 2016 (Eksklusiv skule)

Område	Svar %	Tal svar	Alt i alt – nøgd	Andel brukarar som er nøgd	Skala svar
Pleie- og omsorg, institusjon - bebuarar	53%	30	5,7	100%	1 - 6
Pleie- og omsorg, institusjon - pårørande	42%	24	4,4	72,7%	1 - 6
Psykisk helse – 18 år og eldre	29%	27	3,4	88,9%	1 - 4
Psykisk helse – under 18 år	11%	9	3,9	100%	1 - 4
Bibliotek	24%	44	5,1	95,5%	1 - 6

Det er og gjennomført to elevundersøkingar; trivselundersøking 3-7 trinn og statleg elevundersøking i 7-10 trinn. Resultata er kommentert under tenestene (kapittel 5).

Avvik og avvikshandtering

Avvik i forhold til forskrifter, reglar og interne rutinar vert registrert i kvalitetsstyringssystemet RISK. Statistikk for 2016 samanlikna med 2015:

	HMS				Eksterne klager				Informasjonssikkerheit			
	2015 Avvik	2015 Lukka	2016 Avvik	2016 Lukka	2015 Avvik	2015 Lukka	2016 Avvik	2016 Lukka	2015 Avvik	2015 Lukka	2016 Avvik	2016 Lukka
Rammeområde												
Administrasjon	1	1	1	1	0	0	0	0	0	0	3	3
Oppvekst	23	21	20	10	4	4	3	2	2	2	0	0
Helse og om-	78	71	49	34	10	9	2	0	4	4	6	4
Forvaltning	13	9	11	7	16	10	5	4	0	0	0	0

	Brann				Tenestekvalitet			
	2015 Avvik	2015 Lukka	2016 Avvik	2016 Lukka	2015 Avvik	2015 Lukka	2016 Avvik	2016 Lukka
Rammeområde								
Administrasjon	0	0	1	1	0	0	5	5
Oppvekst	3	3	2	2	28	25	31	28
Helse og omsorg	7	7	7	5	342	301	172	126
Forvaltning	6	3	1	0	25	21	13	12

Det er meldt 333 avvik gjennom avvikssystemet RISK i 2016. Det er ein markant nedgang i forhold til 2015. Då var det meldt 548 avvik. Størst er endringa innan Helse og omsorg. Største nedgangen her var på Vindafjordtunet med 90 færre avvik enn året før innan tenestekvalitet og 24 færre HMS-avvik. Innan barnevern er det meldt 1 avvik innan tenestekvalitet mot 35 året før. Av totalt melde avvik var 245 lukka ved årsskiftet.

Det vert viktig å analysa årsakene til nedgang i melde avvik og årsak til at ein større andel no ikkje er lukka.

- 3.4.2.1 Gjennomføra brukarundersøkingar i tråd med vedtatt plan.
 Det er gjennomført 7 brukarundersøkingar i 2016. To blant elevar i grunnskulen og 5 innanfor andre tenesteområde.


3.4.3 SAMFUNN OG MILJØ

Folketalsutvikling

Det har vore ei utflating av folketalet i kommunen. Dei tre siste åra har samla vekst vore på 0,93%. Tilsvarande var veksten frå 2011-2013 på 5,41%. Dette utgjer ei vesentleg endring.


I 2016 vaks folketalet med 0,46%. Dei siste 10 åra har samla vekst vore 8,84%, noko som gir ein gjennomsnittleg årsvekst på 0,88%. Vindafjord kommune har som målsetjing å ha ein årleg folkevekst på 1% eller meir, og ligg såleis noko under måltalet.

Folkeveksten i Vindafjord har vore stabil og svakt veksande i 2016. Størst var veksten i 2. kvartal. Samla folkevekst i 2016 var på 40 personar. I dette talet er det fødselsoverskot på 44 og netto utflytting på 4.



Figur 1: Utvikling i folketal frå 1.1.2007 til 1.1.2017

Folketalsutviklinga i 2016 i dei ulike bygdene viser at veksten har vore størst i Ølen. Deretter følgjer Vats og Skjold. Nedgangen er størst i Bjoa og Vikedal. Dei andre bygdene har hatt relativt stabilt folketal siste året. Ser ein på åra 2014-2016 har folkeveksten vore størst i Ølen og Skjold, medan Vikedal og Bjoa har hatt nedgang.



Figur 2 og 3: Endring i folketal i 2016 og 3-års perioden 2014-2016, fordelt på bygder.

Den samla folketalet i dei ulike bygdene viser at folketalet er størst i Ølen, med Skjold, Vats og Sandeid på dei etterfølgjande plassane. Det lågaste folketalet finn me i Imsland, med Bjoa og Vikebygd på dei neste plassane.


Folketalsutviklinga i 2016 fordelt på alder, viser størst vekst i aldersgruppa 67-79 år. Det er også svak vekst i aldersgruppene 16-19 år og 90+. Aldersgruppa 13-15 år viser nedgang, medan dei øvrige aldersgruppene viser liten endring.

Den alderssamansette folketalsutviklinga dei tre siste åra viser at veksten har vore størst i den yrkesaktive delen av befolkninga (20-66 år). Aldersgruppa 67-79 år viser også stor vekst. Dei lågaste aldersgruppene viser nedgang, særleg i aldersgruppene 6-12 år og 13-15 år. Dette er ei uheldig utvikling med tanke på framtidig folkevekst.




	01.01.13	01.01.14	01.01.15	01.01.16	01.01.17
Kommunen	8 615	8 747	8 765	8 788	8 828
Imsland	313	309	312	310	314
Vikedal	860	868	854	838	819
Sandeid	1 081	1 093	1 079	1 089	1 086
Vats	1 280	1 296	1 289	1 277	1 301
Skjold	1 415	1 461	1 503	1 515	1 532
Vikebygd	561	558	541	546	547
Bjoa	504	494	495	492	465
Ølensvåg	885	935	931	926	927
Ølen	1 695	1 699	1 723	1 749	1 791
Uoppgitt	21	34	38	46	46

Figur 4: Folketalsutvikling i dei ulike bygdene.



Figur 5: Folketal etter kjønn og alder



Figur 6: Endring i alderssamansett folketal i perioden 2014-2016
Fordelinga mellom menn og kvinner viser at det er ei svak overvekt av menn.

Folketal	0-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-66 år	67-79 år	80 år +	Sum
01.01.2014								
Menn	349	385	195	266	2 747	379	197	4 518
Kvinner	334	414	190	243	2 354	399	295	4 229
Sum	683	799	385	509	5 101	778	492	8 747
01.01.2015								
Menn	339	361	203	279	2 768	377	199	4 526
Kvinner	358	388	203	232	2 361	411	286	4 239
Sum	697	749	406	511	5 129	788	485	8 765
01.01.2016								
Menn	347	353	195	268	2 804	390	190	4 547
Kvinner	338	415	184	230	2 383	417	274	4 241
Sum	685	768	379	498	5 187	807	464	8 788

Figur 7: Folketal etter kjønn og alder, i åra 2014-2016.

Tomteutvikling

Tomtefeltet på Tinghaug i Vats er klargjort og Tomteselskapet sel tomter der. I Imsland har det ikkje vore vidare interesse for tomtene kommunen eig i Ølmedal. Det gjeld og dei tomtene som enno ikkje er utvikla der. Det er difor ikkje lagt ressursar ned i utviklinga av dei. I Vikedal vert det arbeidd med avklaringar med grunneigarar på Holmen. Kommunen bidreg med juridisk-, teknisk- og plankompetanse for å få til løysingar der. NVE brukte sommaren og hausten på å kartleggja rasfare i Søndenaufeltet, og rapport er venta i 2017. Kommunen har månadleg fast kontakt med tomteselskapet, i tillegg til kontinuerleg kontakt ved behov.

Ølen sentrum

Kommunen har hatt dialog med grendeutval og Ølen handel gjennom deltaking på utvalsmøte og i konkrete prosjekt som; utvikling av sentrumsnær turveg, ny kultur- og aktivitetspark, bygging av nye Kultur- og læringssenteret, utvikling og opning av gamle postvegen over Fikse.

Næringsutvikling

Planarbeidet på Nerheim er godt i gong og næringslivet, ved Fikse Næringsutvikling, Medvind næringshage og Tomteselskapet er med i referansegruppa knytta til utvikling av feltet. Knapphus trinn 2 er vedtatt, og salet av tomter held framder. Fatlandskogen er seld til Fatland. I framlegg til revidert kommuneplan er Nerheim peika på som topp prioritert område å utvikla no. Det har vore fleire interessentar for å etablere aktivitet på Dommersnes, men det har ikkje ført til anna aktivitet enn leige av kaiplass, og noko areal. Det er selt areal i øvste del av feltet.

Landbruket i Vindafjord er ein viktig grunnpilar i næringslivet, både som primærnærings og som grunnlag for anna næringsliv i kommunen. Produksjonen i landbruket er fortsatt høg i Vindafjord og held nivået til tross for at det har blitt nokre færre bruk. Det vert arbeidd kontinuerleg med tilrettelegging for utvikling av landbruksnæringsa.

Kommunalt næringsfond

Frå og med 2014 var det slutt på at Vindafjord kommune fekk tildelt statlege midlar til kommunalt næringsfond. Grunnen til dette er at Vindafjord kommune har gått ut av virkeområde for distriktsretta investeringsstøtte.

Pr. 01.01.16 stod det att kr 94.340 til disposisjon på kommunalt næringsfond.

I 2016 er det av denne summen utbetalt kr 13.375 til Medvind næringshage. Denne summen kjem i tillegg til tidlegare løyvde midlar til næringshagen.

Renter for 2016 er tilført fondet med i alt kr 4.065.

Saldo på kommunalt næringsfond pr. 31.12.16 er etter dette kr 85.030.

Denne summen, kr 85.030, vil verta nytta som del av tidlegare vedtatt løyving til Medvind næringshage i samsvar med inngått avtale om førstelineteneste og etablerarrettlegg.

Grendeutval

Det er dialog med grendeutvala frå fleire hald og nivå i kommunen. Deltaking på grendeutval har ikkje blitt gjennomført etter plan frå teknisk og må difor prioriterast høgt framover. Det har likevel vore deltaking og dialog med grendeutval i forhold til enkelte saker, og gjennom kommuneplanarbeidet. Kommunen gir støtte til drift av utvala, og til blomster og pynting. Utvala leverar møtereferat og årsmeldingar til DUK.

Frivillig arbeid

Frivilligsentralen har høg aktivitet retta mot flyktningar, og sentralen er involvert i fordeling av midlar til å stimulera til auka integrering. Det var arrangert eit møte der alle frivillige lag og organisasjonar var invitert med tema integrering av flyktningar.

Det er frå samfunnsutviklar, Areal og forvaltning og Kommunaltekniske tenester støtta opp under det frivillige arbeidet med turvegar; både den sentrumsnære turvegen i Ølen, «Postvegen» og i planlegginga av turveg mellom Ølen og Sandeid. Turstiprosjektet Ut på Tur i Vindafjord er og ført vidare. Det er stor kraft i det frivillige arbeidet i Vindafjord. Kommunen ser verdien i det, og har støtta opp der det er mogeleg og ein har høve til det.



Beredskapsarbeid

Følgjande hendingar har krevd ekstra beredskap/oppfølging gjennom året:

- Ekstremværet Tor – januar
- Flaumvarsel – august og september
- Utbrot av MRSA - november
- Ekstremværet URD – desember

Beredskapsplanen er blitt oppgradert med reviderte tiltakskort frå fleire område. To frå kriseleiinga har deltatt i NUSB sitt kurs for kriseleiing. Det er arbeidd med «Plan for oppfølging av krise- og beredskapsarbeidet». Denne vart klar for politisk behandling ved årsskiftet. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunen sitt beredskapsarbeid i oktober. Kommunen fekk 3 avvik. Det er laga plan for å lukka desse i 2017.

SLT- arbeidet

Det tverrfaglege samarbeidet står sentralt i SLT modellen. Det gjeld både internt i kommunen, og ikkje minst saman med andre sentrale samarbeidspartnarar som til dømes vidaregåande skule, politiet og frivillige lag og organisasjonar.

Tiltak i 2016

- «Ung i Etne og Vindafjord». Tidlegare heitte opplegget «Unge&Rus», men har nå endra namn og fått eit breiare fokus. «Ung i Vindafjord» tar for seg temaa rus, psykisk helse og nettvett. Endringane er gjort i samarbeid med nabokommunar og Korus.
- «Russ 2016», helsestasjon, politi og SLT gir russekulla tilgang på viktig kunnskap for å gjennomføra ei trygg russefeiring.
- «Ditt val», er oppfylgjinga til Ung i Etne og Vindafjord. Ditt val er undervisningssamarbeid med skule, SLT, helsestasjon og politi på 10. trinn for å auka kunnskap om rus, psykisk helse og nettvett.


Vindafjord kommune og Etne kommune har saman fått tilskot på 100 000 kr frå IMDi. I samarbeid med politi, Røde kors og frivilligsentralane i begge kommunane vart det arrangert ein fagdag, og eit dialogmøte for ungdom, med tema å førebyggja radikalisering og valdeleg ekstremisme. I tillegg har kommunane og politiet samarbeidd om å laga ein handlingsplan med same tema.



SLT koordinator fungerer som koordinator for AV-OG-TIL arbeidet lokalt. Alkovett på sjøen vart markert med brosjyre og lakrisbåtar som vart delte ut på festivalane i Vikedal i sommar. Og kampanjen «Kor mange glas tåler barnet ditt» vart markert før sommarferie og juleferie.

Kommunereforma

Arbeidet med kommunereform og intensjonsavtale for kommunesamanslåing med Etne har krevd mykje innsats frå politisk nivå og rådmannsnivå frå mai til oktober i 2016. Det er gjennomført ei rekke forhandlingsmøte, utarbeidd intensjonsavtale og informasjonsmateriell, gjennomført 3 folkemøte og folkerøysting 26. september. Kommunestyret valde i november å ikkje gå vidare med planane.



VALET ER DITT!

Miljø og forureining

Det har vore få hendingar som har krevd oppfølging frå forureiningsutval. To episodar med små utslepp i vassdrag frå Fatland. Dei rydda sjølv opp i det umiddelbart. Kystverket hadde opprydding etter blåskjeloppdrett ute på anbod. Jobben blei tildelt, men i etterkant henta tilbake på grunn av manglar hos oppdragsmottakar. Deretter ny anbodsrunde med frist og oppstart i starten av 2017.

Kommunen har ikkje sertifisert nokon nye bygg i miljøfyrtårnsatsinga, men har fokus på energibruk og Enøk plan, og tiltak blir gjennomført.

Status strategiar og tiltak 2015

3.4.3.1 Utarbeida plan for vidareutvikling av Nerheimsfeltet i lag med næringslivet

Plan er under utarbeiding, med vedtak desember 2017. Det er og dialog med grunneigarar om grunnerverv og eventuelt ein intensjonsavtale. Aktørar frå næringsliv har vore medspelarar i utarbeiding av planprogram.

3.4.3.2 Gjennomføra evaluering av samarbeidet omkring førstelineteneste for næringsetablering

Evalueringa gjennomført, og ser etter moglege finansieringsmåtar. Spesielt i den tida vi er i med tanke på nedgang i sysselsetjing er det viktig at kommunen oppretthald satsinga på næringslivet.

3.4.3.3 Slutføra arbeidet med kommunereforma

Sak til kommunestyret 1. november. Vedtak om ikkje å gå vidare.

3.4.3.4 Utarbeida ein plan for utvikling av bustadtomter i alle bygder i samspel med grendeutvala og tomteselskapet

Saka blei overført til 2017 med plan om å gjennomføra eit temamøte. Møtet er gjennomført.

3.4.4 MEDARBEIDARSKAP OG ARBEIDSMILJØ

Kommunesektoren har to arbeidsgjevarpolitiske hovudutfordringar. Den eine er evne til å rekruttera, utvikla og halda på medarbeidarar. Den andre er evne til utvikling og nyskaping.

Rekruttera, utvikla og halda på medarbeidarar

Arbeidsmarknaden har endra seg den siste tida. Omdømmebygging og marknadsføring av kommunen som ein trygg arbeidsplass med ryddige forhold, men med spanande og varierte dagar, er viktig. Breidda og innhaldet i dei kommunale jobbane stadfestar at kommunen er ei unik bedrift som har eit unikt oppdrag. Vindafjord deltok aktivt i Haugesundregionen sitt rekrutterings- og omdømmearbeid i 2016.

Lærebedrift

Lærlingane våre er ein viktig del av omdømme- og rekrutteringsarbeidet. Kommunen hadde 15 lærlingplassar i 2016. Kommunen er ein arbeidsplass som får skryt for lærlingarbeidet og har som ambisjon å bli stadig flinkare. Våren 2016 fekk me prisen «Årets lærebedrift i 2015» utdelt på næringskonferansen på Olalia. Denne fekk me blant anna for å ha mange lærlingar, god kvalitet på opplæringa og for å visa vilje til å tilretteleggja for lærlingar med spesielle utfordringar. Det er viktig å få dei unge inn i kommunen, slik at dei på denne måten får vita kor spanande arbeidsplassar som finst her. Slik får ein gode ambassadørar, også blant dei unge, for Vindafjord kommune. Det er behov for mange nye arbeidstakarar i åra som kjem, og dette er ein av våre store utfordringar. Det å gjera oss attraktive nok til å tiltrekka oss arbeidskraft, samt klara å behalda dei tilsette me har, er avgjerande for framtida. Det ser ut til at det særleg innanfor helsefag kan verta stor mangel på arbeidskraft nokre år fram i tid. Me veit imidlertid også at det vil koma mange helsefagstudentar ut frå vidaregåande frå og med 2017. Desse vil trengja læreplassar.

Kompetanse

Motiverte tilsette med rett kompetanse er heilt naudsynt for kommunen som organisasjon og tenestetilbydar. Kommunen har stipendordningar, permisjonsordningar og lønstillegg for kompetanse som nokre av verkemidla på dette området. Desse vert nytta kontinuerleg. Me ynskjer at alle tilsette stadig vurderar nye og betre måtar å arbeida på slik at ein kan få nytta både den einskilde og organisasjonen sin samla kompetanse på best måte. Vindafjord kommune har eigen strategisk kompetanseplan. Einingane har einings- og/eller sektorvise kompetanseplanar. For leiarane er det etablert system for leiaropplæring og –utvikling i leiarforum. Også i 2016 hadde ein leiarforum omtrent kvar månad. Eksempel på tema var endringsleiing, sjølvleiing og medarbeidarundersøking. Ein har kontinuerleg kontakt med eksterne aktørar om kurstilbod og kompetanseheving.

Heiltidskultur

Det er ei utfordring at kommunesektoren har mange deltidstillingar. Nasjonal forskning og undersøking viser at det meste av deltid er ynskt deltid, men nokre av dei som går i småstillingar har ikkje ynskt det sjølv. Kombinasjonen av at mange ynskjer å gå deltid medan det finst nokre som ynskjer seg større stilling, er ei utfordring. Deltid er ei utfordring også reint tenestefagleg, administrativ og økonomisk. Me har mange som søker redusert arbeidstid etter arbeidsmiljølova. Alt i alt gir alle reduksjonar og permisjonar oss deltid og midlertidigheit i andre enden. ADMU vedtok i 2016 ein tiltaksplan for å auka delen av 100% stillingar og redusera delen som har ufrivillig deltid. Vindafjord kommune hadde i 2016 ein heiltidsandel på 19,1% og ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 73,8% (PAI-tal). I 2016 starta ein deltaking i prosjektet Nytt Blikk for å jobba for ein heiltidskultur i Vindafjord.



Likestilling

I samsvar med kommunelova § 48,5 ledd, skal det gjerast greie for kommunens faktiske tilstand vedrørende likestilling mellom kjønn, og kva tiltak som er eller vil bli gjennomført for å fremje likestilling.

Vindafjord kommune har tilsett 139 menn og 719 kvinner i 2016 (målepunkt des 2016). I mange av dei stillingane der det er tilsett kvinner, er det stor grad av deltid. Mykje av dette er frivillig. Vindafjord kommune har i lønspolitisk plan nedfelt at det skal takast omsyn til likeløn og likestilling.

Diskriminering og tilgjenge

I samsvar med lov om diskriminering og tilgjenge skal offentleg sektor arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje formålet i lova innafor verksemda si. Aktivitetsplikta omfattar mellom anna rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, utviklingsmogelegheiter og vern mot trakassering. Vi er pålagt i årsberetninga å gjere greie for tiltak som er iverksett og tiltak som er planlagt iverksett for å fremje formålet i lova. Kommunen har ikkje utarbeidd eigen aktivitetsplan for dette.

Utvikling og nyskaping

Vindafjord kommune skal vera i framkant av utviklinga. No og framover har me behov for endringsvilje for å oppfylle nye krav om velferdstenester. Auka innovasjonskraft og evne til nyskaping er eitt av svara på sjonsprogram etter BLT-modellen (behovsorientering, gode leiarar og eit godt samarbeid er vesentleg for å lukkast. .

I 2016 hadde me kontaktmøte omtrent kvar månad. Det var (AMU) og fire møte i admi-

Me gjennomførte medarbeiderhausten 2016. Denne tek medarbeidarar og organisasjon oppfølging av denne, og resulterte i innfrå og med budsjett 2017.

Evne og vilje til stadig forbedring!

der rådmannen møter tillitsvalde fire møte i arbeidsmiljøutvalet nistrasjonsutvalet (ADMU).

darundersøkinga «10-faktor» sikte på å utvikla både leiarar, sjon. Det vert jobba med tarmål tilpassa ny undersøking er

Sjukefråvær

Vindafjord kommune hadde eit samla sjukefråvær på 6,2% i 2016. Dette er over IA-målet vårt som seier at me skal ha eit sjukefråvær under 6%, men mykje lågare enn i 2015 (7,5%). Det vert lagt ned ein god innsats både på førebyggjning og oppfølging i einingane. I 2016 vedtok ADMU nytt reglement for sjukefråværsførebyggjning og oppfølging, ein laga differensierte sjukefråværs mål for einingane, og ein starta eit nærværprosjekt i ei eining.

Totalfråvær i kommunen sidan 2006:

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
1. Kvartal	7,1	6,8	6,2	7,5	6,3	7,2	7,0	7,6	6,2	8,9	6,4
2. Kvartal	6,0	5,8	6,4	6,3	6,2	5,0	6,2	6,7	5,2	7,7	6,8
3. Kvartal	5,0	3,8	5,2	4,9	5,2	4,2	5,4	4,4	5,2	6,1	5,1
4. Kvartal	6,3	7,0	5,5	6,7	5,7	5,9	7,1	5,5	8,1	7,1	6,9
Totalt	6,1	5,9	5,8	6,4	5,9	5,6	6,4	6,1	6,2	7,5	6,2

Strategiar og tiltak 2016

3.4.4.1 Delta i arbeidet til Haugesundregionen sitt rekrutterings- og omdømmeprosjekt

Dette er gjort.

3.4.4.2 Oppfølging av tiltaksplanen for å auka delen av 100% stillingar og å redusera delen av ufrivillig deltid

Dette er gjort, og vert følgt opp kontinuerleg. Kommunen er påmeldt Nytt Blikk.

3.4.4.3 Fortsetja prøveprosjektet på auka grunnbemanning. Evaluering våren 2016.

Prosjektet pågår enno. Evalueringa er utsett til våren 2017.



4. INVESTERINGAR

Admin og fellesdrift

1011 Infrastruktur ehandel

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
229 275,-			229 275,-

Prosjektet er fullført og restmidlar overført til andre prosjekt.

20001 Fornyng av IT-utstyr

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
471 356,-	-	-	471 356,-

Det er lagt opp til årleg fornyng av IT-utstyr for kr 500 000,- pr. år i heile perioden utanom 2016. Det er særleg behov for utskifting av "skulemaskinar". Kr 236 079,- av gjenståande beløp går til dekning av it-utstyr i «Familiens hus», prosjektnr 22002.

20002 Møblering i delar av Familiens hus og kommunestyresal

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	500 000,-	500 000,-	-

Det er lagt opp til at ein i størst mogeleg grad skal nytta eksisterande møblement når ein tek i bruk det nye tilbygget, men det er behov for å fornya ein del arbeidsplassar. Det er og kjøpt inn møbler til kommunestyresal og andre møterom. Overskytande utgifter til møblering er ført på 22002.

Oppvekst og kultur

21001 Barnehageutbygging

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
8 885 378,-	300 000,-	834 891,-	8 350 487,-

Det er utarbeidd skisse for utviding av barnehagen i Skjold, men grunna lågare fødselstal og stor byggeaktivitet elles i kommunen, er utvidinga utsett til 2019.

Det er bygd bod og barnevognskur i Skjold, samt at det er gjort ei mindre ombygging av garderoben i det eine barnehagebygget.

21002 Skuleutbygging Ølen

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	-	-

Det er tidlegare sett av 3 millionar til ombygging av biblioteklokalet etter at biblioteket flyttar inn i nytt bygg (prosjekt nr 21004).

21003 Vidare utbygging og rehabilitering av skular

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	400 000,-	500 000,-	-100 000,-

Hovudutbygginga av Vik skule er utsett til 2017 grunna stor byggeaktivitet i kommunen og at tal på barn i barnehage og skule går ned. Det vart sett av midlar i 2016 til bygging av utvendig bod ved Vik skule. Det ligg foreløpig på vent.

Imsland skule og barnehage

Grunna pålegg frå mattilsynet vart kjøkkenet oppgradert. Arbeidet vart utført hausten 2016.

Sandeid skule

Montert lydplater i SFO-lokale og klasserom samt montert gjerde. Underskot vert dekkja frå andre prosjekt.



21004 Kultur - og læringsenteret

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
21 551 564,-	20 000 000,-	4 436 300,-	37 115 264,-

Prosjektet er klart for byggestart ved årsskifte. Politisk sak om oppstart i februar 2017
Ein er i forhandlingar med Ølen kulturhus om tomtefesteavtale og samdriftsavtale.

21005 Rehabilitering barnehage – brannvarsling Vats barnehage

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	250 000,-	114 713,-	135 287,-

Nytt varslingsanlegg er på plass, og opplæring er gitt. Restmidlar vert overført til andre prosjekt.

21007 Vindafjordhallen – oppgradering KS-058/15

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
1 800 000,-	-	2 080 813,-	-280 813,-

Arbeid med utskifting av avfuktingsanlegg og tilhøyrande røyropplegg er utført. Underskot vert dekkja frå andre prosjekt.

10047 Interkom anlegg (Fjellstøl)

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
1 000 000,-	-	-	-

Det er tidlegare sett av 1 mill. til oppgradering av Fjellstølanlegget som tilskot til planlagt arbeid. Det er Vindafjord idrettslag som driftar anlegget og som har stått bak planane om oppgraderinga. Kommunen er eigar av anlegget. Difor er bruttobeløpet lagt inn i budsjettet med tilskot frå andre som ein del av finansieringa. Kommunal andel er sett til 1 mill. (det som er løyvd tidlegare). Prosjektet er lagt inn med slutføring i 2017. Finansieringsplan er godkjent i eiga sak.

23016 Uteanlegg skule – barnehage

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
30 602,-	500 000,-	455 105,-	49 497,-

Nytt reilestativ montert ved Sandeid skule og Ølen skule. Gummibark ved Skjold skule er bestilt, men blir først lagt første kvartal 2017.

23017 El-tavler Vats, Bjoa, Ølen skule

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-179 480,-	750 000,-	-	570 520,-

På skulane i Bjoa og Ølen er enkelte elektriske tavler så gamle at det byr på utfordringar å få tak i delar. Ein vil også få byta ut skrusikringar med automatsikringar. Dette arbeidet vart ikkje prioritert i 2016.

Helse og sosialomsorg**22001 Oppfølging bustadsosial plan**

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	-	-

Ingen aktivitet i 2016. Vidare opptrapping utover i økonimiplanperioden.

22002 "Familiens hus"

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
7 730 930,-	-	11 890 410,-	-4 159 480,-

Familiens hus er ferdigstilt. Meirforbruket skuldast ombygging og tilpassing av rådhuset, med t.d. arkiv, alarmsystem, kantine, mm. Utstyr til Ikt-løysingar vart også høgare enn budsjettet. Delar av underskotet vert finansiert frå prosjektnr 23001 Energieffektivisering, 23002 Oppgradering bygg og anlegg, 23015 Radontiltak, 15179 Oppgradering Vindafjordtunet og 20001 Fornying av IT-utstyr. Prosjektet er overskride med 1,68 mill. kroner. Dette vil bli dekkja inn ved bruk av kapitalinntekter, og dermed redusert avsetning av slike til fond.

22003 Straumaggregat omsorgssenter

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	255 148,-	-255 148,-

Midlar brukt til undersøkingar m.o.t. arbeid med aggregat til Vindafjordtunet og til feilretting på aggregatet ved Ølen omsorgssenter. Midlar brukt her i 2016 vert henta frå 22006.

22004 Aktivitetshuset

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
6 308 312,-	7 000 000,-	11 166 087,-	2 142 225,-

Bygging av Aktivitetshuset er ferdigstilt og bygget er overtatt frå entreprenørar. Gjenstår noko arbeid på tomte.

22005 Sansehage Vindafjordtunet - tilskotsprosjekt

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-240 238,-	-	240 238,-	-

Ei dugnadsgruppe med opphav blant tilsette på Vindafjordtunet har stått for opparbeiding av sansehage ved Vatsvatnet like nedanfor Vindafjordtunet.

22006 Vindafjordtunet - reservestraumsaggregat

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	2 000 000,-	-	2 000 000,-

Sjå 22003.

22007 Ølen omsorgssenter, sjukesignalanlegg

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	500 000,-	420 280,-	79 720,-

Fornyng av sjukesignalanlegget ved Ølen omsorgssenter før 2017. Arbeidet er i slutfasen. Restmidlar vert overført til andre prosjekt.

23018 Oppgradering bustader

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
96 810,-	-	96 810,-	-

Ein har pussa opp omsorgsbustadar i Skjold og Vikebygd. Ein bustad i Ølen er også delvis pussa opp.

15179 Oppgradering Vindafjordtunet

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
2 225 320,-		367 099,-	1 858 221,-

Takoverbygg for lasterampe er oppført. Golvbelegg skifta i 1. etasje. Resterande midlar vert nytta til ny tilsett-garderobe. 1 mill. kroner av restmidlane vart overført til «Familiens hus», prosjektnr. 22002, i 2. tertialrapport.

Forvaltning, drift og utvikling

23001 Energieffektivisering

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
3 512 549,-	3 345 000,-	3 790 877,-	3 066 672,-

Vindafjordtunet

Utviding av SD-anlegg er utført. Vindauge i trapperom er skifta. Taket på sone 2 skal skiftast og tilleggisolert. Arbeidet er planlagt utført første tertial 2017.

Sandeid skule - Vindauge og ytterdører er skifta.

Imslund - Kjøpt inn nye vindauge.



Vindafjordhallen - Oppgradert SD-anlegg.

1 mill. kroner av restmidlane vart overført til prosjektnr 22002 Familiens hus i 2. tertialrapport.

23002 Oppgradering bygg og anlegg

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
811 717,-	-	623 344,-	188 373,-

Restmidlane frå tidlegare år er i hovudsak sett av til tiltak på Vindafjordtunet. Midlar i 2016 er nytta til oppsetjing av gjerde ved Ølen skule og ombyggingar på rådhuset.

Kr 300 000 av restmidlane vart overført til prosjektnr 22002 Familiens hus i 2. tertialrapport.

23004 HMS tiltak

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
424 205,-	-	429 625,-	- 5 420,-

Lydplater montert ved Skjold skule.

Varmepumpe montert på kjøkkenet i Vindafjordtunet.

Solskjerming montert på Sandeid skule.

Reparasjon av golvbelegg v/hovudinngang til gymsal Vats skule.

Flytting av kompressor ved Skjold brannstasjon.

Heisar ved Ølen omsorgsenter er tatt inn som eige prosjekt i budsjett for 2017.

Underskot dekket av andre prosjekt.

23005 Strategisk eigedomskjøp

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
2 922 962,-	-	-	2 922 926,-

Sjå 23026.

23006 Brann / ambulanse / legevakt / legekontor

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
26 173 557,-	19 000 000,-	10 764 543,-	34 409 014,-

Teknisk infrastruktur er i all hovudsak ferdigstilt på tomta. Grunnarbeidet er ferdigstilt. Forventa byggstart bygg 1. juni. Kostnadane ligg så langt ca 2 mill over budsjett pga. større masseutskifting enn prosjektert.

23007 Adressering / namneskilt vegar

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
147 712,-	-	75 744,-	71 968,-

Arbeidet er i all hovudsak ferdigstilt. Det gjenstår nokre få vegar der ein avventar namne-vedtak før oppsetjing av skilt.

23008 Kommunale vegar/ infrastruktur

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
96 421,-	1 000 000,-	316 462,-	779 959,-

Midlane for 2016 var planlagt nytta til ferdigstilling av uteståande arbeid i samband med privatiseringa av kommunale vegar i 2009, samt forsterking og utbetring av kommunale bruer. Anbud vart henta inn for Skipevågvegen og Rønnevikvegen, men arbeidsoppstart er utsett grunna innspel frå Riksantikvaren.

Det er utført asfaltering i Vikedal. Storparten av kostnadane vert refundert.

23009 Trafikksikring

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
577 734,-	500 000,-	253 423,-	824 311,-

Midlane vert nytta til eigendel på trafikksikringstiltak som Rogaland fylkeskommune har gitt tilskot til, og som ikkje har andre finansieringskjelder. Ein har fått midlar til opparbeiding av gang-/sykkelsti frå Skjoldavikvegen til Skjold skule i 2016. Her gjenstår oppsetjing av gjerde.

I 2016 fekk ein TS-midlar til lys på snarveg mellom Apalvikfeltet og Bjoa skule og til vegljøs på veg inn til Sandeid skule. Arbeidet i Bjoa er utført, medan arbeidet i Sandeid ikkje er utført ennå.

23010 Uteområde Sandeid samfunnshus

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
1 000 000,-			

Planarbeidet er ikkje starta. Ønskjer å samkjøra planar her med planar for Sandeid kyrkje og gang- og sykkelsti frå Sandeid kyrkje til Lærdal. Denne reguleringsplanen er under førebuing til 2. gangs handsaming

23012 Sandeid kai – KS 082/13

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	67 710,-	-67 710,-

Arbeidet med oppgradering av Sandeid kai er ferdigstilt. Hovudparten av sluttoppgjeret er mottatt. Ein arbeidar nå med å få på plass uteståande tilskot, ulike driftsavtalar og trafikksikringsmidlar .

23013 Sal eigedomar

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	309 918,-	-309 918,-

Utgifter knytt til taksering og frådelling av eigedomar. Vert finansiert av salssummen. Oppgjer med fråtrekk av salsutgifter er avsett til investeringsfond.

23015 Radontiltak

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
179 480,-	-	-	-

Det er utført trinn 2 målingar på Ølen skule, Vik skule og Skjold skule. Ein har gjort tiltak i samsvar med måleresultat, og har utført kontrollmålingar.

Det er utført sporfilm måling ved Sandeid skule, Sandeid barnehage og Ølen skule.

Ein har utvida driftstida på ventilasjonsanlegga i fleire bygg for å koma under grenseverdiane for radon. Dette gir ekstra straumutgifter.

Restmidlane frå prosjektet vart overført til prosjektnr 22002 Familiens hus i 2. tertialrapport

23019 Veg Gartnerihagen

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
100 492,-	3 000 000,-	-	3 100 492,-

Arbeidet med vegen er utsett til etter ferdigstilling av grøftetrasé Steinbru – Osen (25004 og 25014). Det er tinglyst avtalar med nokre av dei aktuelle grunneigarane

23021 Veg Lio-feltet

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
850 000,-	-	-	-

Klagehandsaming er avslutta. Planlagt oppstart av prosjektering hausten 2017

23022 Vindafjordmuseet - parkering

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
1 433 181,-	-	1 156 565,-	276 616,-

Parkeringsplass ferdigstilt i desember 2016. Noko dreneringsarbeid i overkant av parkeringsplassen gjenstår.

23023 Knapphus industriområde

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
312 202,-	-	1 505 991,-	-1 193 789,-

Første byggetrinn med fem tomter er ferdig byggemodna. Av desse er 4 selde. I KS-sak 074-16 vart det gjort vedtak om å byggemodna fleire tomter på området. Kostnader dekkja frå fond

23024 Dommersnes

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	14 165,-	-14 165,-

Utgifter knytt til framtidig sal av areal på Dommersnes, kostnader dekket frå fond.

23025 Hengebru Mo-Nes

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	122 365,-	-122 365,-

Ny hengebru er prosjektert. Forsikringsskjønn er avgjort. Skjønnnet vart svært dyrt på grunn av at ein måtte ha oppmannsskjønn. Anbud er mottatt og entreprenør er innstilt. Forsikrings-utbetalinga vart lågare enn først forventa. Vidare framdrift avhengig av politisk sak. Kostnader dekket av forsikringsutbetaling.

23026 Strategisk eigedomskjøp Ølen – aust for ØOS

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	210 282,-	-210 282,-

Kostnader ved kjøp av areal aust for Ølen omsorgssenter som ikkje er knytte direkte til brannstasjonstomta vert ført her. Dekning frå prosjekt 23005.

23028 Brannbil – ny mannskapsbil for Ølen

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
861 275,-	-	2 246 738,-	-335 463,-

Restmidlar etter kjøp av brannbil i 2015. Det ligg inne forslag om å auka opp dette beløpet med 1,050 mill kroner til utløysing av tre leasing-avtalar på brannbilar, og påkrevd overflateredningsutstyr. Dette som del av driftsgjennomgang på tenestemråde brann og redning (sjå pkt 5.4.1 og 5.4.3). Underskot vert dekket av andre prosjekt.

23029 Søndena tømmerkai – KS-sak 095/14

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	600 000,-		600 000,-

Tilskot til utbetring av Søndena tømmerkai.

23030 Leikeplassar i bustadfelt – KS-sak 051/16

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	350 000,-	70 000,-	280 000,-

Utgifter til sakkunnig kontroll av leikeplassar.

Kyrkja

24001 Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
1 826 341,-		1 492 026,-	334 317,-

Arbeid i samsvar med plan frå Kyrkjeleg fellesråd.

24002 Ølen kyrkjegard, ny veg, parkering og utviding

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
500 000,-	7 000 000,-	-	7 500 000,-

Planforslaget klar til 1. gongshandsaming. Vert lagt fram politisk handsaming i første formannskapsmøte etter årsskiftet.

VAR området

Kloakk

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
6 076 710,-	5 000 000,-	4 321 703,-	6 755 077,-

Vatn

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
9 477 076,-	2 000 000,-	10 092 477,-	1 348 599,-

25001 Kloakk (K)

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	69 764,-	-69 764,-

25002 Vatn (V)

Vikedal

Det er kjøpt og montert nytt grovfilter til vassverket i Vikedal.

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	740 069,-	-740 069,-

Imsland

Slutføring av arbeidet med ringleidning i Ølmedal. Ny leidning er lagt i Birkelandsvatnet og tilhøyrande kum er montert og sett i drift.

Vats

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	172 790,-	-172 790,-

I samband med utbygginga av byggefeltet på Tinghaug vart det lagt ringleidning for vatn i området. (fakturert i 2017)

25004 Kloakksanering Dørheim – Osen i Ølen (K)

Det er inngått avtale med grunneigar om trasé frå Steinbru til Osen. Traséen er rydda for skog. Anbud er mottatt og entreprenør er vald. Forseinka oppstart grunna klage frå tilbydarar. Sjå også prosjektnr. 25014

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	791 898,-	-791 898,-

25006 Veg Vikedal vassverk (V)

Veg opp til Vikedal vassverk er i all hovudsak ferdigstilt. Har dialog med grunneigarar og entreprenørar om dei siste gjenstående detaljane.

25007 Kloakksanering Litle Nerheim, nedre (K)

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	93 343,-	93 343,-

Dette er eit arbeid som ein må samkøyra med bygging av gang- og sykkelveg mellom Ølen og Ølensvåg.

25008 Ny vassleidning i Østbøfeltet, Sandeid (V)

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	1 940 152,-	-1 940 152,-

I samband med Haugaland Kraft sitt arbeid i Østbøfeltet i Sandeid vart det lagt ny vassleidning i same grøft. Primært vart ny leidning lagt og manglande brannkummar blir etablert. Ved årsskiftet gjenstår asfaltering av grøftetrasé.



25009 Vassledning Håvik – Anndal, Skjold (V)

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	5 513 088,-	-5 513 088,-

Arbeid med å leggja ny vassleidning frå Anndal til Håvik vart ferdigstilt i oktober. Den kommunale vegen vart utvida med breidde tilsvarande grøftetraseen på strekninga. Det vart også lagt ny vassleidning til Håvik hyttegrennd. Ein har engasjert konsulent til å prosjektera høgdebasseng, men arbeidet er blitt utsett pga. at kommunen har nytta konsulenten og eigen kapasitet til andre prosjekt med høgare prioritet.

25010 Malmrøyr Sandeid sentrum, (V/K)

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	962 051,-	-962 051,-

Utsifting av gamle vassleidningar i Sandeid sentrum. Arbeidet vert utført etappevis. Tidlegare har ein skifta vassleidning v/Sandeid Shell og Sandeid Handelslag (2015). Nå har ein skifta vassleidning vidare i Sandeidsjøen. Prosjektering av nye etappar pågår.

25011 Oppgradering Vikedal silanlegg

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	1 275 707,-	-1 275 707,-

Det er utført eit større oppgraderingsarbeid på silanlegget i Vikedal. Ein har mellom anna lagt nytt golv, oppgradert det elektriske anlegget, skifta pumper og lagt til rette for prøvetaking.

25012 Tvillingleidning over Vikedalselva (V)

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	136 520,-	-136 520,-

Vassforsyninga i Vikedal har to sårbare punkt der leidningane kryssar elva i Vikedalsdalen. For å sikra forsyninga arbeidar ein med å leggja tvillingleidning på desse punkta. Ein har utført ei elvekryssing, men det gjenstår fortsatt ei elvekryssing og arbeid med kummar og tilknytning til leidningsnett.

25013 VA Bergsvegen (K)

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	1 228 154,-	-1 228 154,-

I samband med eit utbyggingsprosjekt i Bergsvegen, Ølensvåg, vart det lagt hovudleidning for kloakk i vegen. Dermed får ein sanert fleire separate utslepp. Arbeidet er ferdigstilt.

25014 Fatlandleidningen (K)

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	325 543,-	-325 543,-

Kostnader knytt til kloakkgrøfta frå Steinbru til Osen som skal delast mellom kommunen og Fatland AS. Sjå prosjektnummer 25004.

25015/25018 Fortau E-134

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	1 016 176,-	-1 016 176,-

Fellesprosjekt mellom Vindafjord kommune, Statens vegvesen, Ølen vassverk og SØK. Ein grev grøft langs E-134 for å føra fram vassleidning til den nye brannstasjonen. I same grøft vert det lagt ny kloakkleidning og fiber. Samtidig vert det etablert fortau på strekninga frå Eiodalkrysset til nye brannstasjonen. Kostnadene vert fordelt mellom samarbeidspartnarane.

25019 VAR – Miljøgate Vikedal

Restmidlar før 2016	Budsjett 2016	Medgått 2016	Restmidlar 2016
-	-	30 722,-	-30 722,-

Når Statens vegvesen skal laga miljøgate gjennom Vikedal sentrum, ønskjer ein å utbetra VA-anlegg i same område. Utgifter til konsulent.

Nye leidningar som kommunen har overtatt eller bygd i 2016.

Tilvekst 2016	SV	OV	V	Pumpeleidning	Fornya vatn	Fornya kloakk
Vikaneset	3200	2600	2640	500		
Sandeid sentrum					70	
Imsland, fornya vatn					380	
Imsland, Ølmedal			170			
Knapphus næring	205	228	215			
Søndenåneset						
Anndal Håvik			200		1980	
Vikedal - Solbakken			25		140	
Bergsvegen	150	160				
Sum	3555	2988	3250	500	2570	0



Ny vassleidning i Sandeidsjøen og sanering av ein gammal malmleidning i Sandeid Foto:Vindafjord kommune



Ny vassleidning over elva i Vikedal . Foto: Vindafjord kommune

5. Resultatvurdering rammeområda

5.1 RAMMEOMRÅDE ADMINISTRASJON OG FELLESDRIFT

5.1.1 RESULTAT RAMMEOMRÅDE

Rammeområdet omfattar kommunen sin sentrale administrasjon, politisk arbeid, næringsarbeid, felleskostnader og kyrkja.

Brukarar og tenesteyting

Rammeområdet har stor grad av intern tenesteyting, ved at dei ulike stabsavdelingane servar organisasjonen i høve til t.d. personalarbeid, økonomi, IT og arkivteneste. Dette gjeld både i høve til ordinær drift, men også i høve til større investeringsprosjekt. Vidare blir det utført ein del sakshandsaming for ulike tenesteområde. Den største kontakthorisonen utad skjer via servicetorget eller via kommunen sine nettsider. Den teknologiske utviklinga har vore slik at ein kan tilby fleire og fleire tenester via nett. For brukarane er dette ein fordel ved at tenestene er tilgjengelege heile døgnet. Ein nyttar også sosiale media. Politisk sekretariat er lagt til dette rammeområdet.

Organisasjon og drift

Området «Rådhuset» hadde i 2016 eit sjukefråvær på 6,05%. Dette er litt over kommunen sitt samla mål om å vera under 6%, men godt over området sitt eige differensierte mål (nytt hausten 2016) på 3%. Det har vore fleire langtids-sjukemeldingar i området. Det er registrert 10 avvik på rammeområdet. Alle er lukka.

Rekruttering og kompetanse

Det er relativt stabil arbeidskraft innan rammeområdet. Ved ledige stillingar er det god tilgang på søkjarar. Det er god kompetanse innan dei ulike fagområda, men ei viss sårbarheit innan enkelte spesialiserte tenesteområde.

	Regnskap	Budsjett	Justert budsj	Avvik	%-
	2016	2016	2016		forbruk
Utgifter	56 956 130	57 423 954	53 506 551	-3 449 579	106,5
Inntekter	-7 799 552	-3 948 396	-4 056 448	3 743 104	192,3
Netto utgifter	49 156 578	53 475 558	49 450 103	293 525	99,4

Økonomi

Rammeområdet har eit samla mindreforbruk på kr 293 525. Hovudårsaka til dette er sparte lønsutgifter i samband med sjukefråver og vakansar, samt mindreforbruk på lærlingar. Ein har også hatt meirutgifter på nokre felt, som t.d. arbeid med kommunestruktur, 10-års jubileum for kommunen og meirforbruk på senior-ordninga.

I samband med Stortinget sitt budsjettvedtak for 2016, blei overføringa av skatteoppkrevar-funksjonen frå kommune til stat reversert. Det opprinnelege trekket i rammetilskotet er lagt tilbake til kommunane. For Vindafjord kommune er dette verdsett til 1,093 mill kroner. Endringa er gjort i 1. tertialrapport. Arbeidet med å redusere årsverk i stab er iverksett. Innsparinga i 2016 er gjennomført, og det blir arbeidd med ytterlegare reduksjon i 2017. Innsparing på It, som følgje av interkommunalt samarbeid, er tatt ut. Det blir arbeidd med mogleg interkommunalt samarbeid om skatteoppkreving med Etne kommune. Målsetjinga er å ta ut innsparingsgevinst i 2018. Som følgje av reduksjon i årsverk i stab, er sakshandsamarkapasiteten redusert. Det har vore budsjettert ein sum til planarbeid innan rammeområdet. Denne er no tatt vekk.

I samband med 1. tertialrapport blei det lagt inn reduksjon i lærlingeordninga og på It-sida. Reduksjonen blei lagt inn som tiltak for 2016. Årsaka var å redusere driftsomfanget, som følgje av lågare overføringar frå staten

Utfordringar

Det er ei målsetjing å betra utnyttinga av eksisterande digitale verktøy, samt å ta i bruk nye. Dette gjeld både internt og eksternt. Det er stor vilje til utvikling, men krevande å prioritera i ein travel kvardag. Det er viktig at den tekniske infrastrukturen er på plass og ikkje hindrar utviklinga. Dette blir prioritert.



5.1.2 POLITISK STYRING

Hovudtrekk oppgåver og drift

Tenestemrådet omfattar folkevalde, val, støtte til politiske parti, kontrollutval og næring. Formannskapet er fonds-styre for det kommunale næringsfondet. I 2016 har det vore arbeidd mykje med kommunereforma. Det har også vore markert 10-års jubileum for kommunen.

Økonomi

Tenestemrådet har eit meirforbruk på omlag kr 188 000. Hovudårsaka til dette er meirutgifter i samband med kommunereform-arbeidet.

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

- 5.1.2.1 Gjennomføra folkevaldopplæringa i tråd med vedteken plan.
Utført.
- 5.1.2.2 Avklara eventuell videooverføring av kommunestyremøta.
Utstyr er på plass. Første video-overføring var kommunestyremøtet i juni 2016.

Utfordringar

Tilpassa drifta til endra rammevilkår, både gjennom det nye inntektssystemet frå 2017, men også gradvis bortfall av inndelingstilskot frå 2021-2025.

5.1.3 ADMINISTRASJON OG FORVALTNING

Hovudtrekk oppgåver og drift

Tenestemrådet omfattar den overordna kommuneadministrasjonen. Fellesfunksjonar som økonomi, personal, it, dokumenthandtering, arkiv, publikumsmottak med meir høyrer inn under dette. Tenestemrådet har både eit internt fokus i høve til at det er støtteapparat for den øvrige kommunale tenesteytinga, men driv også utadretta i høve til publikum. Servicetorget, sentralbord-funksjonen og kommunen sine nettsider er viktige i så måte.

Økonomi

Det er eit samla mindreforbruk knytta til administrasjon og fellesdrift på om lag kr 631 000. Hovuddelen av dette skuldast sparte lønsutgifter i samband med sjukefråver og mindreforbruk på lærlingeordninga.

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

- 5.1.3.1 Samordna merkantilfunksjonane på det utvida rådhuset i samband med innflytting i Familiens hus, med stillingsreduksjon og effektivisering som målsetjing. Dette inkluderer reduksjon i stabsrådgjevar-funksjonane.
Det er redusert med ei rådgjevarstilling i staben i vår. Ei arbeidsgruppe ser på merkantilfunksjonane på det utvida rådhuset. Arbeidet er i gong.
- 5.1.3.2 Arbeida for reduksjon i ressursbruk innan IT frå 2017, i samarbeid med Etne kommune
Reduksjonen er gjennomført.
- 5.1.3.3 Arbeida for reduksjon i ressursbruk innan skatteinnkreving.
Arbeidet er påbegynt.
- 5.1.3.4 Samordning og integrasjon mellom dei ulike it-systema som gir grunnlag for effektivisering, både innan HRM og økonomi, og elektroniske tenester retta mot publikum.
Det er tatt i bruk nytt rekrutteringssystem frå juli 2016. Det er gjort endringar i teknisk infrastruktur, som t.d. serverar, trådlause nett, osv. Det blir arbeidd med å ta ut større gevinst på It-samarbeidet med Etne.

Utfordringar

Auka effektivitet i tenesteproduksjonen, både internt og eksternt, mellom anna som følgje av reduserte personal ressursar. Samordning av ulike it-løysingar med Etne, som t.d. telefoni, epost, pc-administrasjon, programvare, osv.



5.1.4 KYRKJA

Hovudtrekk oppgåver og drift

Fellesrådet har ansvar for bygging, drift og vedlikehald av kyrkjebygg og kyrkjegardar. Rådet har også ansvar for prestane sitt kontorhald, og personalansvar for kyrkjeleg tilsette så nær som prestane. Oppgåvene er heimla i Kyrkelova §14.

Økonomi

Vindafjord kyrkjelege fellesråd har hatt jamn drift gjennom året. Årsresultatet viser eit mindreforbruk på kr 348 189,-. Drifta i fellesrådet er hovudsakleg finansiert med kommunale midlar. I 2016 var løyvinga på 6 mill kroner.

Det er vidare løyvd midlar til rehabilitering av kyrkjer og utbygging av kyrkjegardar over det kommunale investeringsbudsjettet med 3 mill kroner i planperioden. Av dette er det nytta kr 1 491 000 i 2016. Storparten av dette er knytta til oppgradering av Skjold kyrkje og Sandeid kyrkje. Det er også løyvd midlar til utviding av gravplassen i Ølen, med ny vegutløysing og parkering.

Kommunane er pålagt å yta tilskot til andre trdomssamfunn, med same tilskotsbeløp pr. medlem som ein yter til kyrkja. Dette tilskotet har auka. Av ei løyving på kr 245 000, er det eit overforbruk på om lag kr 150 000.

Mål, strategiar og tiltak for 2016 - resultatvurdering

Ein viser til fellesrådet si eiga årsmelding for ytterlegare informasjon.

5.2 RAMMEOMRÅDE OPPVEKST OG KULTUR

5.2.1 RESULTAT RAMMEOMRÅDE

Rammeområdet oppvekst og kultur omfattar 15 einingar; tre barne – og ungdomsskular, tre barneskular, tre kombinerte barnehagar og skular, fire barnehagar, PPT-kontor og kultureininga.

Brukarar og tenesteyting

Totalt gjekk det 509 barn i barnehage 15. desember. Av desse gjekk 314 barn i kommunale barnehagar, 191 barn i private barnehagar i kommunen og 4 barn i private barnehagar i Sveio, Etne og Tysvær.

1. oktober gjekk det 1116 elevar i grunnskulen. 223 elevar hadde SFO plass, av desse hadde 78 elevar tilbod 5 dagar i veka.

På same tid gjekk det 252 elevar i kulturskulen, av desse var 237 i grunnskulealder og 37 over.15.

12 barnehagestatistikk (Basil) 1.10 grunnskulestatistikk(GSI)

Organisasjon og drift

Sjukefråvær.

Barnehage; 9,4% (mål 6)

Grunnskule inkl. SFO og vaksenopplæring; 4% (mål 4% for skular, mål 5% for kombinerte skular og barnehagar)

PPT kontoret; 1% (mål 3%)

Kultur; 3,9% (mål 4%)Det er få avvik meldt i RISK på rammeområdet.

Rekruttering og kompetanse

Dette vert kommentert under dei ulike områda.

Økonomi

	Regnskap	Budsjett	Justert budsj	Avvik	%-
	2016	2016	2016		forbruk
Utgifter	255 960 658	235 587 005	238 163 277	-17 797 381	107,5
Inntekter	-53 359 123	-25 493 715	-30 861 129	22 497 994	172,9
Netto utgifter	202 601 535	210 093 290	207 302 148	4 700 613	97,7

Samla gjekk rammeområdet med eit overskot på 4,7 mill.

- Kultur: + 1,17 mill.
- Skulane inkl. SFO: + 230 000 kr
- PPT: + 210.000 kr
- Fellesområdet oppvekst: 3 mill.

Dette svarar til 97,7% forbruk av budsjett for 2016. Det er god budsjett disiplin på rammeområdet. Tala vert kommentert under dei ulike områda.

Kommentar til «Fellesområde oppvekst»

- Om lag 1,1 mill. i mindreforbruk på skyss i 2016. Fylket har endra skyss-soner. Dette slo positivt ut for Vindafjord. Columbus innførte i 2016 eit administrasjonsgebyr. Kommunane i Rogaland er usamde i dette og gebyr er ikkje betalt. Det er i tillegg færre elevar som har rett til skyss, og skulane har hatt ein god gjennomgang av skysslister.

- Om lag 1,1 mill. mindre lønnsvekst enn berekna.
- Om lag 0,6 mill. mindre til private barnehagar enn i rev. budsjett etter tertialrapport 1. Årsak; endring i kommunale vedtekter og retningslinjer for tilskot til private barnehagar.

Tiltak

I budsjettvedtaket for 2016 vart det vedteke ei sparing på 500.000 kr i kommunale barnehagar gjennom endring av retningslinjene. Dette er gjennomført. Tilskotet til private barnehagar blei auka med 2,37 mill. Ved 1. tertial vart budsjettposten for tilskot til private barnehagar auka med nye 1,5 mill kr. Ved årsskifte viste rekneskapen eit forbruk på 600.000 kr mindre enn dette.

På grunnskule blei det vedteke ei sparing på 2,3 mill. kr. med årsverknad 1,3 mill. i 2016. Dette er gjennomført.

Auke i fosterheims plasserte elevar frå Vindafjord i andre kommunar gjer at refusjonskrav for undervisning/ kjøp av tenester frå andre kommunar blei auka med 585.000 kr.

Øyremerka statlege midlar til fleire undervisningstimar på mellomtrinnet blei lagt inn for skuleåret 2016/17. I tillegg fekk Vindafjord i overkant av 1,3 mill. kr i øyremerka midlar til tidleg innsats. Det er krav om rapportering til fylkesmannen.

PPT hadde i ein periode på tre år 100.000 kr til kompetanseheving. Frå og med 2016 var det slutt på ekstraløyinga som skulle vere kommunal del av statleg satsing på vidareutdanning i PPT.

Strategiar og tiltak 2016- resultatvurdering

5.2.1.1 Vindafjord kommune skal satsa på førebygging og tidleg innsats, kor ein ser på, definerer, samordnar og tydeleggjer «tidleg innsats» frå fødsel av innan helsestasjon, barnehage og skule.

Haugalandsløftet Fokusområde i prosjektet er mellom anna; «tidleg innsats» og «utvikla barnehage, skule og hjelpeapparat som ein heilskap» Godt ordinært tilbod på helsestasjon, i barnehage og skule er god førebygging. Å avdekka og setja inn tiltak tidleg for å hindra skeivutvikling er viktig for barnehage, skule og hjelpeapparatet. Psykologisk førstehjelp er eit verktøy for meistring av eigne kjensler utarbeidd av psykologspesialist Solveig Raknes. Med raude og grønne tankar lærar den unge å framsnakka seg sjølv. Frå 2016 vert barn i barnehage og elevar i 5. og 8. klasse introdusert for metoden. I Vindafjord er dette eit samarbeidsprosjekt mellom helsestasjon, PPT, barnehage og skule. Helsestasjon og PPT har utdanna rettleiarar som skal halda årleg kurs og rådgje barnehagelærarar og lærarar i 5. og 8. klasse.

Betre Tverrfagleg Innsats, BTI-modellen, er ein samhandlingsmodell initiert av Helsedirektoratet. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering. Innføring av BTI og felles stafettlogg kan vera eit godt tiltak for å nå målsetjinga (sjå punkt 5.2.1.3).

5.2.1.2 Tiltak for Haugalandsløftet vert spissa for å nå dei måla som er sett for prosjektet.

Rådmennene i dei 10 kommunane som samhandlar om «Haugalandsløftet», har bedt om ei spissing av samarbeidet mellom ppt og barnehage/skule. Det er sett ned grupper med mandat frå rådmannen, for å sikra god samhandling og auka samhandling mellom eigar- ppt- barnehage og eigar – ppt – skule. Samarbeidsrutinar skal vera ferdig første halvår 2017.

5.2.1.3 Innføra bruk av BTI som metodikk for samhandling om barn og unge i Familiens hus

Kommunen har fått 300.000 kr til BTI. Pengane vil i hovudsak gå til ei 20% stilling, jamfør søknad. Ei pådrivargruppe frå ulike einingar er oppnemnt av rådmannen.

Utfordringar

Utfordringar i høve overordna mål og resultatmål i økonomiplan vert omtalt under dei ulike områda.

Dimensjonering av tenestene kan vera vanskeleg, særleg på barnehageområdet der tida frå fødsel til rett på barnehageplass er kort. Barn fødte i 2010 starta på skulen hausten 2016.

Barn som er fødte i 2011 eller seinare vil ha rett på barnehageplass, jamfør statlege føringar.

Tabellen på neste side syner ei oversikt over kor dei yngste innbyggjarane bur. Tala er henta frå folkeregisteret



«Med raude og grønne tankar lærar den unge å framsnakka seg sjølv»

Foto:

Illustrasjonsfoto

Fødselsår	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Skulestart	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23
Imsland	3	3	3	4	0	3
Bjoa	9	3	3	3	3	3
Vikebygd	6	3	2	3	3	6
Vikedal	11	13	6	10	11	3
Vågen	16	12	16	14	14	17
Sandeid	23	14	19	17	11	18
Vats	20	21	18	20	15	16
Ølen	19	30	17	25	19	27
Skjold	26	27	22	25	28	20

5.2.2 BARNEHAGE

Hovudtrekk oppgåver og drift

89% av barn i barnehagealder går i barnehage i Vindafjord. Dekningsprosent er aukande.

Samla fråvær i barnehage er 9,4%. Dette er høgare enn målsetjing. Barnehagane har over tid hatt høgt fråvær. I perioden personalkontoret og NAV hadde «eit nærværprosjekt» gjekk fråværet ned, men auka att etter at prosjektet var slutt. Det er stor skilnad på barnehagane.

Avvik: 39. Det er ulik bruk av avvikssystemet i RISK i barnehagane.

Tilsyn. Barnehagane har ikkje hatt eksternt tilsyn i 2016. Fylkesmannen har varsla tilsyn hausten 2017 med «kommunen som barnehagemynd». Det er ønskeleg at ståstadanalysen til utdanningsdirektoratet vert gjennomført i forkant. Det vil vera ei føremøn om foreldreundersøkinga til utdanningsdirektoratet vert nytta i framtida for betre å kunna samanlikna resultat.

Barnehagane har hatt kommunalt brevtilsyn og dialogmøte.

Økonomi

Resultat

Samla gjekk dei kommunale barnehagane med eit underskot på 151 400 kr. Det er variasjon mellom barnehagane.

Tiltak

I 2016 blei det vedteke ei sparing på barnehage på 500.000 kr gjennom endring av kommunale retningslinjer (feriestenging og eit barnehageopptak/endring av teljedato for tilskot til private barnehagar.) Tiltaka er gjennomført. Tilskotet til private barnehagar blei auka med 2,371 mill. Tilskot vert rekna ut frå snittkostnad i alle dei kommunale barnehagane. Tidlegare var det høve til å halda dyre små barnehagar utanfor når grunnlaget blei rekna ut. Denne regelen er tatt vekk frå statlege føringar. Ved 1. tertial vart budsjettposten for tilskot til private barnehager auka med nye 1,5 mill kr. Ved årsskifte viste reknskapen eit forbruk på 600.000 kr mindre enn dette.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

Private og kommunale barnehagar:	2013	2014	2015	2016
Barn i kommunale og private barnehagar	486	493	500	505
Barn med spesialpedagogiske tiltak	20	20	21	18
Tilsette med barnehagelærerutdanning	46	47	50	57

Tal frå statistikk pr 15.12.16. Gjeld for kommunale og private samla

Det blei fødd 113 barn i Vindafjord i 2016. Det er 18 fleire enn i 2015. Tilflytting kjem i tillegg.

Det er ei auke i barnehageplassar. Grunnen er utvida rett til barnehageplass og at det er fleire små barn i barnehagen og at opphaldstida er lengre. Dette er synleggjort i tabellen under.

Plass	Kommunale barnehagar			Private barnehagar			Utgjer plassar		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
4-5 dgr	348	368	363	228	215	236	576	586	599
3 dgr	33,6	63	25,8	9,6	11,4	15,6	43,2	74,4	41,4
2 dgr	1,2	0,8	0,8	2,4			3,6	0,8	0,8
Barn	315	321	314	178	179	191	493	500	505
Plassar	382,8	431,9	361,6	184	226,4	251,6	566,8	658,3	641,2

Tal på barn i ordinære barnehagar	Sum 2016	Sum 2015	Sum 2014	Sum 2013	Sum 2012	Sum 2011
Barn totalt (0-6) år	505	500	493	484	483	448
barn 3-5 år	341	346	333	321	313	289
Barn 1-2 år	162	153	160	162	166	157
Barn med oppholdstid på 40 timer eller mindre	25,1 %	10 %	21,9 %	17,6 %	21,1 %	32,4 %
Barn med avtalt oppholdstid på 41 timer eller mer	74,9 %	90 %	78,1 %	82,4 %	78,9 %	67,6 %

Reduksjon i opningstid innført i kommunale barnehagar gjør utslag på over eller under 41 timer for dei som går 4 dagar i veka. Dette er årsak til endring frå 2015 til 2016.

Kvalitet.

Ein viktig føresetnad for god kvalitet i barnehagane er relasjonar. Prosjektet «Å være sammen» har vore ei satsing i Haugalandsløftet og går frå å vera eit prosjekt til ein implementert del av den ordinære drifta i dei kommunale barnehagane. Ressursrettleiarar er ei hjelp til oppfølging av nyttilsette, og alle barnehagane skal vera «løvebarnehagar» innan utgangen av 2017.

Nasjonalt er det gitt rett til barnehageplass til barn fødd i september og oktober, og ein tar høgde for at det frå neste hovudopptak vert gjeldande og for dei som er fødd i november. Dette er med å gi ei utvikling at fleire små barn går i barnehage i heile landet. Nyare forskning seier noko om kva desse barna har trong for, og både kommunale og private barnehagar i kommunen er med i prosjektet «Dei yngste barna» gjennom «Haugalandsløftet».

Språk er ein av dei viktigaste oppgåvene til alle som jobbar i barnehage. Språk, lesing og skriving er viktig for alle, heile livet, og barnehagane kan vera med å leggja eit godt grunnlag. Felles satsing på språk og omgrep er til nytte og glede for alle, medan nokon vil ha eit særleg utbytte av å bli inkludert i leseaktivitetar og læring av grunnleggjande omgrep. Det er viktig for alle frå barna er heilt små, gutar og jenter, minoritetsspråklege og ikkje minst for barn med språkvanskar.

Barnehage	Born per 15.12.16	Avdelingar	Driftsopplysningar
Skjold	0-3 år: 28 3-6 år: 67 Sum: 95	6 avdelingar	«Vere saman og bli sett» er visjonen til Skjold barnehage. Alle tilsette arbeidar for å gje god respons, blikk-kontakt og bevisst kroppsspråk til barna i barnehagen.
Vats	0-3 år: 19 3-6 år: 34 Sum: 53	4 avdelingar	Bygget treng oppgradering på golv og nokre vindauge. Med golvvarme på småbarnsavdeling hadde det vore lettare å regulera romtemperatur.
Sandeid	0-3 år: 18 3-6 år: 52 Sum: 70	4 avdelingar	Alle tilsette nyttar «vera saman»-teorien i kvardagen. Dei minste avdelingane har teori frå prosjektet «dei yngste barna» på avdelingsmøte, og mykje lærdom vert implementert i barnehagen.
Vågen	0-3 år: 17 3-6 år: 35 Sum: 52	3 avdelingar.	Mål: Varme grensesetjande Vaksne – kvardagsglede!
Vikebygd	0-3 år: 3 3-6 år: 12 Sum: 15	1 avdeling (areal 1,5 avdelingar)	Barnehagen stabilt og godt personale, lite fråvær og god plass. Me jobbar heile tida med å få sosialt handlingsdyktige og delaktige barn. Har fokus på å vera i forkant og gje best mogleg tilbod til det einskilde barn.
Bjoa	0-3 år: 4 3-6 år: 10 Sum: 14	1 avdeling (areal 2 avdelingar)	Barnehagen arbeidar godt og bevisst med «teikn til tale» både når det gjeld høyrseleksproblematikk og generelt i språkarbeid – t.d. minoritetsspråklege.
Imsland	0-3 år: 4 3-6 år: 11 Sum: 15	1 avdeling	Har fokus på mat og helse. Ute på tur ein dag i veka der me kan nytta den fantastiske naturen me har rundt oss i Imsland.

Mål, strategiar og tiltak for 2016 – resultatvurdering

Mål frå målkart kap. 4.3

God barnehagedekning. Andel barn med rett til barnhageplass som får førsteynskjet sitt.

Resultat: 96,5% (mål over 97%).

Alle med rett som søkte barnehageplass 1. mars 2016, fekk plass frå hausten 2016. 13 barn fekk ikkje førstevallet sitt oppfylt. Dette gjeld 11 barn i Skjold, 3 barn i Vats, 3 barn i Vågen og 1 barn i Sandeid.



God fagkompetanse. Pedagogiske leiarar med utdanning i kommunale barnehagar.

Det er sendt søknad om dispensasjon frå pedagognorm i Imsland og Vikebygd barnehage våren 2016. Hausten 2016 mangla Bjoa barnehage utdanna pedagog i ped. leiarstilling i 2 mnd. Pedagognorma er 1 pedagog per 18 barn. Barn som går redusert vert også talde som ein. På dei tre minste barnehagane er styraroppgåva delt mellom rektor og ein avdelingsleiar. Lovverket krev heile pedagogstillingar.

Tiltak i budsjett 2016

5.2.2.1 Endra lokale retningslinjer for tilskot til private barnehagar i Vindafjord kommune og vedtekter for kommunale barnehagar ut frå nye forskrifter frå Kunnskap dep. 9.10.15.

Sak om endring av vedtekter i kommunale barnehagar og sak om lokale retningslinjer for tilskot til private barnehagar blei begge handsama i OPOM 9.02 og KS 23.02.2016.

5.2.2.2 Laga ein årleg plan for etter- og vidareutdanning av personalet i barnehagane.

Planen for barnehageåret 16 – 17 var ferdig haust 16. Planen vart handsama i administrasjonsutvalet og lagt som referatsak i OPOM.

5.2.2.3 Auka delen av barnehagelærarar kontra fagarbeidarar og assistentar for å unngå dispensasjonssøknader ved permisjonar. Bidra til at fleire får tilbod om arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning.

Mål om auka del av barnehagelærar kontra fagarbeidar er ikkje nådd, men det er tilsett fagutdanna i alle faste stillingar..Det går fire tilsette på arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning hausten 2016, ein frå Sandeid og tre frå Skjold barnehage.

5.2.2.4 «Vere saman» held fram som satsing i tillegg til meir fokus på kva dei yngste barna i barnehagen har trong for.

Begge områda er prosjekt under Haugalandsløftet. Det har vore særleg fokus på «dei yngste barna» på bakgrunn av nyare hjerneforskning som syner at det er viktig med trygg tilknytning og stabilt og godt personalet i barnehagane. Pedagogar og tilsette som arbeidar med dei yngste, både i private og kommunale barnehagar, deltek i prosjektet. PPT og helsesyster følgjer prosjektet.

5.2.2.5 Greia ut «Open barnehage» i Familiens hus.

Det har vore møte om bruk av lokala. Det er særleg helsestasjonen som nyttar arealet, men familierettleiarane, PPT, flyktningkonsulent og barnevern ber også om tilgang. Helsestasjonen nyttar rommet til ulike grupper, og flyktningtenesta har hatt foreldrekurs med faste samlingar. Det er oppretta kalender for rommet, for å gjera bruken av rommet synleg. Leiande helsesøster får ansvar for å koordinera bruken av rommet fram til august 2017. Politisk sak om open barnehage kjem opp i 2017.

5.2.2.6 Ha fokus på ressursbruk i barnehagane i ft. opningstider og fleksibilitet.

Politisk sak i OPOM 17.10 og KS 1.11.16.

5.2.2.7 Stengja seks av sju kommunale barnehagar i Vindafjord to veker i fellesferien. Tiltaket skal evaluerast før budsjetthandsaming 2017.

Det var i alt 7 søknader om barnehageplass i veke 29 og 5 søknader for veke 30 i 2016. Tre fann andre løysingar. Fire takka ja til tilbod i Vågen barnehage. Barnehagane har evaluert ordninga. Ut frå tal på søknader og dei tilbagemeldingar ein har fått, vil ein halda fram med ordninga.

Skjold førebels har hatt plass til søkjarane. Utbygginga i Skjold er utsett til 2017 grunna mange byggeprosjekt i 2016.

Utfordringar

Endring i statlege føringar

- Fleire barn fekk rett til barnehageplass i 2016. Dette gjeld barn fødte i september og oktober. Frå 2017 vil også barn fødte i november få rett til barnehageplass.
- Kommunen er fleksibel og har tilbod om ulike dagar / opphald i barnehagen. Dette gir utfordringar for kvalitet og stabilitet i barnehagen. Pedagognorma er 18 barn per pedagog om barnet går ein eller fem dagar. Det er ei spesiell utfordring i samband med 80% plass / 4 dg /veke i kommunal barnehage. Årsak er økonomi,- grunnlag for tilskot til private barnehagar, og at barnehagar blir ståande delvis tomme einskilde dagar medan det er venteliste på barnehageplass.

- Regjeringa varslar om bemanningsnorm i barnehagane. Dette vil i Vindafjord slå mest ut for FUS barnehagane som har lågast grunnbemanning i 2016.
- Bygg på rett plass.
I Imsland, Vikedal, Bjoa og Vik er barnetalet på veg ned, medan det i Vågen og Skjold er venteliste på barnehageplass. Sjølv om kommunen kan gje tilbod om barnehageplass til alle som søker og har rett til plass, er avstand mellom bygdene med på å gjera dette til eit tilbod som ikkje er relevant for foreldre. Føresette får ein vanskeleg kvardag når barn får plass i ein barnehage som ligg langt unna og kanskje i motsett retning av der dei arbeidar.
- 65 barn i barnehagane har to foreldre med eit anna morsmål enn norsk barnehageåret 2016/17.



Barnehageborn på besøk på Rådhuset med klar melding ut



Foto:Vindafjord kommune

5.2.3 GRUNNSKULE

Hovudtrekk oppgåver og drift

Samla fråvær er på 4%. Fråværet har vore stabilt over tid.

Det er skilnad mellom skulane. Det er tilbakemeldingar på at SFO har høgare fråvær enn skule.

Avvik: 10. Det er berre rapportert avvik på to skular. Dette er ei underrapportering.

Tilsyn: Vikedal og Ølen skule har hatt tilsyn på elevmiljø. Rapportane ligg på sida til Fylkesmannen i Rogaland.

Brukarundersøkingar. Det vert gjennomført årlege elevundersøking på 7.- 10. trinn (udir.) I tillegg vert det gjennomført ei årleg kommunal trivselundersøking på 3. – 7. trinn.

Økonomi

Dei 9 skulane inkl. SFO hadde eit overskot på om lag 236.000 kr av eit budsjett på i overkant av 111 mill. kr. Rektorane har god kontroll på økonomien, og det er lojalitet for å halda budsjett, om det ikkje er særlege grunnar for avvik.

Tiltak:

Det var vedteke ei sparing på 2,3 mill. kroner med årsverknad 1,3 mill. på skuleområdet. Frukt- og grøntordninga er tatt vekk. Refusjon for fosterheimsplasserte elevar frå andre kommunar vert trekt inn. 3 ass / fagarbeidarstillingar er tatt vekk frå og med skuleåret 2016 /17. Tiltaka er gjennomført.

Auke i fosterheimsplasserte elevar frå Vindafjord i andre kommunar gjer at refusjonskrav for undervisning/ kjøp av tenester frå andre kommunar er auka.

Elevane får ein klokke time meir undervisning per veke på mellomtrinnet frå og med skuleåret 2016-17, jamfør statlege føringar. Det er lagt inn 135.000 kr i 2016 og 190.000 kroner i 2017 til fleire undervisningstimar i naturfag.

I tillegg fekk Vindafjord i overkant av 1,3 mill. kr i øyremerka midlar i 2016 til tidleg innsats gjennom auka lærartettleik på 1. – 4. trinn. Dette utgjer 2 lærarstillingar som er fordelt på skulane. Det er sendt rapport til Fylkesmannen om korleis pengane er disponert.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Elevtalsutvikling	1172	1141	1119	1116
Tal på elevar med spesialundervisning	10,9 %	9,3 %	8,7%	8,9 %
Min. språklege elevar med vedtak om norsk	4,9 %	5,4 %	5,5%	4,9%

Tala er henta frå GSI (grunnskulestatistikk) pr. 1. okt.

Skule	Elevar 1.10.16		Driftsopplysingar.
Skjold	166 136 302	1 – 7 8 - 10 1 - 10	Alle elevane og lærarane i 4. – 9. klasse har nå eigen Ipad, og skulen har kjøpt konsulenttenester frå firmaet R-IKT for nødvendig pedagogisk kompetanse i bruken av utstyret. Ungdomstrinnet har delteke i satsinga «Ungdomstrinn i utvikling»
Ølen	142 137 279	1 – 7 8 - 10 1 - 10	Arbeid med god trivsel ved Ølen skule har stått i fokus i 2016. Skuledagen har fått ny inndeling i 2 økter på 60 og 75 minutt. Skulen har delteke i utviklingsarbeidet – Ungdomsskolen i utvikling der fokus er rekning i alle fag.
Vikedal	72 82 154	1 – 7 8 - 10 1 - 10	Arbeid mot mobbing har vore hovudtema i utviklingsarbeid hausten 16. Det har blitt og blir arbeidd både med struktur og kultur. Det statlege skulebaserte utviklingsprogrammet «Ungdomstrinn i utvikling» er avslutta som prosjekt. Arbeidet held fram.
Vats	100	1 - 7	Vats skule er ein skule med 13% minoritetsspråklege elevar. Elevtalet er aukande dei neste åra. Dette skuleåret satsar skulen på iPad-prosjektet.
Vågen	73	1-7	Vågen skule er ein 5-delt barneskule med 73 elevar og 13 tilsette. Skulen har SFO. Utviklingsområde på skulen er «Vurdering for læring».
Sandeid	78 1	1 – 7 8-10	Sandeid skule har gjennom fleire år jobba med kollektiv skuleutvikling som «Relasjonsbasert klasseleiing» og «Vurdering for læring». Dette for at elevane skal få eit endå betre læringsutbytte både fagleg og sosialt.
Vik	56	1 - 7	Skulen har eit stabilt og innsatsvillig personale som gir god undervegs-vurdering og legg godt til rette for opplæringa til kvar einskild elev. Utfordringa er at elevtalet går nedover.
Bjoa	46	1 - 7	Bjoa skule ynskjer å vektleggja lesing og lesestrategiar. Satsingsområde dette skuleåret – Litteratur og skaparglede.
Imsland	27	1 - 7	Slagord: «Trivsel gir næring til læring». Skulen ligg i ein natur som er med å skapa godt miljøet for læring. Dei minste har uteskule kvar fredag.





IKT teknologien er både til glede og utfordring

Foto: Vats skule

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

Mål frå målkart kap. 4.3

1. God trivsel.

96% svarar at dei trivst bra eller sånn passeleg på barnetrinnet.

Det er ikkje resultat på ungdomstrinnet.

Hausten 2016 er kommunal trivselundersøking gjennomført på 3. – 7. trinn, og statleg elevundersøking på 7.- 10. trinn. Dette er ei endring i kartleggingsrutinane som gjer at det ligg føre resultat frå barnetrinn og ikkje ungdomstrinnet på målkart.

Av dei som trivst dårleg er 2% jenter og 2% gutar. Målet er alle elevar melder om god trivsel. Fokus på elevane si psykiske helse, førebygging av plaging og god dialogbygging med heimane, har - og skal ha, aller høgaste prioritet i Vindafjordskulen.

2. Godt læringsresultat på barnetrinnet.

Mål om nasjonalt snitt på 50 er ikkje nådd.

Småskuletrinnet (nasjonale prøvar hausten 5. kl.). Resultat 48,3.

Mellomtrinnet (nasjonale prøvar hausten 8. kl.). Resultat 49.

Det er større fritak nasjonalt enn i Vindafjord, men det er likevel for mange på lågaste nivå.

Nasjonale prøvar	2015/16	2016/17	Fritak/ ikkje deltatt 2016/17	
5. klasse			Vindafjord	Nasjonalt
Engelsk	49	48	1 %	6,6 %
Lesing	47	48	1 %	6,4 %
Rekning	49	49	-	6,5 %
8.klasse				
Engelsk	49	48	2,5 %	4,4 %
Lesing	49	49	2,5 %	4,4 %
Rekning	49	50	3 %	4,1 %

Tala er henta frå udir si nettside «skoleporten»

3. Godt læringsresultat på ungdomstrinnet. Mål landsnitt for resultat på skriftleg eksamen i norsk h. og s. mål, engelsk og matematikk.

Elevane i Vindafjord låg litt over landsnitt på eksamen i 2016.

Eksamen 10. klasse. Skala 1 – 6	Vindafjord 2015	Nasj. Snitt 2015	Vindafjord 2016	Nasj. Snitt 2016
Norsk hovudmål	3,0	3,4	3,7	3,5
Norsk sidemål	3,1	3,1	3,2	3,2
Matm. skriftleg	2,8	2,9	3,6	3,3
Engelsk skriftleg	3,8	3,7	3,6	3,6

Tala er henta frå utdanningsdirektoratet si nettside «skoleporten»

I den nye undersøkinga som Statistisk sentralbyrå har laga på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, vert ein kommune og skulebidragsindikator publisert. Kommuneindikatoren syner korleis skulane i kommunen samla bidrar til elevane si læring.

For åra 2013, 2014 og 2015 har Vindafjord følgjande resultat i kommunebidrag:

Småskuletrinnet 3,1

Mellomtrinnet 3,4

Ungdomstrinnet 3,4

Nasjonalt snitt er 3,4.

Det er knytt størst uvisse til småskuleindikatoren fordi ein her ikkje har tidlegare resultat på nasjonale prøvar.

Tiltak for meir læring i grunnleggjande ferdigheiter på småskuletrinnet er mellom anna 5 dagars skuleveke innført 1.08.2014. Effekt vil ein eventuelt kunna sjå hausten 2018. Det er laga ein felles opplæringsplan i lesing for skulane i Vindafjord frå 1.08.17.

4. God fagkompetanse for lærarane

Kartlegging av lærarkompetansen i Vindafjordskulen hausten 2016 syner at 35 lærarar ikkje har godkjent kompetanse etter nye statlege krav. Talet er i utgangspunktet noko misvisande, då fleire av desse lærarane manglar kompetanse i meir enn eitt fag. Talet er lågare enn i førre årsmelding. Det skuldast m.a. at rektor har klart å utnytta lærarkompetansen betre på sin skule, naturleg avgang / rekruttering av nye lærarar og gjennomføring av vidareutdanning.

Skuleåret 2016 – 17 deltek 4 lærarar i «Kompetanse for kvalitet».



Grønsakhage på Vik skule

Foto: Vik skule og barnehage




Innøving av 'Bli med dansen'

Foto:Ølen skule

5. God gjennomføring av vidaregåande skule. (under samfunnsmål).

Over målsetjing.

Tabellen under syner at 80,4% av elevane i Vindafjord som gjekk ut av ungdomstrinnet i 2010 har fullført og bestått innan 5 år i vidaregåande skule. Gjennomsnitt for dei tre siste åra er på 78,4% Dette er eit godt resultat i høve landet og Rogaland. Høg grad av gjennomføring er eit hovudmål for skule.



Tiltak i budsjett 2016

5.2.3.1 Dialogmøte på alle barneskulane med tema læringsutbytte, oppfølginga av kartlegging og tilpassa opplæring/spesialundervisning.

Dialogmøte med alle skulane er gjennomført hausten 2016 saman med PPT.

5.2.3.2 Alle skulane er med på «Vurdering for læring» og «Haugalandsløftet». Skular med ungdomstrinn er i tillegg med i satsinga på ungdomsskulen.

Felles kommunalt prosjekt med «vurdering for læring» blei avslutta til sommaren 2016. Sluttrapport er sendt utdanningsdirektoratet. Vidare satsing blir gjennomført ved den einskilde skulen og i nettverk mellom skulane. Felles kommunal satsing «Ungdomstrinnet i utvikling» med HSH som samarbeidspartnar og interkommunal rettleiar blei som prosjekt avslutta i desember 2016. Arbeidet held fram på den einskilde skulen.

5.2.3.3 Følgja opp vedtak om å kartleggja symjedugleiken til elevane på 1.–10. trinn og laga ei oversikt over symjeferdigheitene til elevane til ein årleg tilstandsrapport.

Tilstandsrapport for 2015 er handsama i OPOM 6.06.16 og 21.06.16. Utvida kompetansemål i symjing gjer at elevane ikkje når måla med dei timane som er avsett i symjehallen. Skulesektoren må prøva å sjå på omdisponeringar innan eksisterande budsjetttrammer i 2017 for å kunna ivareta opplæringskravet. Det er trong for å auka budsjett til skyss til symjehall.

5.2.3.4 Implementera plan for minoritetsspråklege elevar/ta imot flyktningar.

Kommunal rettleiar for opplæring av skulebarn frå språklege minoritetar var ferdig revidert våren 2016. Minoritetsspråklege elevar i grunnskulen per 31.08 er kartlagt.

5.2.3.5 Kartleggja lærarkompetansen i Vindafjord ut frå nye kompetansekrav.

Lærarkompetansen blei kartlagt for skuleåret 2015 – 16. I alt blei det søkt om dispensasjon for 54 lærarar som underviste i fag dei i følgje nye krav ikkje lenger har formell undervisningskompetanse i. For skuleåret 2016- 17 var det 35, men fleire av desse treng utdanning i meir enn eitt fag.

5.2.3.6 Laga ein årleg plan for etter-/vidareutdanning der ein mellom anna søker om statleg støtte.

Planen er ferdig og sendt til administrasjonsutvalet. Skuleåret 2016 – 17 er det fem lærarar som tar vidareutdanning gjennom «Kompetanse for kvalitet» (statleg satsing på vidareutdanning av lærarar). Plan for neste skuleår skal innehalda ein bolc der ein seier noko om korleis ein skal nå måla i ny forskrift om lærarkompetanse innan 10 år.

5.2.3.7 Gjennomføra økonomiske innsparingstiltak som vedtatt.

Sparinga er gjennomført (sjå tiltak under økonomi).



Utfordringar

- Elevane sitt læringsutbytte etter småskuletrinnet.
Vindafjord strevar med å koma opp på landssnittet på nasjonale prøvar i 5. trinn som syner læringsutbytte etter småskuletrinnet.
- IKT og digitalisering i skulen – ei rask utvikling som det er vanskeleg å vera ajour med både når det gjeld materiell og kunnskap.
Skulane har finansiert ei 40% stilling for m.a. å utarbeida ein strategiplan for digitalisering. Planen vil beskriva ståstad og framtid og skal vera ferdig i 2017.
- Lærarane sin faglege kompetanse.
35 lærarar manglar kompetanse etter ny forskrift i eitt eller fleire fag innan matematikk, norsk og engelsk. Tek ein med krava om at lærarar på ungdomstrinnet og skal ha kompetanse med minst 30 studiepoeng innan øvrige fag, og at alle som har spesialundervisning i faga skal ha denne kompetansen, blir talet høgare. Skal Vindafjord nå statleg mål om at alle lærarar skal ha kompetanse etter ny forskrift innan 2025, må talet på dei som får tilbod om vidareutdanning aukast.

5.2.4 SKULEFRITIDSORDNINGA

Hovudtrekk oppgåver og drift.

Sjukefråværet vert rapportert under skule. Skulane gir tilbakemelding om at sjukefråværet er høgare i SFO enn i skule. Det har ikkje vore tilsyn eller brukarundersøkingar i SFO i 2016.

Økonomi

Fleire ass./ fagarbeidarar arbeidar både i skule og SFO. Ved fråvær vert utgifter til vikar heilt rett fordelt.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Tal på elevar i SFO	172	202	250	223
Tal på elevar i ferie- SFO i Skjold og Ølen	18	22	25	33

Omglegging frå timar til dagar blei gjennomført frå hausten 2016. Ordninga skal evaluerast før opptak i SFO 1. mars 2018.

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

Tiltak i budsjett 2016

5.2.4.1. Tilpassa opptak til SFO i nytt skuleprogram.

Skuleprogram blei oppgradert våren 2016. Overgang frå timar til dagar letta arbeidet med opptaket til august 2016.

5.2.4.2. Vurdera tilbodsstruktur.

Sak om «Vurdering av tilbodsstruktur, opningstider og administrasjon av skulefritidsordninga» i OPOM 09.02.16 og KS 23.02.16.

Utfordringar

- Mange små barneskular med få elevar på 1. – 4. trinn gjer det vanskeleg å driva kostnadseffektivt. SFO kan i prinsippet organiserast til sjølvkost.
- Med overgang frå timar til dagar bør det jobbast med innhaldet i SFO tilbodet.

5.2.5 VAKSENOPLÆRINGA

Hovudtrekk oppgåver og drift

Skulen si oppgåve er å gi opplæring til vaksne innvandrarar i norsk og samfunnskunnskap etter Introduksjonslova og opplæring på grunnskulenivå og spesialundervisning for vaksne etter Opplæringslova. Skulen legg vekt på å tilpassa for den einskilde og ha ei drift som er effektiv og målretta. Målet er at deltakar skal koma seg vidare i eit ordinært skule- eller arbeidsretta løp som i framtida fører til arbeid. Modellen skulen arbeider etter nå, er ei fem dagars skuleveke. Deltakarane lærer norsk gjennom fleire fag, som naturfag, samfunnsfag, historie, matematikk og kunnskap om arbeidslivet. Å kunne norsk er avgjerande for god integrering. Deltakar får den første tida (1-2 år) opplæring på fulltid, og etter det språkpraksis i arbeidslivet.

Gjennomsnittleg sjukefråvær: 5,4%, (mål 4%).

Det er meldt 2 avvik.



I oktober gjennomførte kommunen medarbeidarundersøkinga 10- FAKTOR. Resultat frå denne viser at skulen kan arbeida betre med forventning, oppgåvefordeling og kompetanseutvikling.

Skulen har gjennomført to analoge interne brukarundersøkingar. Den eine om trivsel og tilpassa opplæring, den andre om målform. Resultat frå undersøkingane viste at elevane trivst godt, men ønskjer meir konstruktiv tilbakemelding på læring, utvikling og vegen vidare. Det var eit klart fleirtal for bokmål som skriftspråk i den andre brukarundersøkinga. Det har ikkje vore tilsyn ved vaksenopplæringa i 2016.

Økonomi

Innkjøp av læremiddel, IKT utstyr og noko inventar er dei største utgiftspostane. Skulen har hatt eit 80% engasjement i tillegg til vanleg stab frå hausten 2016 grunna stor auke i deltakarar. Det er pluss i resultat, og noko er blitt overført til fond. Statstilskot kjem inn på eit år, men skal rekkja til norsktimar uavhengig av tilskotsår

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Tal på elevar i norskopplæring	30	22	26	45
§4A-1 (grunnskuleopplæring for vaksne)	0	7	0	1
§4A-2 (spesialundervisning for vaksne)	14	13	12	14

Grunnskulestatistikk per 1. okt. 2016

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

Mål frå målkart kap. 4.3.

Flyktningar i arbeidslivet. Etter to år i introduksjonsprogrammet skal deltakarane vera kvalifisert for arbeid eller vidare skulegang.

Mål 55% Resultat 62,5%.

Dette er utrekna frå 8 deltakarar som kom i 2014, og om dei var kvalifisert til arbeid eller vidare skulegang oktober 2016. Dei fleste var vidare skulegang med tilrettelagte kvalifiseringskurs i regi av til dømes AOF og Næringsakademiet.

Tiltak i budsjett 2016

- 5.2.5.1 Samarbeid med NAV om programrådgjevar når det gjeld individuell plan og kvalifisering. Dette for å arbeida meir konstruktivt og samkjørt når det gjeld norskopplæring, praksis og kvalifisering mot vidare utdanning eller arbeid.

Med bakgrunn i tidlegare erfaring og Stortingsmelding16 «Fra utenforskap til ny sjanse», starta vaksenopp læringa hausten 2015 eit prosjekt for å sikra kvaliteten på kartlegging og tidleg innsats for nye flyktningar. VO har ansvar for fullt program i 38 veker i året. Ein byrjar å sjå effekt av ei meir intensiv opplæring. Fleire er betre kvalifisert til å møte arbeid/praksis. I slutten av 1. år og byrjinga av 2. år arbeidar programrådgjevar med å få kandidatar ut i språk/arbeidspraksis eller vidareutdanning. Auka tilskot til norskopplæring grunna auke i tal på flyktningar, 80% stilling og programrådgjevar i 100% stilling frå integreringstilskotet utgjer det økonomiske grunnlaget for eit tilbod fem dagar i veka. NAV/programrådgjevar har i tillegg ansvar for kurs og tilrettelegging utover skuleåret.



Kunnskapsdepartementet

Fra utenforskap til ny sjanse - Samordnet innsats for voksnes læring

Annette Skalde, Kunnskapsdepartementet



5.2.5.2 Førebu organisasjonen på auke i tal på flyktningar som treng opplæring i norsk

Ei mest dobling av deltakarar på norskopplæring gjer at Pc-riet på rådhuset er teke i bruk som undervisningsrom tre dagar i veka i tillegg til Helsehuset hausten 2016.

Utfordringar

- Undervisningsrom og undervisning i to bygg.
Frå og med 1.1.17 er det om lag 55 deltakarar i norskopplæring. Dette er ei dobling i høve 2015. I tillegg til Ølen helsehus har skulen rom på Rådhuset. Planen er å flytta denne verksemda over i dei gamle PPT lokala, inntil det nye Kultur- og læringscenteret står ferdig.
- Administrasjon
Auka mengde deltakarar set større krav til administrasjon og organisering av skuleverksemda. Ynskjet og målet er at den nye organiseringa skal bidra til ei betring og styrking på området.
- Administrativt program.
Vaksenopplæringa manglar administrativt program, noko som fører til meirarbeid og arkiv- utfordringar.
- Programrådgjevar i 100%.
Det viktige arbeidet med overgang frå opplæring i norsk til språkpraksis, vidare kvalifisering mot ordinær utdanning og arbeid er særskilt viktig. Programrådgjevar er nøkkelpersonen mellom skule og vegen vidare for deltakarar. Deltakarane har meir skule frå sitt heimland enn tidlegare, og dette må takast på alvor slik at dei kan koma raskt vidare.
- Nynorsk.
Kommunestyret vedtok i desember at vi skal i 2017 nytta nynorsk som skriftspråk i opplæring, noko som gir utfordringar i høve deltakarane, val av læremiddel og spesielt med tanke på vidare skulering. Skulen må gjennomføra vedtaket best mogleg for brukargruppa

5.2.6 PPT – Pedagogisk Psykologisk Teneste

Hovudtrekk oppgåver og drift

PPT for Etne og Vindafjord kommune har mandatet heimla i opplæringslova. PPT gjev tenester til 14 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet med spesialpedagogiske behov. PPT skal arbeida førebyggjande og bidra til tidleg innsats gjennom kompetanse- og organisasjonsutvikling. I tillegg er PPT sakkunnig organ for opplæring der lova krev dette. Det er 7,2 årsverk knytt til PPT. Sjukefråvær 2016 er 1,2%.

Ingen registrerte avvik. Ingen tilsyn. Ingen brukarundersøkingar.

Økonomi

Budsjett for 2016 var 4 036 456 kr og rekneskap viser 3 823 695 kr. Overskotet på 212 761 kr har årsak i større refusjon frå Etne kommune enn planlagt og mindre forbruksutgifter.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Aktive saker ved PPT	393	370	364	345
Aktive saker i Vindafjord	251	237	227	236

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

- 5.2.6.1. Utvikla kunnskap og kompetanse om organisasjonsutvikling og endringsarbeid gjennom Haugalandsløftet.
Det er starta arbeidsgrupper for kommunale samhandlingsprosjekt knytt til auka samhandling eigar- PPT- barnehage og eigar-PPT-skule. PPT deltek på styrarmøte, rektormøte, kommunale nettverksmøte, møte i barnehagar og skular og interkommunale nettverk og gjev kompetanse gjennom møte, kurs, minikurs, kontaktdagar, deltek på foreldremøte m.m.
- 5.2.6.2. Auka kompetanse om fleirkultur og fleirspråklegheit med fokus på førebygging, kartlegging, utgreiing og tiltak.
*PPT samhandlar med skule i kommunalt nettverk med fokus tidleg innsats, tilpassa opplæring og kartlegging av barn med fleirkulturell og fleirspråkleg bakgrunn.
PPT gjev rettleiing til barnehagar og skular etter behov.*
- 5.2.6.3. Auka kunnskap om problematisk skulefråvær og samhandla for å implementera ny rettleiar.
PPT gjev rettleiing til skular etter behov, både med fokus på bruk av kommunal rettleiar og knytt til individ saker.
- 5.2.6.4. Utvikla kvalitet i sakshandsaming og styrkja analysearbeid
Jobbar med å utvikla kollektive standardar i sakkunnig utgreiing.



5.2.6.5. Utvikla kunnskap, haldningar og god praksis knytt til individ- og systemretta arbeid gjennom tverrfagleg samarbeid.

PPT jobbar med dette i interne møte, deltek i tverrfagleg prosjektet, BIR, BTI, er aktiv i Haugalandsløftet og i utvikling av leseplan i Vindafjord.

Utfordringar

- **Utviding av mandat.**
Frå 1.08.2016 er det kome lovendring knytt til spesialpedagogisk hjelp i barnehage. Spesialpedagogisk hjelp er flytta frå opplæringslova til barnehagelova, og PP-tenesta har fått utvida mandat. Tenesta skal frå 1.8.16 støtta barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å leggja til rette barnehagetilbodet for barn med særlege behov.
- **Kompetanse.**
Utdanningsdirektoratet sine kvalitetskriterium for PP-tenesta er å vera «tett på» barnehagar og skular i organisasjonsutvikling, kompetanseutvikling, førebygging og rettleiing. I tillegg er PP-tenesta kommunen sitt sakkunnege organ knytt til opplæring. PP-tenesta må til ei kvar tid vera ei fagleg kompetent teneste, både når det gjeld pedagogikk og psykologi, då dei tilsette skal utgreia saker og rettleia andre med høg utdanning og høg kompetanse. Tre av dei tilsette har masterkompetanse. Målet er at alle dei tilsette skal ha ei slik utdanning. Kontoret treng også god kartleggingskompetanse; blant anna auka kompetanse i evnetesting.
- **Overgang til nytt brukarprogram og overgang til fullelektronisk arkiv.**
Brukarprogrammet PPI er i ferd med å bli avslutta. Ved overgang til fullelektronisk brukarprogram vil dette omfatta overgang frå papir til fullelektronisk arkivering. Dette vil krevja økonomi, opplæring, kompetanse og tilpassing til to kommunar med ulike sakshandsamingssystem og ulike arkivsystem.
- **Logoped.**
Barn i grunnskulen og vaksne med særskilt behov for opplæring har rett til tilbod om logoped frå kommunen. Kommunen treng oppretta stillingsheimel for logoped eller inngå samarbeidsavtale med annan kommune om ei slik stilling. Kommunen treng både logopedkompetanse i førebyggjande arbeid og logoped som kan behandla brukarar.
- **Utvida stillingsheimel.**
Med utvida mandat gjennom Barnehagelova §19, samt tydeleggjering av PPT sine oppgåver gjennom «Kvalitetskriterium i PP-tenesta» frå Udir, 21.09.2017, er det trong for oppretting av ny stilling i tenesta.



Brei tverrfagleg satsing for barnehagane der PPT er viktig medspelar

Foto: Vindafjord kommune

5.2.7 KULTUR

Eining kultur omfattar kultur, kulturskule, bibliotek og ungdomsklubbverksemd. Eininga har hovudansvar for spelemiddelsøknader, samarbeid og tildeling av tilskot til idrettslag og andre frivillige organisasjonar. Museum og bygdebokarbeid vert administrert frå eininga. Tilskotet til drift av Vindafjordhallen vert rekneskapsført på eining kultur. Frivillig-sentralen er ei avdeling underlagt eining kultur.

Hovudtrekk oppgåver og drift

Kultur generelt jobbar med kulturplanar, prosjekt og kulturoppgåver m.a. tilskotstildeling til lag og organisasjonar. Hovudansvaret for spelemiddelordninga ligg til kultur. UKM hadde også i år stor deltaking med mange dyktige deltakarar. «Ut på tur i Vindafjord» er viktig for innbyggjarane og 250 gjekk alle turane. Prosjekt bygdebøker er inne i siste fase, manus skal vera trykkeklart 1.1.2018. Neste år er det redigeringsarbeid av manus, bildeinnsamling og innhenting av tilbod på trykking av bøkene som skal gjennomførast.

Økonomi

Kultureininga leverte godt under budsjett i 2016. Grunna god økonomisk styring, og mindre utgifter til ungdomsarbeid.

Kulturskulen

Kulturskulen skal vera eit offentleg undervisningstilbod i kunstfag til alle interesserte i kommunen. Tilbodet skal omfatta både musikkopplæring og opplæring i andre uttrykk. Barn og unge er hovudmålgruppe for kulturskulen sitt tilbod (frå kommuneplanen 2007-2018).

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

Vindafjord kulturskule	2013	2014	2015	2016
Elevar i grunnskulealder 6-15 (GSI)	223	216	207	237
Elevar over grunnskulealder (GSI)	22	17	22	15
Elevplassar (GSI) ein elev kan ha to plasser t.d. dans og piano	261	258	264	260
Venteliste (GSI)	93	80	82	74
Korps (sal av timar, medlemene er ikkje registrert i kulturskulen)	60	60	60	50
Tilbod i barnehage	150*	200*	100*	100
Sal av timar til grunnskule(100% finansiert av grunnskule)	50	72	72	36**

*Var i hovudsak dekket av prosjektmidlar fram til 2015. Frå 2017 betalar dei for tenesta.

**Kun første halvår 2016.



Vikedal Roots Music Festival gjennomførte eit godt arrangement 2016

Foto: Vikedal Roots

Biblioteket skal:

sikra tilgang til kunnskap og kultur for alle innbyggjarane og medverka til at brukarane skal kunna nytta informasjonen til kunnskapsdanning.

Brukarundersøkinga 2016:

Svarprosent i kommunen på 24%.

Statistikken syner at Vindafjord bibliotek skorer litt under snittet på alle åtte områda det blir spurt om.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

Vindafjord bibliotek	2013	2014	2015	2016
Utlån	27.090	25.278	27.156	23.562
Besøk	13.365	12.167	12.426	12.004
Utlån e-bøker			872	2104
Bokkassar til skulane	45/1508	47/1469	73/2488	42/1335
Sandeid fensel (SF) besøk/snitt pr veke	1837/38	2027/40,5	2468/51,5	2218/46
SF utlån bøker/digib./snitt pr soningsplass	3888/44	4304/49	5896/67	4785/54

Ungdomsklubbverksemda har gjeve eit viktig tilbod til uorganisert ungdom. Ved nyttår nå er kommunal drift avvikla og vil bli organisert ved frivillig innsats vidare.

Ungdomsklubbverksemda	2013	2014	2015	2016
Timar ope i veka i gj.snitt	4	4	4	4
Totalt tal på opningstimar	126	132	96	80
Besøk i ungdomsklubben snitt pr. gang	15	11	14	14
Årsverk i fritidsklubb (Hippo og Public)	1.0	1.0	0.4	0.4

Eining kultur samarbeider med mange einingar, i ulike prosjekt som «Den kulturelle Spaserstokken», «Den kulturelle skulesekken», prosjekt turkart, «Ut på tur i Vindafjord».

Sjukefråvær

Fråvær totalt i kommunen er gjennomsnittlig på 6.2 %, eining kultur har eit gjennomsnitt på 4 % som er lågt.

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

5.2.7.1 Halde fram arbeid med kommunedelplan for kulturminn og kulturmiljø med resterande tema, samt SEFRAK.

Det jobbast med dei resterande 6 tema og det er lagt opp til at planen skal vere klar i løpet av 2017. Fylkeskommunen har evaluert SEFRAK-materialet og det gjenstår arbeid med å få lagt det inn i kartdatabasen.

5.2.7.2 Ungdomsklubbverksemda: Tradisjonell klubbdrift (Public) skal leggest om. Det skal Avklarast ny modell for ungdomsarbeidet.

Det har vore drift med 20% stilling på Hippo og i Public, frå nyttår nå er budsjettet redusert og kommunal drift avvikla.

5.2.7.3 Vindafjord bibliotek skal styrka samarbeid med barnehagane og skulane.

Gjennom samarbeid mellom Vindafjord bibliotek, skule- og barnehagesektoren, føreligg det nå ein plan (sak 16/2763) for samarbeid ferdigstilt pr 30.11.16. Tiltaka er innarbeidd i årsrutinane

5.2.7.4 Vidareutvikle samarbeidet med Den kulturelle skulesekken og spaserstokken.

Rektor i kulturskolen er kommunekontakt/koordinator for Den kulturelle skulesekken i Vindafjord, og har budsjett og økonomiansvar for ordninga. Målområde kultur, tilbod til barn og unge, andel elevar i musikk- og kulturskole i % av antall barn i alderen 6-15 år. I følge GSI, så har ein eit resultat med 0,7% auke i målgruppa frå sist år. Elevtals-auke, er i hovudsak på grupper for dans. Ventelista for opplæring på instrument er framleis lang.

5.2.7.5 Frivilligsentralen skal opprett småjobbsentral.

Småjobbsentralen er oppretta.

5.2.7.6 Kommunen skal stimulera til frivillig engasjement for å styrka integreringa av flyktningar.

Det blei gjort ei auke i tilskot til organisasjonar for barn og unge på kr 100.000. I K-sak 089/16 blei det vedtatt at det årleg skal vere samarbeidsmøte med frivillige lag og organisasjonar, organisert av eining kultur og lærings senteret for å prioritere tiltak retta mot integrering av barn. Det blei halde møte hausten 2016, ulike tema blei prioritert og skal jobbast vidare med. Midlar blei ikkje tildelt i 2016.




5.2.7.7 Opprettinga av fond for forskottering av spelemidlar, finansiert med 10 mill frå «Raunesfondet»
Det er oppretta fond og utbetalt frå fondet til forskottering av spelemidlar i 2016.

5.2.7.8 Lokalhistorisk materiale, protokollar, bilete, ulike skriv, utklypp med meir frå Ølen og Vindafjord er lagra i ulike private lokale og heimar. Ei arkivordning for lokalhistorisk aterial skal utgreiast. Ei sak vert lagt fram for DUK i 2016.
I sak 030/16 i DUK blei det vedtatt at lag og organisasjonar og privatpersonar får tilbod om kostnadsgritt å levere arkivmateriale for oppbevaring til Vindafjord kommune. Kommunen leverer materialet vidare til interkommunalt arkiv i Rogaland for oppbevaring og ordning.

Utfordringar

Kultur generelt har eit stort fagfelt og relativt små ressursar, og det handlar om å få behalde budsjettmidlane. Samarbeid med lag og organisasjonar og frivillig sektor er viktig, samt samarbeid med andre einingar. Gi nok støtte, også økonomisk, til dei frivillige for den gode kulturinnsatsen dei gjer for kommunen. Den nye administrative organiseringa av eininga er viktig, og nytt kulturhus vil gi eit stort løft for kulturtenestene i kommunen.



Over : 'Ølmedal Rundt' er eit populært årvisst idrettsarrangement som går av stabelen i pinsehelga kvart år.

Over:t.v: «Ut på Tur» har svært mange deltakarar. Tilveksten med særskilt tilrettelagte turar har slått godt an.

T.v: Erika Fatland var årets forfatter i 'Heile Rogaland les' og var sjølv på biblioteket og fortalde om reisa si som vart opphavet til boka.

5.3 RAMMEOMRÅDE HELSE- OG SOSIALOMSORG

5.3.1 Resultat Helse og sosialomsorg

Rammeområdet helse og sosialomsorg omfattar einingane Helse og Psykiatri, Ølen Omsorgssenter, Vindafjordtunet, Tilrettelagde tenester, NAV Vindafjord og Barneverntenesta.

Brukarar og tenesteyting

Det er ei vedvarande utvikling der kommunen har fleire alvorleg sjuke enn før, og fleire med komplekse utfordringar. Fleire pasientar på institusjon og i heimetenestane treng meir hjelp og meir spesialisert hjelp. Dette viser m.a. igjen ved at kommunen har aukande utgifter til desse tenestene. Fleire pasientar har behov for ein- til ein-bemanning. Dette gjeld særleg personar som er demente og/eller har psykisk sjukdom.

Organisasjon og drift

Med bakgrunn i RO-rapporten frå 2015 har ein arbeidd med fleire organisatoriske endringsprosessar. Ved slutte av året var ein klar for å starte opp eit tenestekontor. Føremålet er å samle alle vedtak innan helse og omsorg på ein stad, under ei leining. Dette for å i større grad kvalitetssikre vedtaka og sikra best mogeleg ressursnyting.

Vidare har ein arbeidd med organisering av pleie og omsorgstenestene. Dette arbeidet held fram i 2017

Andel melde avvik har gått kraftig ned. Det er viktig å analysa årsaka til dette.

Rekruttering og kompetanse

Rekruttering av personell, særleg sjukepleiarar, er og vil bli, utfordrande. Dette har stor innverknad på drifta og kvaliteten på tenesta. Mangel på nøkkelpersonell gir negative ringverknader fordi nyutdanna sjukepleiarar helst vil arbeida i gode og sterke fagmiljø.

I åra framover vil ein ha dårlegare tilgang til personale. Kommunen må gjera seg attraktiv for framtidige arbeidstakarar. Det må arbeidast fram ein felles og god rekrutteringsplan. Ein må arbeida aktivt for å skapa attraktive arbeidsplassar.

Økonomi

	Regnskap	Budsjett	Justert budsj	Avvik	%-
	2016	2016	2016		forbruk
Utgifter	290 422 217	252 427 196	267 584 945	-22 837 292	108,5
Inntekter	-78 274 848	- 53 169 334	-58 757 576	19-517 332	133,2
Netto utgifter	212 147 369	199 257 862	208 827 429	-3 319 940	101,6

Dette rammeområde har det største overforbruket. Sjølv med auka inntekter har tenestene negativt resultat. Dette gjeld for alle tenestene i rammeområde med unntak av Tilrettelagde tenester. Hovudårsaken er stadig meir krevjande pasientgrupper og meir «ein til ein tenester». Det blir viktig å arbeida godt med tenestetilbodet og budsjettarbeidet fram mot 2018 - budsjettet.

Budsjettet vart vedtatt med ein styrking av øyeblikkeleg hjelp senger, legevakt og barnevern med til saman 4,5 mill. kr. Vidare var det vedteke innsparing på 1 mill. som følgje av avvikling av helsesamarbeidsprosjektet og av folkehelseinspirator stillinga. Dette er gjennomført. Planlagt innsparing på 700.000 kr innan psykiatri/tilrettelagde tenester vart tilbakeført ved 1. tertial, då det viste seg ikkje å vera grunnlag for denne innsparinga.

Ved første tertial vart pleie og omsorgstenestene styrka med 1 mill. kr og tilrettelagde tenester med 1,2 mill. med finansiering med auka inntekter til ressurskrevjande tenester.

Strategiar og tiltak for 2016 – resultatvurdering

5.3.1.1 Med hovudfokus på kvalitet, ansvarleggjering og god ressursutnyting innan resultatområde skal ein arbeida for eit framtidig tenestetilbod som sikrar heilhet og fleksibilitet i tenesta til beste for tenestemottakarane.

Pågåande arbeid

5.3.1.2 Avvikla helseprosjekt og folkehelseinspirator.

Utført

5.3.1.3 Endra organisering i deler av pleie og omsorg. Sjå på leiarstruktur og andre organisasjonsendringar innan Psykisk helse og Tilrettelagde tenester

Pågåande arbeid, deler av endring av organiseringa er gjennomført.

5.3.1.4 Gjennomføring av lik praktisering og gjennomføring av vedtak når det gjeld praktisk bistand for alle tenestebrukarar

Gjennomført.

5.3.1.5 Auka inntekta når det gjeld ressurskrevjande tenester som konsekvens av meirutgifter i allereie eksisterande ressurskrevjande tenester.

Gjennomført som ein konsekvens av meirutgifter.

5.3.1.6 Auka innsatsen når det gjeld bruk av kvardagsrehabilitering som metode i tenestene

Lagt inn som tiltak i budsjett 2017. Kvardagsrehabilitering er tatt i bruk som metode, erfaringa og tilbaketilgangane frå brukarane av tenestene er positiv. Målet er å vidareføra og utvikla arbeidet med kvardagsrehabilitering i heimetenesta.

Utfordringar

- Balanse i økonomien innan rammeområde
- Utvikla betre budsjetterings og styringsverktøy
- Arbeide langsiktig for større andel av heiltid bland tilsette



5.3.2 BARNEVERN TENESTA

Hovudtrekk oppgåver og drift

Tenesta flytta inn i nye lokale på Rådhuset våren 2016 og er no samlokalisert med helsestasjon, tilrettelagte tenester, open barnehage og psykisk helse.

Sjukefråvær 7,3%. Fråværet går ned, men er framleis over målsetjing på 4%.

Tenesta har vore omfatta av to tilsyn. Det er ikkje fleire opne avvik. Tenesta er i dialog med Fylkesmannen om lukking av dei resterande avvika.

Ny leiar kom på plass april 2016. Ny fagleiar tilsett november 2016 grunna lovfesta permisjon. Rundt halvparten av sakshandsamarane har gått i eller kome tilbake frå fødselspermisjon i løpet av året. Trenden ser ut til å fortsetja i 2017. Vidare er saksmengda i tenesta i sterk vekst. Kombinasjonen har gjort det særleg krevjande å nå dei nødvendige og lovfesta kvalitetskrava.

Økonomi

Totalt brukte tenesta 105,5% av budsjetterte midlar, noko som gav eit meirforbruk på kr 930 582. Av dette hadde barnevernadministrasjon eit overforbruk på 583 586,-. Rundt halvparten skuldast ikkje budsjetterte utgifter til husleige og kjøp av konsulenttenester.

Barneverntiltak i familien – Vindafjord, brukte 80% av budsjettmidlane. Sjølv om ein brukte meir på tiltak som foreldre & barnsenter, gav reduksjon i bruk av lønsmidlar og konsulent eit overskot. Tenesta er nå i gong med å utvikla tiltak som skal gje fleire tiltak i familieane til ein lågare kostnad. Dette er eit langsiktig arbeid. Barneverntiltak utanfor familien – Vindafjord brukte 109% av budsjetttramma. Overforbruket skuldast i hovudsak kostnader knytt til godtgjering av fosterheimar og konsulenttenester som gav rettleiing til fosterheimane.

	2013	2014	2015	2016
Tal på meldingar			59	87
Starta undersøkingar			35	71
Avslutta undersøkingar			60	70
Barn med berre hjelpetiltak			52	57
Barn med omsorgstiltak			23	22
Melding behandla innan frist (1 veke)				100%
Undersøking behandla innan frist (3/6 mnd)				44,5%

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

Tenesta rapporterer frå i år på dei same nøkkeltal for tenesteyting og kvalitet som meldast til SSB og Fylkesmann. Tala kan og er blitt kvalitetssikra tilbake til 2015 med same metode og same grunnlag.

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

- 5.3.2.1 Etablera stabil leing i eining
Leing er på plass.
- 5.3.2.2 Tilsetja ein fagressurs for rettleiing og intern kvalitetssikring.
Det er tilsett fagleiar i tenesta.
- 5.3.2.3 Jobba målretta for å få ned sakshandsamingstida.
Status når det gjeld sakshandsamingsfristar er framleis ikkje tilfredsstillande, men utviklinga går i rett retning. Alle meldingar blir handsama innan fristen på ei veke. Når berre 44,5% (Vindafjord) og 71% (Etne) av undersøkingane blir ferdige innan fristen, skuldast det periodevis redusert kapasitet og ein auke av meldingar og undersøkingar frå 2015 til 2016.
- 5.3.2.4 Vektleggja og leggja til rette for rettleiing og intern kvalitetssikring, byggja opp og sikra kompetansen ytterlegare i barnevernseininga.
Sakshandsamarane får jamnleg rettleiing etter oppsett plan. Kompetanseplan planlagt ferdigstilt i 2017. Det er arrangert fire interne fagdagar. Personalmøte kvar 14. dag. Medarbeidersamtalar er gjennomført for alle tilsette.
- 5.3.2.5 Evaluera det interkommunale samarbeidet og den nye organiseringa i 2016.
Det vert gjennomført månadlege statusmøte med Etne kommune. Samkøyring av kultur og praksis i den samanslåtte barneverntenesta er ferdigstilt.. Evaluering av samarbeidsavtalen vil skje fyrste halvår 2017.
- 5.3.2.6 Sørgja for at alle tilsette blir gjort kjent med- og fylgjer- rutine, og få på plass eit system som gjer at desse blir gjennomgått med nyttilsette, vikarar og tilsette som kjem tilbake frå permisjon.
Sakshandsamarane får jamleg rettleiing etter oppsett plan.

- 5.3.2.7 Bruka risikoanalysen aktivt i arbeidet med å betra tenestene, og setja i verk tiltak der det er naudsynt.
Risikoanalysen som er gjennomført nyttast i det daglege arbeidet.
- 5.3.2.8 Oppmoda alle tilsette til å bruka avvikssystemet for kontinuerleg å kunna identifisere nye, moglege risikoar
Opplæring og oppfrisking skjer på personalmøte.

Utfordringar

- Etablera barnevernvakt
«Kravet til forsvarlige tjenester i barnevernloven tilsier at alle kommuner må ha tilstrekkelig og riktig kompetanse tilgjengelig utenom vanlig kontortid. Barnevernloven er ikke til hinder for at flere kommuner samarbeider om akuttberedskap». Plan om oppstart av interkommunalt samarbeid i 2017.
- Tilstrekkeleg bemanning til ei kvar tid
Eit viktig tiltak for å sikra kvalitet og utviking av tenesta er å ha tilstrekkeleg bemanning til ei kvar tid. Dei seinaste åra har lovfesta permisjonar og anna fråvær ført til periodar med lågare bemanning. For å nå lovkrav er kapasiteten auka med konsulentbistand, noko som vert dyrare.
- Utvikling av tiltak i familieane
Det er ny kunnskap om kva tiltak som er gode for å støtta sårbare familiar og som kan førebyggja alvorleg omsorgssvikt. Som ei samlenemning vert desse tiltaka kalla for endringstiltak. Det er varsla at det statlege barnevernet BUFETAT vil få ansvar for færre endringstiltak frå 2020 og kommunane fleire. Det er nødvendig at barneverntenesta organiserer seg slik at dei er førebudd på dei strukturelle endringane som vil koma og held fram med å dreia ressursbruken frå tiltak utanfor heimen til tenester i heimen.
- Juridiske tenester på anbod
Det føreligg eit vedtak på å leggja ut anbod på kjøp av juridiske tenester. Dette er og nødvendig for å nå lovkrav.

5.3.3 HELSE- OG PSYKIATRITENESTER

Hovudtrekk oppgåver og drift

Tenesta er inndelt i fleire ulike avdelingar og tenester:

- Psykisk helseteneste for barn/unge, vaksne og Heildøgnbemanna omsorgsbustader
- Skule/helsestasjon og jordmorteneste
- Legeteneste
- Fengselshelseteneste
- Fysio-/ergoterapiteneste
- Interkommunal legevakt Vindafjord/Etne
- I tillegg er leiar og koordineringsarbeid for det Psykososiale kriseteamet i kommunen lagt til einingsleiar.

Det samla sjukefråværet for eininga i 2016 var fem prosent. Det er gjennom året registrert fire avvik og ein pasientklage.

Økonomi

Eininga har hatt eit samla overforbruk på kr. 379 000, dvs. om lag ein prosent av budsjettet som er på kr. 41 666 000. Undervegs i året er det blitt tilført midlar til legevakt. Det var ikkje lagt inn endringar i budsjettet til ny drift av den interkommunale legevakta som starta opp vinteren 2016. Mykje av overforbruket er lønsmidlar til legevakt. Det har vore vanskeleg å koma med eksakte tal for drift av legevakt p.g.a. heilt ny ordning.

Psykisk helseteneste:

Gjennomførte brukarundersøking i haust. Teneste skåra lågare på brukarmedverknad enn elles i landet. For å oppnå betre brukarmedverknad har ein starta opp med brukarråd igjen. Tilsette har og delteke på kurs i brukarmedverknad. På områda respektfull behandling og resultat for brukaren var det høg skår - 3,5 og 3,6 av 4 som var høgast.

Barne og familierettleiarane har i 2016 hatt 118 aktive saker. Sakene er av ulik art. Det er familiar som har samspelsvanskar, barn og familiar i sorg og krise, barn med angst, familiar med samlivsbrot, barn med psykososiale vanskar og sårbarheit. Dei har hatt oppfølging av fosterheimar. Utviklinga viser auke i alvorlege saker – der barn er utsett for/ vitne til rus og vold. Sakene er meir komplekse og samansette enn tidlegare. Det er tett samarbeid med føresette. I mange av sakene er det og eit tett samarbeid mellom fleire kommunale instansar og med spesialisttenesta utanfor kommunen.

Psykisk helseteneste –vaksne

Innsøkjinga til psykisk helseteneste auka i 2016. Dei fleste blei søkt inn av offentlege instansar t.d. lege, Distriktspsykiatrisk senter (DPS), pleie og omsorg, jordmor, NAV o.l. Vilkåra for å få hjelp frå DPS er endra. Det er vanskelegare å få poliklinisk behandling der no enn tidlegare. Kommunen må førebu seg på ta imot fleire av dei pasientane som gjekk til poliklinikkane før. I 2016 var det fleire personar under 25 år som hadde utfordringar med å takla kvardagen.



Rustenesta:

Ruskonsulentane har drive individuell oppfølging, og det har vore to brukarar i rusbehandling dette året. Tilskotsmidlar frå Helseidrettsrådet er nytta til lågterskel aktivitetstilbod. Der fekk fleire rusavhengige fylt dagen sin med meningsfull aktivitet. Prosjektmidlane blei ikkje vidareført og prosjektet blei lagt ned sommaren 2016.

Hauatunet – Heildøgnsbemanna omsorgsbustadar

Det er personar med tunge psykiatriske diagnoser som bur på Hauatunet. Personalet har jobba målbevisst med miljøarbeid og arbeidstrening. Det har vore husmøte (brukarmøte) fleire gonger dette året og oppmøtet har vore bra. Tenesta får rettlegeing frå psykosepolikliniken på Haugaland DPS ca. kvar 14. dag.

Det er gjennomført medarbeidarundersøking, og arbeidsmiljøet har utvikla seg i positiv retning i 2016.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Psykisk helse -Barn og familierettleiar	119	121	116	118
Herav nye	53	50	52	57
Psykisk helse vaksen	119	121	109	122
Herav nye	53	50	51	64
Psykisk helse dagsenter	48	51	49	43
Miljøarbeid i heim	9	9	10	10
Rus/Rop			27	26
Rus - Prosjekt kommunalt rusarbeid				
Arbeidsrelatert			6	6
Aktivitetstilbod			5	5

Utfordringar :

- Samarbeida med andre instansar, felles forståing til beste for brukar
- Fleire brukarar med eit omfattande og samansett hjelpebehov/ brukarar med kognitiv svikt etter rusmiddel bruk
- Utvikla tenesta til å takla dei utfordringane som ligg i nasjonale føringar – at pasienten skal behandlast i kommunen og mindre i sjukehus
- Behov for ei avdeling for dei pasientane som ikkje passar inn i vanlege somatiske avdelingar (dei som fell mellom alle stolar, som har utfordringar innan fysisk helse, psykisk helse og rus)
- Auka brukarmedverknad
- Stabilisera personalbasen
- Jobba vidare med å utvikla og behalda eit godt arbeidsmiljø

Fengselshelsetenesta

Mange av dei innsette har eit massivt misbruk av rusmidlar. Det medfører tett medisinsk oppfølging den første tida. Innsette som møter til soning har ofte samansette helseplager. Dette medfører stort behov for oppfølging av lege og sjukepleiar.

I juni gjennomførte Fylkesmannen tilsyn. Det vart rapportert eit avvik, som ein er i gong med å lukka. Det blei også i løpet av våren gjennomført Farmasøytisk tilsyn. Konklusjon:

»Sandeid Fengsel presenterte seg i god tilstand med dyktige medarbeidare som legg stor vekt på at legemiddelhåndtering skal bli gjennomført i henhold til lovverket og interne prosedyrer. «

Store delar av hausten har det pågått ombygging av delar av bygningsmassen. Difor har det vore ca. halvparten innsette, noko som også kjem fram i tal på samtalar (tabellen under).

Prosjekt 'Unge og rus' i Sandeid fengsel

Prosjektet er eit samarbeid mellom Helse Fonna, Kriminalomsorga og Vindafjord kommune. Starta opp i august 2015 med gruppesamtalar med innsette frå Fonnaområdet, som er i målgruppa. Prosjektet skal fanga opp unge mellom 18-25 år, i rusmiljøet, som ikkje har eit behandlingstilbod frå før. Det har vore utfordrande å finna kvalifisert personell til, og utfordrande å rekruttera innsette innanfor målgruppa.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Legemiddelassistert rusbehandling (LAR)	25	25	46	56
Legemiddelutdeling (Dosettar i snitt pr. veke)	46	45	50	46
Samtalar/konsultasjonar med lege/sjukepleiar	7071	5419	9531	5530
Samtalar/konsultasjonar med sikkerheitstiltak	70	73	87	56



Utfordringar

- Kontinuera jobben med nye innsette og behalda allereie gode rutinar i det daglege arbeidet.
- Få betre tid til motiveringssamtalar med innsette.
- Arbeida kontinuerleg for å betra samarbeid med tilsette i Sandeid Fengsel.

Helsestasjonen, skulehelsetenesta og jordmorteneste

Vindafjord helsestasjon har i 2016 utført helsestasjonsprogrammet ut frå rettleiar, bortsett frå 17-18 mnd. konsultasjon. Dei som hadde behov fekk tilbod om nødvendig oppfølging. Open helsestasjon var godt besøkt og er etter kvart eit kjent tilbod. Det har vore ein auke i tal fødsler frå 2015. Det har og vore ein stor auke i tal flyktningfamiliar som krev mykje oppfølging. Helsesøster hadde trefftid på alle grunn- og vidaregåande skulane i Vindafjord. På ungdomskulane var helsesøster ein heil dag i veka.

På dei to vidaregåande skulane auka ein i 2015 samtaletida frå ½ til ein heil dag per veke pga. tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet. Dette har vore positivt for elevane. Dette har ein prioritert også i 2016.

Problemstillingar helsesøster møter er allsidig, men ein ser ein auke i behovet for hjelp knytt til psykisk helse. Dei mest aktuelle problemstillingane er depresjon, sjølvskading, skilsmisser, einsemd, mobbing og vanskelige heimeforhold.



Kvar torsdag kl 12—14 er det babytreff på Helsestasjonen

Foto: Vindafjord kommune

Smittevern.

For å ta unna for eit auka behov, har ein i periodar nytta meir ressursar enn budsjettert. Rutinane for mottak av nye flyktningar er betra gjennom året, men det er ønske om meir ressursar til førebyggjande arbeid.

Akuttinnkvartering for asylsøklarar (Westcon)

Vindafjord kommune hadde akuttinnkvartering for flyktningar i perioden 13.11.2015 - 29.02.16. Der var det 353 personar frå 17 ulike nasjonalitetar. Av desse var 37 personar mellom 0-18 år. Kommunen sytte for nødvendig helsehjelp (legevakt) og tannlegeteneste, samt oppfølging og utføring av tuberkulose screening/smitteoppsporing.

Jordmor:

Jordmor var på heimebesøk til stort sett alle nybakte foreldre, 1-4 dagar etter heimkomst.

Dette er eit viktig førebyggjande tiltak som er med å ivareta mor og det nybakte barnet endå betre når det gjeld den psykiske og fysiske helsa i tida etter fødsel og begynnande barseltid. Jordmor i Vindafjord hadde svangerskapskurs på Frisk i samarbeid med Stian Haugland. Det er kurs gjennom heile året. I 2016 deltok ca. 25 gravide frå Vindafjord på kurset.

Statistikk Helsestasjonen	2013	2014	2015	2016
Fødselstal	101	115	95	115
Framandspråkleg	16	20	8	33
Heimebesøk	98	115	95	115
Samtaletid grunnskule	409 jenter 152 gutar	322 jenter 158 gutar	287 186	557 352
Samtaletid vidaregåande skular	154 jenter 17 gutar	127 jenter 23 gutar	145 jenter 26 gutar	227 jenter 29 gutar

Statistikk smittevern	2013	2014	2015	2016
Nyoppretta smittevernjournalar	132	117	143	115 tot
MRSA			36	9
Tuberkulose screening				86
Smitteoppsporing				20
Noricom tlf. tolk			109	122 tot
Arbeidsinnvandrarar				7
Flyktning				83
Helsestasjon/jordmor				32

Utfordringar

- Totalt manglar Vindafjord helsestasjon ift normtal 248% helsesøsterstilling.
- Det har i 2015/16 blitt tildelt nye arbeidsoppgåver til helsestasjon/skulehelsetenesta (utan auke i ressursar).

Fysio- og ergoterapitenesta

Avdelinga behandla flest born og eldre. I tillegg var det mange hjelpemiddelsøknader hjå både fysio- og ergoterapeut. Ventelista for born og korttidspasientar var kort. Langtidspasientane på sjukeheimane i kommunen hadde eit svært redusert fysioterapitilbod.

Kommunen deltok i KS sitt effektiviseringsnettverk for kvardagsrehabilitering. Dette nettverket vart avslutta i juni 2016. Kvardagsrehabilitering er endå ikkje etablert som eit fast tilbod. Det blei avslutta elleve brukarar. Dei var svært nøgde med tilbodet. Funksjonsnivået gjekk opp i løpet av perioden. Det var ei utfordring å få kandidatane til å ta ansvaret sjølv i etterkant for å halda funksjonsnivået oppe også etter avslutta treningsperiode.

Det har vore ei 40% ekstra stilling til å drifta prosjektet med kvardagsrehabilitering

Utfordringar:

- Låg fysioterapi- og ergoterapidekning i kommunen
- Utvikla ei Rehabiliteringsavdeling

Legetenesta

Kommunen har elleve fastlegeheimlar og ein turnuslege. Det blei i kommunestyret i desember -16 bestemt at ein skulle sjå på moglegheita for lik drift av alle legekontora. I dag er eit kontor heilt privat drive. Legesituasjonen har vore stabil heile 2016. Det har ikkje vore behov for å leiga inn vikarlege.

Interkommunal legevakt:

Våren 2016 blei det endra tilbod på legevakt. Opningstid frå kl. 15.00- 23.00 på kvardagar og frå kl. 08.00 – 23.00 på helg. Det var også tilstades vakt for lege og sjukepleiar på heile vakta. Ein er i gong med å planleggja nytt bygg for legevakta, Ølen legekantor, brann- og ambulansestasjon.

Utfordringar:

- Økonomi knytt til legevakt
- Sjukepleiar på alle vakter

Strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

5.3.3.1 Kartleggja behov for tenester rusmiddelavhengige i økonomiplanperioden

Gjennomført ved bruk av brukarplan, eit verktøy for å kartleggja omfanget av rus- og psykiske problem blant tenestemottakarar i kommunen.

5.3.3.2 Arbeida for å auke statstilskot til fengselshelsetenesta

Det er auka med 40% stilling frå 01.01.2017

5.3.3.3 Sjå på alternativ for å styrkja fysio- og ergoterapitenesta i kommunen

Dette må det arbeidast vidare med i 2017

5.3.3.4 Gjennomgå legetenesta i kommunen i forhold til organisering, oppgåveløysing, tilgjenge, mm.

Oppstart vinter 2017

5.3.3.5 Styrkja smittevernarbeidet i kommunen. Nye rutinar er på plass

Dette må det arbeidast vidare med i 2017

5.3.3.6 Evaluera ny interkommunal legevaktsordning hausten 2016

Den økonomiske delen er evaluert og ny avtale blir ferdigstilt feb.2017

5.3.3.7 Auka innsats når det gjeld bruk av kvardagsrehabilitering som arbeidsmetode

Avklaring i løpet av 2017



Tilskotsmidler frå Helsedirektoratet har ført til auke i helsestasjonstenesta på vidaregåande skule



Kvardagsrehabiliteringsteamet klart for innsats

Foto:Vindafjord kommune

5.3.4 TILTRETTELAGEDE TENESTER

Hovudtrekk oppgåver og drift

Eining tilrettelagde tenester gjev målretta miljøtenester. Tenestene er personleg, sosialt og fysisk tilpassa enkeltmenneske sitt behov. Formålet er å fremja personleg vekst og utvikling, eigenmeistring og deltaking på lik line med andre i samfunnet.

Eininga består av 3 bufellesskap som gjev heildøgns tenester, Gnisten som er eit arbeids- og aktivitetssenter og utetenesta.

Per 31.12.16 har eininga eit samla sjukefråvær på 8,6%. Det er ein reduksjon på 1,5% frå 2015.

Eininga har rapportert 15 mindre alvorlege avvik i 2016. Alle er behandla og lukka innan utgangen av året.

Det har ikkje vore tilsyn frå Fylkesmannen etter Lov om Helse -og omsorgstenester, kap. 9 om bruk av tvang og makt.

Det har heller ikkje vore gjennomført andre tilsyn med tenesta.

Økonomi

Eininga går i balanse.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Brukarar totalt	57	60	56	55
Avlasting	7	8	9	10
Miljøarbeid	13	14	13	11
Heildøgnssteneste i bufellesskap	15	15	15	14
Støttekontakt	28	24	25	27
Brukarstyrt Personleg Assistent (BPA)	0	0	3	4

BPA blei lovpålagt frå 1. januar 2015. Eininga har hatt 4 BPA - ordningar i 2016. Kostnadsoverslag på 4,5 millionar årleg. 2 av BPA - ordningane er ressursskrevande brukarar der ein søker refusjonstilskot frå staten på delar av kostnadene.

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

5.3.4.1. Kartleggja behov for nye bustadar 2017-2020

Per september 2016: kartlagt behov for 4 nye omsorgsbustadar og ytterlegare 3 heildøgns bemanna bustader i 2017 og 2018.

5.3.4.2. Etablere eit tverrfagleg aktivitetstilbod i nye lokale i Sandeid.

Vindafjord sitt nye arbeids- og aktivitetssenter (Gnisten). Det startar opp 1. januar 2017. Aktivitet for fleire ulike brukargrupper var ein føresetnad for tildeling av investeringstilskot frå Husbanken. Det er ein auke frå 12 til 35 vedtak på aktivitetstilbod der. Budsjettet er ikkje auka sjølv om tilbodet vert gitt til mange fleire enn før.

Utfordringar

- Kartlegging viser behov for nye bustader med heildøgns tenester.
- Behov for å permanent endring frå kvilande til vakande nattevakt ved Seljebakken.
- Aktivitetstilbodet til menneske med utfordringar innan rus/psykiatri er per i dag finansiert gjennom tilskot til Kommunalt rusarbeid gjennom Fylkesmannen. Det er behov for faste stillingar som arbeidsleiarar for Vakt-meisterteamet frå 2018 og 2019

5.3.5 PLEIE- OG OMSORGSTENESTER

Hovudtrekk oppgåver og drift

Kommunen har to omsorgssenter. Det er Vindafjordtunet og Ølen omsorgssenter. Kommunen er delt i to geografiske område, og dei to omsorgssentera driv tenester både inne på institusjon, og ute i eigne bustadar, i kvart sitt område. Dette kallar ein integrerte tenester. I tillegg er alle andre tenestetilbod innan pleie og omsorg lagt til desse einingane.

Det er framleis ei glidande utvikling der kommunen har fleire alvorleg sjuke enn før. Fleire pasientar på institusjon og i heimetenestane treng meir hjelp og meir spesialisert hjelp. Dette viser m.a. igjen ved at kommunen har aukande utgifter til medisinar og medisinsk behandling. Fleire pasientar har behov for ein- til ein-bemanning. Dette gjeld særleg personar som er demente og/eller har psykisk sjukdom.

Rekruttering og kompetanse

Det er vanskelegare å rekruttera fagfolk enn før. Særleg gjeld dette sjukepleiarar og ferievikarar. Rekruttering til faste stillingar går stort sett greitt.

Det er fokus på kompetanseutvikling innan alle område, m.a. innan leiing, habilitering/rehabilitering, lindrande behandling, geriatri og demensomsorg.

Sjukefråvær

Sjukefråværet totalt var på 8,7 prosent.

Ølen omsorgssenter

Sjukefråvær 9,6 prosent. Det var 2,6 prosent over målet. Det vart gjennomført ulike tiltak for å redusera sjukefråværet. M.a. forsøk med høgare grunnbemanning, fokus på bruk av hjelpemidlar og rett forflyttingsteknikk, samt kontinuerleg IA-arbeid.

Vindafjordtunet

Sjukefråvær 8,3 prosent. Det var 1,3 prosent over målet. Personalet rapporterer om eit konstant høgt arbeidspress gjennom heile året. Dette kan truleg forklara noko av sjukefråværet. Det har vore arbeidd kontinuerleg med tilrettelegging, bruk av hjelpemidlar, forflyttingsteknikk og ein del ekstra innleige av personale for å redusera sjukefråvær.

Avvik

Tenesta har markert færre avvik enn året før. Dette gjeld særleg Vindafjordtunet. Av dei melde avvika er det ein større del enn året før som ikkje er lukka. Årsakene til dette er samansette. Det er både tekniske problem, gjerne knytt til leiarskifte og langvarig sjukefråvær. Det er og krav om både registrering og behandling av avvik i to ulike elektroniske system; både i fagsystemet cos-doc og i kvalitetssystemet Risk. Det er arbeidskrevjande og kan vera grunn for at det ikkje er meldt like mange avvik som året før. Særleg på travle dagar er det grunn til å tru at lista for å melda avvik blir for høg.

Avvik knytt til medikamenthandsaming er det mest vanlege. Det er grunn til å tru at det er ein viss underrapportering. Dette kan òg vera knytt til høgt arbeidspress.

Tilsyn

Vindafjordtunet hadde tilsyn frå Apotek 1. Alle avvik blei lukka.

Brukarundersøkingar

Det blei gjennomført to brukarundersøkingar i 2016.

Bebuarar på institusjon

Gode resultat. Så og seia alle måleparameter låg over snittet for landet. Heilskapsvurdering gav resultat 5,7 på ein skala der beste resultat var seks. Landet låg på 5,4.

Pårørande på institusjon

Gjennomgåande litt dårlegare resultat enn landet. Heilskapsvurdering gav resultat 4,4 på ein skala der beste resultat var seks. Landet låg på 4,9.

Ein vil nytta brukarundersøkingane som grunnlag for arbeidet med stadig betre tenester.

Økonomi

Ølen omsorgssenter:

Avvik: overforbruk kr. 920 000.

Dette var relatert til:

- lønsutgifter knytt til fråvær av ulik årsak, særleg natt og helg
- lønsutgifter til ekstra innleige for oppdrag i nattpatruljen og Sandeid Fengsel
- utgifter til medisinar, medisinsk utstyr og forbruksvarer
- matvarer til institusjon og heimetenesta (fellesområde plo)
- Øyane Asvo, køyring hjelpemidlar (fellesområde plo)
- Øyane Asvo, køyring til dagsenter for eldre (fellesområde plo)
- innkjøp/drift av IT – programvare
- inngått avtale om pålagt kontroll av elektromedisinsk utstyr (Norengros)



Vindafjordtunet

Avvik: Overforbruk kr. 970 000.

Høgt arbeidspress i heimetenestene/omsorgsbustadene og periodar med ein- til ein- bemanning i demensomsorga, låg til grunn for innleige av ekstra personale. Dette for å gje forsvarlege helsetenester. Ein reduserte talet på institusjonsplassar med seks. Målet var å redusera bruk av ekstravakt og overtid, og gi rom for å styrka kvardagsrehabiliteringa. Dei sparte ressursane blei nytta i heimetenesta for å dekkja inn auka i behovet der. Færre institusjonsplassar vil gi eit forventa tap av inntekter, men full verknad slår ikkje inn før i 2017.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Heimesjukepleie, tal brukarar	350	408	337	390
Praktisk bistand/heimehjelp, tal brukarar	193	218	165	176
Institusjonsopphald kort/langtid, tal brukarar	257	277	249	261
Avlasting institusjon, tal brukarar				49
Tal utskrivingar frå sjukehus (der det er trong for oppfølging)	383	331	267	324

Vurdering av måloppnåing

Kommunen skal tilby tenester som er tilpassa den einskilde sine behov for naudsynt helsehjelp og hjelp i heimen. Ein skal tryggja brukarane av heimetenester ved å tilby institusjonsplass ved akutte behov. Vidare skal ein leggja til rette for at dei fleste kan bu i eigen bustad i alle livsfasar. Tenestene skal bli ytt på ein slik måte at ressursane vert nytta saman med brukarar og pårørande sine ressursar. Dette skal skje i eit forpliktande samarbeid. Ein skal bidra til at tenestemottakarar sjølv tek ansvar for eigen livssituasjon.

Konkret har ein arbeidd utifrå følgjande mål:

- Vurdera døgnbemanna omsorgsbustadar til å bli eit reelt alternativ til varig plass i institusjon.
- Avklara og tilpassa institusjonane si rolle og funksjon og endring av oppgåver og ansvar m.a. som fylgje av driftsgjennomgang på resultatområdet.
- Leggja til rette for meir teambaserte helse- og omsorgstenester og meir strukturert oppfølging av den ein skilde.
- Ta i bruk velferdsteknologi for å få meir effektiv bruk av ressursar og auka kvalitet på tenestene.



Vindafjordtunet vart tildelt Rogaland Fylkeskommune sin pris for Demensomsorg 2016

- Prosess med utgangspunkt i RO – rapport er utsett til 2017.

Mange av målområda ligg til handsaming der. Ein har ikkje klart å finna kapasitet til dette arbeidet. Noko av årsaka til dette er reduserte ressursar på leiar/rådgjevarnivå. Avklaring av ein ev. ny kommunestruktur har og utsett arbeidet.

Det ein likevel har hatt fokus på er:

Brukar og tenestekvalitet:

- Ein har over år hatt brukar- og pårøranderråd på Ølen omsorgssenter. Stort sett gode tilbakemeldingar på tenes- tene. Færre klager, både uformelle og formelle. Vindafjordtunet planlegg oppstart av brukarmøte i 2017.
- Ein arbeidar målretta for at innbyggjarane skal ha eit individuelt tilpassa tenestetilbod. Det er fokus på eigen- meistring og at innbyggjarane skal kunna bu heime lengst mogleg.
- Auka fokus på tverrfagleg samarbeid med t.d. fysioterapitenesta, psykisk helse og tilrettelagde tenester.
- Fokus på å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus så snart ein kan. Kommunen har betalt kr. 157 932 for dei ein ikkje har klart å ta imot raskt nok. Det utgjer 36 døgn à kr. 4 387.
- Kommunen kjøper kommunalt øyeblikkelig hjelp-tilbod frå Haugesund kommune. Tiltaket er lite brukt og skal evaluerast i 2017.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

- Arbeidsmiljøet er stort sett prega av innsatsvilje og trivsel. Arbeidspresset blir opplevd som høgt. Det pregar både arbeidsdagen og sjukefråværet.

Strategiar og felles tiltak - resultatvurdering

5.3.5.1. Leggja til rette for eit aktivt omsorgstilbod gjennom tverrefagleg kompetanse og samarbeid.

Dette er del av arbeidet med RO-rapporten og vil bli vurdert saman med resten av den. Ikkje gjort i 2016. Kvardagsrehabilitering blei gjennomført som planlagt. Ein ser gode resultat og ynskjer å styrka tenesta.

5.3.5.2. Evaluering av hukommelseteamet.

Dette er delvis gjort hausten 2016 og blir ferdigstilt i 2017. Tiltaket heng saman med arbeidet med RO-rapporten.

5.3.5.2. Auka vederlagsberekning i tråd med endring av retningslinjer og statlege satsar.

Dette er utført som planlagt.

5.3.5.5. Utsifting av tryggleiksalarmar i samband med overgang til digitalt nett.

Tiltaket er delvis utført. Resterande vil etter planen koma på plass våren 2017.



Klar for biltur i staseleg doning. Etne & Vindafjord Motorklubb stiller opp

Foto: Vindafjord kommune

Utfordringar

- **RO-rapporten**
Mykje av svara på dei utfordringane ein ser i dag ligg i rapporten. Arbeidet med realisering av desse bør difor prioriterast.
- **Samarbeidet og samordninga**
Pasienten si helseteneste krev vidare omstilling i arbeidet med å setja fokus og samordna tilbodet ut frå pasienten sitt behov. RO-rapporten med m.a. forslag om teamorganisering kan gje noko av svaret på dette.
- **Ressursar og fordeling**
Dei tilsette opplever ofte ein ubalanse mellom tildelte ressursar og krava dei skal oppfylle. Leiinga og tilsette slit i periodar med å følgja opp alle oppgåver som skal gjerast. Dette kan føra til stress, og faren for å gjera feil aukar. I tillegg kan slitasje hjå tilsette føra til sjukefråvær. Ei betre organisering og fordeling kan gje ein betre kvardag. Ein bør òg gå gjennom ressursfordelinga mellom dei ulike einingane og ev. endra denne i tråd med ressursbehovet.
- **Rekruttering**
Rekruttering av personell, særleg sjukepleiarar, er og vil bli, utfordrande. Det gjeld mest av alt vikariat, men òg faste stillingar. Dette har stor innverknad på drifta og kvaliteten på tenesta.
- **Pusterom fram til 2025**
Tenestene er pressa og den demografiske utviklinga viser at talet på eldre vil auka frå 2025. I tillegg veit me at talet på unge som har behov for tenester også aukar meir enn før. Ein må nytta denne tida som eit handlingsrom til å utvikla tenestene slik at ein kan vera budd på det som kjem. Til dømes ved å ta i bruk kvardagsrehabilitering, som ein har gode resultat med i kommunen så langt. Dette krev ekstra ressursar i ein startfase, men vil kunna gje innsparing på sikt. Velferdsteknologi er også eit tiltak ein bør satsa sterkt på.
- **Rus/psykiatri/alderspsykiatri**
Det hender at pasientar med psykiatriske utfordringar vert plassert på omsorgssentera fordi ein ikkje klarer å finna betre alternativ. Det er lite tilrettelagt for dette både bygningar og kompetanse. Kommunen bør snarast utforma ein strategisk handlingsplan for korleis desse pasientane skal bli ivarettatt på ein god og verdig måte framover i tid.

5.3.6 NAV - KOMMUNAL DEL

Hovudtrekk oppgåver og drift

NAV skal arbeida for å betra levevilkåra for vanskelegstilte slik at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og ha eit meningsfullt liv i eit sosialt fellesskap. Vidare skal ein gi råd og rettleiing som kan bidra til å løysa eller førebyggja sosiale vanskar.

NAV Vindafjord har ansvar for statlege arbeids- og velferdsoppgåver, økonomisk sosialhjelp inkludert krisehjelp og midlertidig husvære, kvalifiseringsprogrammet (KVP), økonomisk rådgjeving, gjeldsrådgjeving og flyktningtenesta.

Det har vore ei positiv oppleving for tenesta å flytta til nye lokale i Rådhuset i Ølen.

2016 har vore eit krevjande år for NAV, blant anna på grunn av auke i talet på brukarar på kommunale tenester. Det har spesielt vore store utfordringar i forhold til auka busetting av flyktningar, noko som har krevd stor arbeidskapasitet på kontoret. Det var ikkje før hausten 2016 at me fekk inn nokre ekstra ressursar i forhold til flyktningtenesta.

I 2016 hadde NAV kommune eit sjukefråvær på 5,7%. Dette er ein auke på 5,2% frå 2015. Det vart registrert 3 avvik på den kommunale delen i NAV.

Våren 2016 deltok tenesta i ei eigenvurdering i regi av Fylkesmannen i Rogaland. Det vart avdekkja nokre avvik i forhold til lovverket, og sett i verk tiltak.

I løpet av hausten 2016 vart det etablert eit samarbeid med Ølen VGS der økonomisk rådgjevar i NAV er innom 2. klassingar og har undervisning innan økonomi.

Flyktningtenesta

Etter vedtak skulle Vindafjord kommune ta i mot 57 flyktningar i 2016. Av desse vart 8 busett i 2015, og 36 i 2016. Deltakarar i introduksjonsprogrammet per 31.12.16 er 35 personar.

Økonomi

Regnskapen 2016 gjekk i underskot på rundt kr 802.000,- for NAV kommunal del. Det er to område som har store avvik. Dette gjeld økonomisk sosialhjelp og flyktningtenesta.

Økonomisk sosialhjelp

I 2016 vart det utbetalt rundt 6,9 millionar på økonomisk sosialhjelp. Dette er ein auke på 3,6 millionar frå 2015.

Av dei 6,9 millionane vart 2,2 millionar utbetalt til nye busette flyktningar, og 2,1 millionar utbetalt til flyktningar som er ferdig med introduksjonsprogrammet, og som ikkje har kome seg i arbeid eller utdanning. Samtidig er det eit underforbruk på kvalifiseringsprogrammet på kr 540.000 i forhold til budsjett. Dette grunna at det har vore færre deltakarar i programmet enn forventa.



Flyktningtenesta

Overforbruket skuldast mellom anna høge husleiger på den private marknaden. Dette gir seg utslag i auke av utgifter på supplerande sosialhjelp, då introduksjonslønna ikkje dekkjer alle utgifter når husleiga vert for høg. Det har og vore behov for å kjøpa undervisningstenester frå andre, både i forhold til norskundervisning og program som går direkte på kvalifisering til eit yrke.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Tal som mottar økonomisk sosialhjelp	134	129	144	183
- under 18 år	0	0	40	0
- 18 – 24 år	40	24	65	47
- 25 – 44 år	58	72	39	96
- 45 – 66 år	36	33	0	39
67 år +	0	0		1
Klientar med forsørgjaransvar for born under 18 år	41	31	42	58
Deltakarar kvalifiseringsprogrammet	7	3	4	5
Disponeringsavtalar økonomi	10	17	25	34

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

5.3.6.1 Arbeida for å betra levevilkåra for vanskelegstilte slik at den einskilde får høve til og leva og bu sjølvstendig og ha eit meningsfullt liv i eit sosialt fellesskap.

I 2016 vart det brukt rundt 6,9 millionar på økonomisk sosialhjelp. Av dette gjekk det med 4,3 millionar til utbetaling av sosialhjelp til flyktningar i og etter introduksjonsprogrammet. Det er tilført 100% stilling som rettleiar i NAV i eit prosjekt ut juni 2019. Dette er midlar tatt frå integreringstilskotet i forhold til busetjing av flyktningar.

5.3.6.2 Tilretteleggja for mottak av flyktningar

Etter vedtak skulle Vindafjord kommune ta i mot 57 flyktningar i 2016. Av desse vart 8 busett i 2015, og 36 i 2016. Det er vedtak om busetjing av inntil 20 personar i 2017 og 2018. I tillegg kjem eventuelle familiegjenfor einingar. Det høge talet busetjingar i vedtaka har skapt utfordringar for tenesta. Mykje godt arbeid er likevel utført, og langt dei fleste nye innbyggjarane er godt i gong med livet i Vindafjord kommune.

5.3.6.3 Tilretteleggja for aktivitetar og aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar

I oktober 2016 etablerte NAV Vindafjord ein aktivitet for unge vaksne under 30 år som har økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt. Målet her er å få dei unge i arbeid eller utdanning og utav økonomisk sosialhjelp.

Aktiviteten fekk namnet FRAM.

Utfordringar

- Det er nokre utfordringar i høve arbeidet med busetjing av flyktningane i kommunen. Det er mellom anna ikkje nok eigna bustader.
- Fleire treng lenger tid til å gjennomgå introduksjonsprogrammet enn normert tid. Det fører til auka utgifter for kommunen. Det er og ei utfordring med å fylla opp kvalifiseringsprogrammet med nok deltakarar. Kvalifiseringsprogrammet skal vera med på å auka overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.



Glede over å vera på plass i nytt bygg.

Foto: Vindafjord kommune

5.4 RAMMEOMRÅDE FORSYNINGSVERKSEMDER

5.4.1 RESULTAT RAMMEOMRÅDE

Om rammeområdet

Rammeområdet omfattar einingane Areal og forvaltning, Kommunaltekniske tenester, Reinhold og Brann og redning.

Brukarar og tenesteyting

Rammeområdet har eit breidt spekter av brukargrupper. Areal og forvaltning har mest utadretta oppgåver, medan reinhold og kommunaltekniske tenester i stor grad har interne brukargrupper. Det vert arbeidd ein god del med samhandling mot eksterne aktørar i plan- og utbyggingssaker. Einingane deltek i fleire samarbeids- og samhandlingsfora. Og gjennom samfunnsutviklarrolla til kommunalsjefen er rammeområdet aktivt med i utvikling av næringsliv, og i samspel med frivillig sektor og grendeutval.

Organisasjon og drift

Brann og redning er ei interkommunal eining der Vindafjord er vertskommune for eit samarbeid med Etne kommune.

Handtering av avvik innan arbeidsmiljø og drift er kommentert innan kvart tenesteområde. Sjukefråværet for rammeområdet utanom reinhold var på 4,6% i 2016. Reinhold hadde eit sjukefråvær på 14,4%.

Rekruttering og kompetanse

Ingen særlege rekrutteringsutfordringar i 2016 anna enn at kommunalsjefen valde å vikariera for teknisk sjef i teknisk sjef sin permisjon. Rammeområdet har relevant kompetanse innan alle aktuelle tenesteområde

Økonomi

	Rekneskap	Budsjett	Justert buds	Avvik	%-
	2016	2016	2016		forbruk
Utgifter	91 946 379	89 753 202	89 033 805	- 2 912 574	103,3
Inntekter	-46 852 498	- 45 609 912	-44 871 589	1 980 909	104,4
Netto utgifter	46 093 880	44 143 290	44 162 216	- 931 664	102,1

Rammeområdet hadde eit overforbruk på 900.000 kr. Hovuddelen av dette er meirutgifter til vegvedlikehald og drift av brann og redning.

Ved budsjettbehandlinga vart området styrka med 500.000 kr til fjerning av blåskjellanlegg og 150.000 kr til styrking av brannvernet. Vidare vart det lagt inn 300.000 kr i innsparing ved endring av organiseringa av reinhold og 700.000 kr ved auka gebyr. Blåskjellanlegget vart fjerna med andre midlar og pengane vart omdisponert. Elles er tiltaka gjennomført.

I samband med gjennomgangen av tenesteområdet brann og redning (1. tertial), vart tre leasingavtalar på brannbilar løyst ut. Investeringsramma vart auka med 1,8 mill. Vidare vart driftsbudettet styrka med 900.000 kr.



VINDAFJORD KOMMUNE

VITAL OG SENTRAL

Planstrategi for Vindafjord kommune 2016-2019



Planstrategi for Vindafjord kommune 2016—2019 vart vedtatt i desember 2016

5.4.2 AREAL OG FORVALTNING

Hovudtrekk oppgåver og drift

Hovudoppgåver for eininga gjennom året har vore sakshandsaming etter plan- og bygningslova, forureiningslova, eigar-seksjonslova, matrikkellova, jordlova, konsesjonslova, skoglova, viltlova og naturmangfaldlova, samt forvaltning av ulike tilskotsordningar innan landbruk.

Eininga skal :

- Handsama søknader, yta god service og gi god rettleiing til kundar innafor alle fagområda. Arbeida for eit aktivt landbruks-/skogbruksmiljø
- Arbeida for positiv samfunnsutvikling med tilrettelegging av nye tenlege bustad- og næringsområde
- Bidra til omlegging av energibruken til fornybare kjelder og eit reinare miljø
- Utarbeida kommunale planar som kommuneplan, områdeplan, kommunale reguleringsplanar mm

Det vert arbeidd kontinuerleg med nye og oppdaterte rutinar som skal inn i kvalitetssystemet «RISK». Det er og gjort mykje bra arbeid i 2016. Det er per nå ingen avvik på eininga.

Eininga har eit lågt totalt sjukefråvær, men blei hardt råka i haust ved tap av ein kollega. 2* 15 min yoga i veka for alle på eininga bidreg til at typiske belastningsskader hjå oss blir mindre. Medarbeidarundersøkinga 10 faktor viste gode resultat. Arbeid med relevant kompetanseutvikling er valt ut for vidare arbeid.

Økonomi

Eininga har 16 årsverk. Tenesteområda plan, oppmåling og byggesak er sjølvkostområde i ulik grad, der byggesak er eit 100% sjølvkostområde. Saksmengde varierer stort frå år til år, og det vil difor ikkje vera mogleg å treffa på budsjettet kvart år. Eininga leverte eit mindre overforbruk ved årsslutt, men hadde mange større utfordringar undervegs. Store og mange kommunale planoppgåver resulterte i lite gebyrinntekter på plan. Større samferdsleprosjekt som var delfinansiert gjennom Statens vegvesen gjorde likevel at tenesta heldt budsjettet. Over 2 år er takstane på særleg byggesak justert for å oppnå sjølvkost. Forventa auke i gebyrinntekter på byggesak blei justert opp over berre eit år. Inntektene var difor altfor høgt budsjettert på byggesak i 2016. Takstane skal samsvara betre med inntektene for 2017. Det har og vore utfordringar knytt til kostnader til arbeid med kommuneplan og planstrategi. Det vart ikkje sett av midlar til arbeidet med reguleringsplan og teknisk plan for Nerheim næringsområde i 2016 og 2017. Dette må løysast, og har og vore ei utfordring i 2016.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

Nøkkeltal	2013	2014	2015	2016
Sakshandsaming				
Nye bustader el. tilb./Nye fritidsbygg el. tilbygg	66	64	70	89/18
Ferdigattestar/mellombels bruksløyve	128	105	69	82
Oppmålingssaker/krav om retting i matrikkelen	125/8	85/20	106/21	94/30
Vedtekne reguleringsplanar	7	8	8	4
Planar under arbeid	17	14	9	9
Oppstartsmøte nye planar	6	4	8	3
Produksjonstilskot	819	794	720	736
Region. miljøprogram	204	189	196	197
Innovasjon Noreg	20	10	11	13
Miljøtiltak landbruk/skogbruk, tal saker	26/13	37/12	30/18	24/12
Jordlovsaker	28	13	19	8
Landbruksvegar, handsama saker	22	12	22	10

Nøkkeltal for eininga seier noko om saksomfanget og endringar frå år til år på nokre område, men seier ikkje noko om total arbeidsmengde. Det kom inn søknader på 70 nye bueiningar i 2016. Når det gjeld oppmåling, ser ein endring i sakstype. Matrikkellova opnar for at ein kan nytta retting i matrikkelen på ein god del saker som gjekk som vanleg kartforretning tidlegare. Sakene aukar i omfang og gir raskt betre eigedomskart, men det er ikkje gebyr på desse sakene. Når det gjeld planar, har det vore store kommunale og regionale planar saman med større samferdselsprosjekt som har krevd mesteparten av ressursane. Vi ser difor at det er ein nedgang i tal saker. Dette skuldast og både at vi har fått unna mange eldre planar + at det er komne inn færre private planar. Landbruket i Vindafjord opprettheld produksjonen, men ser at tal bruk går nedover kvart år. For søknader til Innovasjon Norge er det 5 som ikkje er handsama og to som har fått avslag. Midlane blei brukt opp tidleg i år, men resterande søknader ligg nå til handsaming på 2017 midlar. Tilskot til miljøtiltak i landbruk/skogbruk har i fleire år vore god, der særleg 2014 og 2015 var svært god. Det vitnar om høg aktivitet. God informasjon og rettleiing kan vera årsaka til at tal jordlovsaker går ned. Det er stor aktivitet på bygging av landbruksvegar. Det er per i dag noko etterslep på handsaminga av desse vegane, og det er 10-15 saker som ligg til handsaming



Strategiar og tiltak for 2016 – resultatvurdering

5.4.2.1 Starta/ vidareføra og/eller slutføra pågåande kommunale planoppgåver i samsvar med oversikta under.

	Ansvar	Status
Regionalplan for areal og transport på Haugalandet	FK	Vedteken, men delar av planen skal til departementet. Ølensvåg som områdesenter.
Kystsonenplanen for Sunnhordland og Ytre Hardanger	FK	Ny prosess etter høyring. Møte med kvar kommune for å avklara vidare prosess før ny avgrensa høyring.
Regionalplan for sjøareal havbruk (Rogaland)		Planen har vore på høyring og kommunen har handsama høyringsuttale.
Espelandsvingane	SVV	Statens vegvesen jobbar med nytt forslag.
Ølensvåg	VK	Europavegen blei tatt ut av sentrumsplanen og reguleringsplan for etablering av fotgjengarundergang og heving av E-134 ved Vågshagen blei vedteken desember 2016. Nytt oppstartsvarsel for sentrumsplan i Ølensvåg er sendt ut.
G/s-veg Sandeid – Lærdal	SVV	Vedteken, men med endringar SVV skulle gjera. Endringane krev 3. gongshandsaming. Legg opp til endeleg handsaming mars 2017.
Miljøgate Vikedal	SVV	Er ute på høyring etter 1. gongshandsaming.
Kommunal planstrategi		Vedteken desember 2016.
Endring og utviding av gravplass Ølen	VK	Planforslag kome inn, skal opp til 1. gongs handsaming februar 2017.
Næringsområde Nerheim	VK	Planprogram vedteke. Planforslag under utarbeiding. 1. gongshandsaming vår 2017.
Endring av bustadområde Søndena	VK	Reguleringsarbeid på vent i påvente av skredrapport utarbeidd av NVE. Endeleg rapport mars 2017.

5.4.2.2. Revisjon av kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen vil prioriterast framfor andre kommunale oppgåver vår 2016.

Det er gjort, jmf teksten over.

5.4.2.3. Ferdigstillast kommuneplanen i tråd med vedtatt plan innan våren 2016.

Grunna nokre forseinkingar rundt 1. gongs handsaming av planen og ønska meir tid under handsaming av uttalar og motsegner er det ikkje mogleg å få til endeleg vedtak i 2016. Det arbeidast fram mot vedtak seinast juni 2017.

5.4.2.4. Starta arbeid med dei prioriterte tiltaka for gjennomføring av regionalplan for vassforvaltning.

Regionalplanane er vedtekne og arbeid med prioriterte område er starta opp. Det er i haust tilsett vasskoordinatør for Haugalandet, som skal vera med å korrigera arbeidet med vassdirektivet i planperioden. Det jobbast nå med å få til god samhandling mellom areal og forvaltning og kommunaltekniske tenester.

Eininga har oppnådd resultat etter mål, sett opp i målkartet under kap 4.2 i økonomiplanen. I forhold til sakshandsamingstid ligg vi stabilt rundt sist måling. Når det gjeld mål om positiv folketalsutvikling og 70 byggemelde bustader, når vi akkurat målet for i år. 21 av desse er enten del av tomannsbustad eller leilegheit i kompleks. Det er ikkje sikkert dei er selde ved byggesaksvedtak og vil først påverka folketilveksten ved sal.

Utfordringar

I samarbeid med Statens vegvesen har det blitt handsama mange større samferdslesplanar og fleire G/S- vegar. Ei betre kopling mellom plan, finansiering og bygging er sterkt ønskeleg (der særleg manglande finansiering av ny E 134 er problematisk). I arbeid med kommuneplanen har særleg målet om levande bygder og god folketalsutvikling vore særleg sentralt.

5.4.3 KOMMUNALTEKNISKE TENESTER

Kommunaltekniske tenester omfattar tenestane bygg og eigedomar, vegar, idrett- og grøntområde, sal og utleige av næringsareal, samt dei gebyrbelagde tenestene vatn og avløp.

Hovudtrekk oppgåver og drift

Eininga har hatt fokus på førebyggjande, kostnadseffektiv drift og vedlikehald av så god kvalitet som råd innanfor disponible ressursar, politiske vedtak og gjeldande lover og regelverk. Eininga har hatt eit travelt år. I tabellane nedanfor følgjer ei kort oppsummering av nokre av oppgåvene og/eller tiltak frå vedlikehaldsplanen som er utført. Lista er ikkje uttømande. For informasjon om dei mange investeringsprosjekta eininga arbeider med, sjå kap 4. Investeringsplanar.



Eininga har som mål for økonomiplanperioden å arbeida med kompetanseheving. I den samanheng har fleire i eininga fullført ADK-kurs.

Administrativt har året vore prega av arbeid knytt til dei store investeringsprosjekta til kommunen. Elles er det brukt mykje ressursar på arbeid med bl.a. hovudplan for avløp, i tillegg til dei meir vanlege oppgåvene med oppfølging av drift og vedlikehald, samt politiske vedtak.

Eininga har lågt sjukefråvær. Sjølv om arbeidsdagen til driftsoperatørane på VA og fagarbeidarane på bygg inneheld risikoelement, er det minimalt med skadar i eininga. Det er registrert 10 avvik under handsaming.

Frå 7. juli overtok kommunalsjef som mellombels einingsleiar for Kommunaltekniske tenester. Dette har ført med seg endringar for rammeområdet, både i form av forskyving av arbeidsoppgåver og på oppfølging av prosjekt. Eininga har hatt noko redusert kapasitet i denne perioden

Veg:

Kostnadane for vintervedlikehald er høge, og ein har difor gjort budsjettjusteringar i løpet av året. Dette har gått ut over vedlikehaldsmidlane til veg. Fleire brøyteroder har vore ute på anbod og ulike tiltak vart kontinuerleg vurdert, t.d. redusera på reparasjon av mørke vegljøs, auka terskelverdiar for kva tid brøytemannskap skal rykkja ut o.l. Me har etterslep på grøfting, årleg ettergrusing av grusveggar, reparasjon av kantstein og liknande, og kantar blir berre klipte ein gong per år. Trass i desse tiltaka er det store overskridingar på vegbudsjettet.

Skigelstrandsvegen var i svært dårleg stand, så det er gjort utbetringar her. Det same gjeld Oppsalsvegen og Stokkadalen.

Kommunen har faste møte med SØK og Ølen vassverk for å samkøyra graving i vegane. Det har også vore liknande planmøte med Haugaland Kraft.

Bygg:

Eit svært stramt driftsbudsjett har gitt lite rom for større driftstiltak når det gjeld bygg. I løpet av året har ein overteke drifts- og vedlikehaldsansvar for Familiens hus, den nye brannstasjonen på Sandeid og aktivitetshuset.

Det er installert nytt EOS-system (EnergiOppfølgingsSystem). Dette skal følgjast opp både av fagarbeidarar, fagansvarleg og byggingeniør.

Arbeidet med ny brannforskrift er i gang. Byggavdelinga har hatt kurs i brannforskrifta og har starta med oppgradering av brannførebyggande arbeid ved dei kommunale bygga. Dette er eit tiltak som også vil pågå i 2017.



Kartlegging av gamle vassleidningar

Foto:Vindafjord kommune

Vatn og avløp:

Hovudplan for kloakk er ferdigstilt og vedteken. Del for overvatn er framleis under arbeid. Ein har også motteke resipientundersøkinga for Ølsfjorden, som viste at situasjonen var betre enn venta. Arbeid med lekkasjesøk er eit prioritert område for drifta. Til nå i år har ein funne og reparert 21 vasslekkasjar. Ein har hatt utfordringar med vasskvaliteten i Vikedal, og ser at det kan bli naudsynt med tiltak for å betra situasjonen på sikt.

Oversikt over vedlikehaldsprosjekt innan bygg og eigedom

Tiltak frå vedlikehaldsplanen er merka slik: V

Bygg / stad	Tiltak
Sandeid barnehage	Montert snøfangarar på tak
	Auka tilluft/avsug ved vent.anlegg og utført luftmåling
V Ølen idrettshall	Service/reparasjon på heisbar delevegg
	Skifta vasskranar til trykkspylekranar
V Vikedal garderobeanlegg	Oppgradert lagerrom, golv, vegger, el.anlegg
Alle leikeplassar	Utført periodisk kontroll, alle avvik er lukka untatt påfyll av fallsand
Rådhuset	Fjerna vegg og installert dør
Skjold skule	Nye takrenner
	Oppgradering av vaskerom
	Montert varmekablar på vassrør
Vindafjordtunet – pasientrom	Oppgradering av golv, vegger
Ølen skule	Skilja av rom til grupperom ved småskulen og montert ny utgang.
V Ølen symjehall, gymbygg	Malt jentegarderobe
	Montert undermålar for straum
Alle bygg	Kontroll av sløkkjeutstyr som er installert på bygga.
Ølen omsorgsenter	Oppgradert el-kjel. Montert element og bytta regulator
	Oppgradert automatikk ved hovudinngang
Vikedal skule	Skifta golvbelegg i rom
Skjold brannstasjon	Oppgradert uteljøs
Prestebustad	Slipt parkett i stova og kjøkken
Vats barnehage	Skifta vv-beredarar
Service kontroll el anlegg	Skjold, Vik, Bjoa og Vågen barnehage
Imsland skule	Varmer til stellerom
Rådhuset	Oppgradert automatikk til hovudinngang
Bjoa skule	Drenering rundt skule
Portar ved ambulanse- og brannstasjonar	Service utført
Hauane	Oppgradering av varmpumpe

Vatn, avløp

Vikedal	Omlegging av vassleidning langs Oppsalsvegen til Solbakken grunna lekkasjar og dårlege grunntilhøve.
Skjold	Skifta fleire viktige kummar på strekket frå Isvik til Ersland og på inntaksleidning.

Økonomi

Eininga låg tidleg an til overforbruk, og ein har gjort tiltak for å retta dette i løpet av året. Likevel står ein igjen med eit betydeleg underskot ved årsslutt.

Veg

Overskridingane kjem i hovudsak pga. høge vintervedlikehaldskostnader og høge straumkostnader. Resultatet er eit overforbruk på 6%. Dette er lågare enn i 2014, men høgare enn i 2015. Vintervedlikehaldskostnadane er svært uføreseielege, og kan fort bli det som avgjer om ein sit igjen med overskot eller underskot ved årsslutt.

Bygg

Eininga har 1 000 000,- mindre i driftsmidlar i 2016, ettersom «vedlikehaldsmillionen» frå 2014 og 2015 ikkje vart vidareført. Kombinert med høg prisvekst gjer dette at ein har vore nøydd til å leggja seg på eit svært lågt drifts- og vedlikehaldsnivå i 2016. I tillegg vart 250 000,- overført frå kommunalteknisk til brann for å kompensera for overskriddingar der. Eininga har elles hatt store ekstrapgifter knytt til husleige i samband med overtaking av bustad(ar) i Vikedalstunet og leige av brannstasjon på Sandeid. Dette, i tillegg til høgare straumkostnader og lågare husleigeinntekter enn budsjettert, fører til eit driftsunderskot for området. Noko av underskotet vert dekket av større leigeinntekter frå Dommersnes enn budsjettert, men likevel står eininga igjen med eit overforbruk på 6%.

Vann og avløp

Innan kloakk har ein hatt store driftsfond dei siste åra. Meirforbruk vart difor dekket av fond. For vatn brukte ein opp fondsmidlane i 2015, og har nå 150 765,- udekket (memoriakonto). Dette må dekkast inn i 2017.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Lengde kommunale vegar, lm	95 644	98 560	101 984	102 306
Areal kommunal bygningsmasse eks. VA	63 629	63 402	63 784	62 586*
Produsert vatn kommunale vassverk, m3	1 422 000	1 312 078	1 207 004	1 282 000
Straumforbruk kommunale bygg, kWh	10 656 038	9 507 943	9 983 895	10 325 110
Fornya vassleidning, lm	430	570	560	2 430
Vassabonnentar	1 861	1 889	2 186	2 206

*Reduksjon: Vikedal kaihus, Public, hus på Dørheim, 6 omsorgsbustadar i Vats, 2 omsorgsbustadar i Vikedal Auke: Aktivitetshuset. Familiens hus.

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

- 5.4.3.1. Ferdigstilla bygging av Familiens hus
Utført
- 5.4.3.2. Ferdigstilla utbygging av ny vassleidning Amdal – Håvik og prosjektera høgdebasseng i Dalavikområdet
Delvis utført, sjå kap 4 Status investeringar prosjekt nr 25009
- 5.4.3.3. Skifta ut to vasskummar og to sandfang
Utført
- 5.4.3.4. Følgja opp tiltak i vedlikehaldsplanen, med fokus på maling
Maling: Ikkje økonomisk handlingsrom til å følgja opp dette i særleg stor grad
- 5.4.3.5. Ferdigstilla aktivitetshuset
Utført
- 5.4.3.6. Ferdigstilla ENØK-prosjektet
Sjå kap. 4 Status investeringar prosjekt nr 23001
- 5.4.3.7. Sanera malmleidning Sandeid sentrum
Delvis utført. Sjå kap 4 Status investeringar prosjekt nr 25010
- 5.4.3.8. Ferdigstilla parkeringsplass ved Vindafjordmuseet
Utført, sjå kap 4 Status investeringar

Utfordringar

- Kommunaltekniske tenester har mange utbyggingsoppgåver innan både bygg- og VA-sektoren i tillegg til sakshandsaming, drift og vedlikehald. I planprosessar og i private utbyggingar er eininga sterkt involvert. Ein ser at eininga ikkje er rett dimensjonert for arbeidsmengda, noko som fører til lang sakshandsamingstid, og at enkelte prosjekt må utsetjast. Å ta vare på og vidareutvikla fagmiljø med god allmenn kommunalteknisk kompetanse er viktig for å fylla dei forventningar eininga blir møtt med, og vera budd på dei utfordringar som framtida vil gi.
- Arbeidet med hovudplan for vatn og avløp viser store investeringsbehov i framtida. Særleg vil arbeidet med å redusera lekkasjar på vassleidningsnettet vera viktig framover med tanke på leveringssikkerheit og økonomi.
- For driftspersonellet er særleg sommarhalvåret krevjande, med mykje sesongprega arbeid. Det er for eksempel utfordrande å halda grøntanlegga til kommunen tilfredsstillande i stand, og dette er noko innbyggjarane legg merke til.
- I 2014 og 2015 vart det lagt inn ei styrking av vedlikehaldsbudsjettet på kr 1 000 000,-. Dette gav rom for å utføra nokre fleire oppgåver enn det som har vore mogleg tidlegare. Men sjølv med denne styrkinga låg vedlikehaldsbudsjettet langt under anbefalt nivå (normalt). I 2016 vart desse midlane fjerna.
- Eininga har fått uventa ekstrapgifter og reduserte inntekter. Det er ei klar utfordring at arbeidsomfanget til eininga aukar gjennom fleire utbyggingar utan at driftsmidlar, vedlikehaldsmidlar eller tal på årsverk aukar tilsvarende. Når budsjettet i tillegg ikkje blir prisjustert, er resultatet at handlingsrommet minkar år for år.



5.4.4 REINHOLD

Hovudtrekk oppgåver og drift

Eininga har 38 tilsette fordelt på 25,52 årsverk totalt. Av dette er administrasjon 1 årsverk, vaskeri 1,27 årsverk og reinhold 23,25 årsverk. Kontoret ligg på Teknisk Bygg i Sandeid. Tenesteområdet utfører dagleg – periodisk og hovudreinhald på alle kommunale bygg. Reinhald av gongar og fellesareal i ein del utleigebustader. Totalt utgjør dette opp mot 50000 m2.

Eininga kontrollerer kommunale leilegheiter ved utflytting, og reingjer desse om nødvendig. Ein del av reinholdet vert økonomisk fordelt mellom kommune og stat/fylke.

Eininga sel reinholdstenester til nokre eksterne byggeigarar.

HMS

Eininga har hatt eit sjukefråvær på 7% i 2016.

Hovudtyngda av sjukefråværet skuldast belastningsskadar, men også influensa og foreldre som er heime med sjukt barn.

Eininga har søkt om, og fått innvilga ein del tilretteleggingstilskot via NAV, i samband med diverse tilretteleggingstiltak.

Økonomi

Årsrekneskapen viser eit overskot på 429.000, til tross for reduksjon i budsjettet tidlegare på året. Eininga har ved sjukdom og ferieavvikling prøvt å spare på inntak av vikarar så godt det lar seg gjera.

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

5.4.4.1 Ivareta og vidareutvikla eit godt arbeidsmiljø fagleg og sosialt

Det blir stadig jobba med sjukefråvær og oppfølging av den enkelte. Sjukefråværet hadde ein liten auke frå første til andre termin.

5.4.4.2 Halda fram med kurs/opplæring i praktisk arbeid – ergonomi og kjemikaliebruk

Ved behov for opplæring blir kvar enkelt arbeidstakar stort sett fylgt opp via praktisk arbeid. Det blir sett på arbeidsteknikkar, stilling av arbeidsutstyr og kjemikaliebruk når ein er ute på arbeidsplassbesøk. Nokre reinholdarar + vaskeritilsett har vore på informasjon/kurs innan smittereinhald. Her trengst meir.

5.4.4.3 Oppfordra framandspråklege til å læra seg norsk så dei kan ta fagbrev

Tilbod til norskopplæring er gitt ut – ingen melde seg, men eit par medarbeidarar har forsterka sine norsk kunnskapar via privat undervisning. 2 polske medarbeidarar held på med fagbrev.

Utfordringar

- Rekruttera nye norsktalande medarbeidarar med fagkompetanse.
- Halda reine «grå soner» t.d. luftekanalar, lysarmatur og vindaugo oppi høgda.
- Handtering av smittetøy ved Vaskeriet på Vindafjordtunet.



Ny brannstasjon i Sandeid

Foto Vindafjord kommune

5.4.5 BRANN OG REDNING

Hovudtrekk oppgåver og drift

I 2016 har eininga arbeidd strukturert og målretta mot nøktern, forsvarleg og effektiv drift. Det var totalt 51 skarpe utrykkingar i kommunen, i tillegg til unødige utrykkingar. Det var ingen hendingar i 2016 som sette brannvesenet sitt uthald på prøve (langvarig innsats).

Arbeidstilsynet har gjennomført postal inspeksjon relatert til eksponering av helseskadeleg støv, gass og brannrøyk. Dette har resultert i pålegg om retting, med frist 31.03.2017. Nye Sandeid brannstasjon vart opna 1. juli, og Skjold brannstasjon har hatt små forbetringar. Desse to brannstasjonane tilfredsstiller nå i stor grad arbeidsplassforskrifta og arbeidsmiljølova. Ølen brannstasjon har svært lågt HMS-nivå, men det er planlagt innflytting i ny brannstasjon årsskiftet 2017/18.

Ulykkesraten i Vindafjord i 2016 er relativt høg. 2,2% av dei omkomne i trafikken i Noreg i 2016 skjedde i Vindafjord. Brannvesenet har hatt to utrykkingar med melding om personar i vatn/drukningssulykker. Begge skjedde kort tid etter at brannvesenet hadde skaffa seg overflateredningsutstyr, som gir ei vesentleg forbetring til å yta innsats i slike hendingar. Dei store, langvarige hendingane har uteblitt, men ein var i 2016 svært nære på ein verkeleg storbrann i ei hending med brann i tankbil med propangass parkert i stor bygningsmasse var involvert. Heldigvis vart brannen sløkt av personell på staden før brannvesenet kom.

Branvesenet har utført førebyggjande arbeid til ei viss grad, men er på etterskot i forhold til planlegging og gjennomføring av risikobaserte tilsyn. Barn i skulealder har vore ei prioritert gruppe i forhold til informasjonsarbeid.

Feietenesta har hatt eit produktivt år med hovudvekt i Etne kommune. I Vindafjord er det utført over 1600 feiingar og tilsyn med fyringsanlegg i løpet av året.

Avdelingsleiar beredskap og avdelingsleiar førebyggjande har gjennomført obligatorisk utdanning til å delta i overordna vakt, der dei tidlegare har hatt dispensasjon frå utdanningskravet. I tillegg har to utrykkingsleiarar gjennomført obligatorisk utdanning. Utdanninga for utrykkingsleiarar og brannkonstablar har vore gjeldande sidan 2002, med overgangsordning fram til 2007. Myndigheita har inntil 31.12.2016 gitt kommunen moglegheit for å innfri kompetansekrava utan å gi pålegg om gjennomføring. Vindafjord kommune har etterslep på gjennomført utdanning, og 1.1.2017 blei det registrert 5 avvik på utrykkingsleiarar utan obligatorisk utdanning.

Økonomi

2016 har vore eit krevande år økonomisk sett, spesielt på beredskapstenesta. Første halvår gjekk med til grundig driftsgjennomgang for å tilnærma seg eit nøkternt, men forsvarleg, nivå. Prosessen enda med ei auka løyving, og frå slutten av sommaren kunne eininga rapportera etter korrigerte budsjettal. Ein makta ikkje å styra inn mot ein balansert rekneskap. Det er ingen enkeltårsak til overforbruket, men summen av fleire mindre avvik, herunder:

Fleire utrykkingar enn estimert -> større lønsutgifter

Utgifter til reparasjon av den gamle tankbilen som kommunen har saman med Etne kommune, og utbetring av eldre kjøretøy ved Ølen og Skjold brannstasjon.

Overføring av utgifter som tidligere er delvis dekkja av andre tenester (eksempelvis forsikringspremie på kjøretøy)

Sjukefravær har gitt auka lønsutgifter til vikarar i beredskapsvakt i forhold til tidlegare år

Feietenesta har korrigert inn tidlegare års underskot på sjølvkostfondet, og har nå i tillegg implementert berekning av indirekte utgifter på sjølvkostområdet. sjølvkostberekning for å kalibrere feieavgifta mot faktiske utgifter, noko som har ført til ei avgiftsauke på over 20%.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet

	2013	2014	2015	2016
Skarpe utrykkingar		38	35	51
Tilsyn – brannobjekt / aktuelle brannobjekt		55/67	29/67	18/67
Feiing bustad		1053	1716	1151
Tilsyn bustad		1137	865	567

Mål, strategiar og tiltak for 2016- resultatvurdering

5.4.5.1 Flytta inn i ny felles brann- og ambulansestasjon ved årsskiftet 2016/17

Bygging er forseinka. Estimert innflytting ved årsskiftet 2017/18

5.4.5.2 Kalibrera ansvarsområdet mot revidert ROS analyse for brannvesenet

Alt førebyggjande og beredskapsmessig arbeid er strategisk retta mot ROS analysa. ROS analysane viser at innsatspersonell i brann- og redningstenesta må kunna handtera mange ulykker, og det er fortsatt manglar på utstyr og kompetanse, samt at det er sårbarheiter som kan vera avgjerande for utfallet av hendingane. Innkjøp

av blant anna overflateredningsutstyr og hurtigfrigjeringsutstyr er to viktige løft for brannvesenet i 2016. Førebyggjande arbeid rettar seg målretta mot dei risikoar og risikogrupper som er avdekka i ROS analysane.

5.4.5.3 Kompetanseheving på utrykkingsleiarar

To utrykkingsleiarar har gjennomført utdanning i løpet av året. Fokus på styrka ferdigheiter gjennom månadlege øvingar, men eininga har etterslep på den obligatoriske utdanninga.

5.4.5.4 Betra rutinane for å hindra yrkesrelatert kreft

Det er innført kostnadseffektive rutinar for å betra det fysiske arbeidsmiljøet. I tillegg er det på Skjold brannstasjon og Sandeid brannstasjon tilrettelagt for å kunna ha eit betre reinhald av utstyr samt skilja mellom rein og skitten sone (garderobe med skap for privattøy, samt dusjmoglegheiter). I 2016 er det jobba med implementering av HMS-rutinar og haldningar til eigen sikkerheit.

5.4.5.5 Kontinuerleg læring og forbetring av det førebyggjande og beredskapsmessige arbeidet gjennom evalueringar av hendingar, jf. endring i § 9 i Brann- og eksplosjonsvernlova

Brannvesenet er blitt betre på læring og forbetring, men det må haldast stort fokus på dette i vidare arbeid.

5.4.5.6 Det må utførast ein konsekvensanalyse som m.a. ser på responstid, fast tilsetjing av folk og avbøtande tiltak, slik at beredskapen innan brann og redning blir ivaretatt i Vindafjord. Analysen og utgreiinga skal leggjast fram som politisk sak i 2016, med avgjerd i forhold til eventuelle omleggingar innan brannstasjonane.

Det er vedtatt å inngå i interkommunalt samarbeid med verknad frå 1. oktober 2017. Det nye selskapet vil gjennomgå den totale beredskapen for regionen. Det er difor ikkje gjort endringar i lokal brannstasjonsstruktur no.

5.4.5.7 Kommunestyret ber Rådmannen om å gå gjennom alle sider ved drifta av Vindafjord brann og redning innan utgangen av januar 2016.

Dette er gjennomført og rapportert Etter driftsgjennomgang vart det tilført tenesta 900.000.

Utfordringar

Det er eit etterslep på obligatorisk utdanning for utrykkingsleiarar, og det er ikkje rom for å prioritera utdanning i løpet av 2017. Prioritering av det førebyggjande arbeidet har vore utfordrande dei siste to åra, men det vil forhåpentlegvis betra seg nå når ein har eit forsvarleg nivå på beredskapstenesta.



Brann og redning på visning i samband med opning av 'Familiens hus'

Foto :Vindafjord kommune

Glimt frå året som gjekk:



Også Vindafjord fekk smaka ekstremveret i 2016



«Eldreråd i arbeid» - Opplæring for rådet.



På sykkelturn til nye mål.



Vindafjord er Fairtradekommune. Litt profilering må til.



Leiarane i Vindafjord på opplæringssamling på Olalihytta.



VEDLEGG KOSTRA

A1. Konsern - Finansielle nøkkeltall og adm., styring og fellesutg. - nøkkeltall (K) etter region, statistikkvariabel og tid	1160	1160	Kostragr		Landet
	Vindafjord	Vindafjord	11	Rogaland	u/Oslo
	2015	2016	2016	2016	2016
Finansielle nøkkeltal bevilgningsregnskap, kommunekonsern					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	-0,5	-0,7	2,7	3,5	3,7
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	-0,3	0,3	2,8	4,9	4,1
Overskudd før lån og avsetninger i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	-1,3	-3,9	-4,7	-2,2	-2,6
Netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	2,5	1,9	4,1	2,8	4
Netto avdrag i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	2,9	3,2	3,3	3,6	3,4
Netto finans i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	-0,3	-1,2	0,9	-0,9	0,6
Årets mindreforbruk/merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter	-0,3	0,5	1,4	2	1,9
Årets udisponert/udekket i investeringsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter	0	0	0	0	-0,1
Mva-kompensasjon påløpt i investeringsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter	..	..	..	..	..
Mva-kompensasjon påløpt i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter,	2	2	1,9	1,8	2
Finansielle nøkkeltal balanseregnskapet, kommunekonsern					
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	6,8	7,4	5,1	8,4	8
Akkumulert regnskapsmessig merforbruk i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	0,3	0	0,2	-0,2	0,2
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	25,6	23,3	15,6	20,1	21,3
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	58	59,5	86,9	72	81,7
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	186,6	190,5	227,2	202,3	213,9
- herav Pensjonsforpliktelse i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	121,6	124,9	125,3	105,8	114,1
Finansieringskilder for investeringer, kommunekonsern					
Overføring fra driftsregnskapet, i prosent av brutto investeringsutgifter, konsern	1,3	9,5	1,1	8,9	4,2
Tilskudd, refusjoner, salgsinntekter m.v., i prosent av brutto investerings-utgifter	76,2	46,1	29,6	36,1	31
- Herav salg av fast eiendom, konsern	36,1	10	4,2	8,6	5,5
Diverse intern finansiering, i prosent av brutto investeringsutgifter, konsern	-23,9	-3,3	2	0	3,7
- Herav udekket/udisponert i investeringsregnskapet, konsern	0	1,8	1,1	0	1,2
Bruk av lån (netto), i prosent av brutto investeringsutgifter, konsern	46,5	47,7	67,3	43	59,5
- Herav aksjer og andeler, konsern	-1,3	-1,8	-4,1	-1,7	-2,6
Brutto driftsinntekter fordelt på innektskilder, kommunekonsern					
Skatt på inntekt og formue (inkludert naturressursskatt) i prosent av brutto driftsutgifter	33,7	34,4	27,4	41	33,7
- herav Naturressursskatt i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	0	0	0,1	0,2	0,3
Statlig rammeoverføring i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	38,4	36,8	34,5	27	31,2
Andre statlige tilskudd til driftsformål i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	1,8	2,4	5,1	3,2	4
Eiendomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	2,5	2,4	3,6	3,1	3,2
- herav eiendomsskatt på annen eiendom	1,3	1,2	1,4	2	1,6
- herav eiendomsskatt på boliger og fritidseiendommer	1,2	1,2	2,2	1,1	1,6
Salgs- og leieinntekter i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	9,5	9,4	13,2	13,5	14,1
Andre driftsinntekter i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	14,1	14,7	16,1	12,1	13,6
Nøkkeltall i kroner pr. innbygger, kommunekonsern					
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	76 295	80 020	84 770	73 307	77 315
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	64 990	67 003	69 771	59 013	62 733
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	59 363	60 791	58 323	53 624	54 352
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger, konsern	75 894	79 461	87 133	75 978	80 289
Netto driftsresultat i kroner per innbygger, konsern	-229	224	2 404	3 743	3 299
Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern	54 726	56 507	53 966	51 680	52 141
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	44 012	47 297	75 728	54 682	65 562
Pensjonsforpliktelse i kroner per innbygger, konsern	92 308	99 222	109 214	80 423	91 607

	1160 Vindafj 2015	1160 Vindafj 2016	Kostragr 11 2016	Rogaland 2016	Landet u/Oslo 2016
Brutto driftsutgifter fordelt på utgiftsområder, kommune konsern					
Brutto driftsutgifter, administrasjon og styring, i prosent av tot.brt. driftsutg	6,9	6,8	6,2	5,6	6,4
- herav Brutto driftsutgifter, styring og kontrollvirksomhet, i prosent av tot.brt	0,8	0,8	0,7	0,6	0,7
- herav Brutto driftsutgifter, administrasjon, i prosent av tot.brt. driftsutg.,	6,1	6	5,4	5	5,7
Brutto driftsutgifter, barnehage, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern	11,4	11,5	10	14,5	11,6
Brutto driftsutgifter, grunnskoleopplæring, i prosent av totale brutto driftsutg	22,8	22,1	19,5	21	19,8
Brutto driftsutgifter, helse og omsorg, i prosent av totale brutto driftsutgifter	32,9	33,1	33,7	28,7	31,4
Brutto driftsutgifter, kommunehelse, i prosent av totale brutto driftsutgifter,	0	0	..	..	..
Brutto driftsutgifter, pleie og omsorg, i prosent av totale brutto driftsutgifter	0	0	..	..	..
Brutto driftsutgifter, sosialtj., i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern	3,5	3,7	4,4	4,8	4,7
Brutto driftsutgifter, barnevern, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern	3,5	3,9	3,3	3	3,2
Brutto driftsutg, vann, avløp, renov./avfall, i prosent av tot brutto driftsutg,	2,8	2,4	4,2	4,9	4,7
Brutto driftsutg, fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø, i prosent av tot brutto	1,7	1,6	1,4	1,9	1,6
Brutto driftsutgifter, kultur, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern	2,6	4,5	3,6	4,5	3,7
Brutto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern	1	1	0,8	1	0,9
Brutto driftsutgifter, samferdsel, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern	1	1	1,9	1,5	1,9
Brutto driftsutgifter, bolig, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern	0,7	0,6	1,5	1,7	1,8
Brutto driftsutgifter, næring, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern	0,9	0,8	1,5	0,8	1,3
Brutto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale brutto driftsutg	1,7	1,7	1,5	1,2	1,4
Brutto driftsutg, interkommunale samarbeid (§ 27-samarbeid), i prosent av tota-	0	0	1,8	0,3	0,7
Brutto driftsutgifter, tjenester utenf. ord. komm. ansvar, i prosent av tot brt	0,1	0,2	0,4	0,2	0,4
Netto driftsutgifter fordelt på utgiftsområder, kommune konsern					
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg	8,5	8,5	7,9	7	8,1
- herav Netto driftsutgifter styring og kontrollvirksomhet, i prosent av totale drifts-utgifter	1,1	1	1	0,8	0,9
- herav Netto driftsutgifter administrasjon, i prosent av totale netto driftsutg	7,5	7,5	6,9	6,2	7,2
Netto driftsutgifter, barnehage, i prosent av totale netto driftsutgifter, konsern	12,9	13,2	12,8	17,4	14,6
Netto driftsutgifter, grunnskoleopplæring, i prosent av totale netto driftsutgifter	27,4	26,7	24,2	24,8	24,1
Netto driftsutgifter, helse og omsorg, i prosent av totale netto driftsutgifter,	32,5	33,8	38,5	32,5	36,1
Netto driftsutgifter, kommunehelse, i prosent av totale netto driftsutgifter, kon-	0	0	..	..	..
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg, i prosent av totale netto driftsutg. , konsern	0	0	..	..	..
Netto driftsutgifter, sosialtj., i prosent av totale netto driftsutgifter, konsern	4,4	4,6	5,3	5,9	5,8
Netto driftsutgifter, barnevern, i prosent av totale netto driftsutgifter, konsern	3,4	3,3	3,4	3,4	3,6
Netto driftsutg, vann, avløp, renovasjon/avfall, i prosent av tot netto driftsutg	0,6	0	-0,4	-0,5	-0,6
Netto driftsutg, fys.planl./kult.minne/natur/nærmiljø, i prosent av totale netto drioftsutgifter	1,2	1,3	0,9	1,6	1,2
Netto driftsutgifter, kultur, i prosent av totale netto driftsutgifter, konsern	2,7	4,5	3,4	4,6	3,8
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter, konsern	1,2	1,2	1,2	1,3	1,2
Netto driftsutgifter, samferdsel, i prosent av totale netto driftsutgifter, konsern	1,1	1,2	2,1	1,3	1,7
Netto driftsutgifter, bolig, i prosent av totale netto driftsutgifter, konsern	0,6	-0,3	-0,1	-0,1	-0,1
Netto driftsutgifter, næring, i prosent av totale netto driftsutgifter, konsern	0,6	0,4	0,1	-0,1	0
Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg,	1,7	1,6	1,6	1,3	1,5
Netto driftsutgifter, interkommunale samarbeid (§ 27-samarbeid) , i prosent av totale driftsutgifter	0	0	0	0	0
Netto driftsutgifter, tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvar, i prosent av	0	0	0,1	0,2	0,1



Økonomiske oversikter

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2016	Just budsj 2016	Budsj 2016	Rekneskap 2015
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	24 964 314,82	23 468 903,00	22 826 514,00	22 178 552,36
Andre salgs- og leieinntekter	41 195 442,44	40 049 245,00	41 099 847,00	40 545 559,33
Overføringer med krav til motytelse	95 591 207,25	69 662 580,00	58 251 141,00	91 852 612,32
Rammetilskudd	257 794 835,00	244 749 896,00	239 255 000,00	256 084 062,00
Andre statlige overføringer	16 533 623,00	16 762 000,00	10 377 000,00	12 308 026,00
Andre overføringer	5 936 091,00	-	-	1 826 337,00
Skatt på inntekt og formue	241 047 285,74	255 809 000,00	264 132 000,00	224 844 867,04
Eiendomsskatt	16 865 753,56	16 800 000,00	16 700 000,00	16 590 088,83
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-	-
Sum driftsinntekter	699 928 552,81	667 301 624,00	652 641 502,00	666 230 104,88
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	386 203 202,62	380 246 750,00	371 929 841,00	375 090 114,77
Sosiale utgifter	101 768 553,73	102 235 241,00	107 505 761,00	98 925 429,04
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	82 757 464,85	72 365 648,00	67 422 671,00	76 717 593,11
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	63 171 924,35	54 305 904,00	54 583 022,00	63 734 085,62
Overføringer	52 550 665,51	31 394 264,00	29 303 030,00	37 173 977,12
Avskrivninger	20 311 031,00	18 500 000,00	18 500 000,00	18 517 418,00
Fordelte utgifter	-1 886 765,04	-468 000,00	-185 000,00	-354 604,00
Sum driftsutgifter	704 876 077,02	658 579 807,00	649 059 325,00	669 804 013,66
Brutto driftsresultat	-4 947 524,21	8 721 817,00	3 582 177,00	-3 573 908,78
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	16 755 490,02	11 004 000,00	11 939 000,00	11 665 525,19
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	-	690 000,00	690 000,00	8 000,00
Sum eksterne finansinntekter	16 755 490,02	11 694 000,00	12 629 000,00	11 673 525,19
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	8 024 910,49	9 415 032,00	9 515 032,00	9 521 902,71
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	22 131 355,85	22 217 000,00	22 217 000,00	19 161 399,90
Utlån	-	-	-	-
Sum eksterne finansutgifter	30 156 266,34	31 632 032,00	31 732 032,00	28 683 302,61
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-13 400 776,32	-19 938 032,00	-19 103 032,00	-17 009 777,42
Motpost avskrivninger	20 311 031,00	18 500 000,00	18 500 000,00	18 517 418,00
Netto driftsresultat	1 962 730,47	7 283 785,00	2 979 145,00	-2 066 268,20
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindre-forbruk	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	3 586 954,72	-	1 143 850,00	20 119 037,75
Bruk av bundne fond	14 469 091,23	3 570 954,00	3 438 005,00	5 064 448,99
Sum bruk av avsetninger	18 056 045,95	3 570 954,00	4 581 855,00	25 183 486,74
Overført til investeringsregnskapet	9 031 548,00	7 361 000,00	7 361 000,00	1 353 159,75
Dekning av tidligere års regnsk.m. mer-forbruk	2 014 530,47	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	1 004 560,00	2 565 150,00	-	28 733,43
Avsatt til bundne fond	4 651 116,00	928 589,00	200 000,00	23 749 855,83
Sum avsetninger	16 701 754,47	10 854 739,00	7 561 000,00	25 131 749,01
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	3 317 021,95	-	-	-2 014 530,47

Netto drift pr. eining

	Rekneskap 2015	Regnskap 2016	Just budsj 2016	Avvik	%- forbruk
Administrasjon og fellesdrift					
1005 Politisk	5 046 963	4 840 254	4 652 655	-187 599	104,0
1009 Rådmann	4 883 770	4 493 602	4 702 295	208 693	95,6
1010 Økonomiavdeling	12 841 022	13 666 069	13 560 439	-105 630	100,8
1020 Personalavdeling	6 127 770	7 520 106	7 751 694	231 588	97,0
1030 IKT avdeling	6 996 226	6 989 195	6 883 305	-105 890	101,5
1040 Service- og fellestenester	7 127 690	7 288 567	7 921 773	633 206	92,0
1080 Stabsrådgjevarar	2 644 697	2 795 118	2 989 237	194 119	93,5
1095 Felles Adm og fellesdrift	1 590 072	1 563 667	988 705	-574 962	158,2
Sum	47 258 210	49 156 578	49 450 103	293 525	99,4
Oppvekst og kultur					
1100 Skjold skule	26 896 400	28 321 249	28 384 393	63 144	99,8
1110 Ølen skule	27 290 140	26 392 532	26 496 855	104 323	99,6
1111 Vaksenopplæring	2 804 145	3 814 173	3 851 879	37 706	99,0
1120 Vikedal skule	16 419 350	15 687 527	15 677 225	-10 302	100,1
1130 Vikebygd skule og barnehage	8 301 677	8 434 252	8 474 404	40 152	99,5
1140 Bjoa skule og barnehage	7 170 473	7 845 582	7 554 790	-290 792	103,9
1150 Vats skule	9 054 134	9 071 102	9 261 656	190 554	97,9
1160 Vågen skule	6 529 886	6 921 353	6 944 523	23 170	99,7
1170 Sandeid skule	8 272 040	8 769 916	8 770 056	140	100,0
1180 Imsland skule og barnehage	5 639 047	5 667 047	5 631 630	-35 417	100,6
1210 Sandeid barnehage	7 022 068	7 523 234	7 303 158	-220 076	103,0
1220 Vågen barnehage	5 091 266	5 166 488	5 384 735	218 247	96,0
1230 Vats barnehage	5 504 750	5 800 342	6 093 935	293 593	95,2
1240 Skjold barnehage	10 326 895	10 318 075	10 201 772	-116 303	101,1
1250 PPT	3 765 438	3 823 695	4 036 456	212 761	94,7
1260 Kultur-eining	11 246 081	11 097 970	12 270 044	1 172 074	90,5
1295 Felles Oppvekst og kultur	36 722 414	37 947 000	40 964 637	3 017 638	92,6
Sum	198 056 204	202 601 535	207 302 148	4 700 613	97,7
Helse og sosialomsorg					
1300 Vindafjordtunet	52 769 747	54 464 847	53 492 662	-972 185	101,8
1340 Ølen omsorgssenter	47 154 814	48 280 149	47 359 530	-920 619	101,9
1410 Barnevern	17 943 268	17 960 495	17 029 913	-930 582	105,5
1415 NAV-kontor	17 142 439	22 821 217	22 018 841	-802 376	103,6
1420 Helse og psykiatri	37 653 404	42 045 365	41 666 387	-378 978	100,9
1430 Tilrettelagte tenester	43 231 039	41 890 892	41 854 014	-36 878	100,1
1495 Felles Hels og sos omsorg	-16 936 717	-15 315 594	-14 593 918	721 676	105,0
Sum	198 957 994	212 147 369	208 827 429	-3 319 940	101,6
Forvaltning, drift og utvikling					
1500 Areal og forvaltning	8 932 877	9 249 300	9 234 382	-14 918	100,2
1510 Kommunaltekniske tenester	14 792 329	15 674 764	14 757 372	-917 392	106,2
1515 VAR område	-843 488	-808 226	-991 257	-183 031	81,5
1520 Reinhold	13 149 566	12 980 780	13 390 118	409 338	96,9
1530 Brann og Redning	8 271 965	7 997 261	7 461 041	-536 220	107,2
1595 Felles Forsyning	-	-	310 560	310 560	-
Sum	44 303 249	45 093 880	44 162 216	-931 664	102,1
Totalt	488 575 657	508 999 362	509 741 896	742 534	99,9





10 år

10 år har gått sidan kommunesamanslåinga av Ølen og Vindafjord.

VITAL OG SENTRAL

Vindafjord kommune

Rådhusplassen 1

5580 Ølen

Telefon : 53 65 65 65

E-post: postmottak@vindafjord.kommune.no

Heimeside: www.vindafjord.kommune.no